

«Banneord ruller som en  
dansende engel på tungen min»

*Ei sosiolingvistisk undersøking av bruk  
av og haldningar til banning blant  
ungdom på Jæren*

Anette Bakken



Universitetet  
i Stavanger

Masteroppgåve i lesevitenskap  
Institutt for kultur- og språkvitenskap  
Det humanistiske fakultet

UNIVERSITETET I STAVANGER

Våren 2017



Universitetet  
i Stavanger

DET HUMANISTISKE FAKULTET  
MASTEROPPGÅVE

Studieprogram: Lesevitskap	Vårsemesteret, 2017 Open
Forfatter: Anette Bakken	..... (signatur forfatter)
Rettleiar: Roger Lockertsen	
Tittel på masteroppgåva: «Banneord ruller som en dansende engel på tungen min»: Ei sosiolingvistisk undersøking av bruk av og haldningar til banning blant ungdom på Jæren Engelsk tittel: «Banneord ruller som en dansende engel på tungen min»: A sociolinguistic study of the use of and attitudes towards swearing among youths in Jæren	
Emneord: Banning, tabuord, kraftuttrykk, slang, ungdomsspråk, Jæren, Stavanger	Sidetal: 99 + vedlegg: 9  Stavanger, 11.05.17

# SAMANDRAG

## *Problemstilling*

I denne avhandlinga stiller eg spørsmålet «Kvifor, kva tid og korleis bannar ungdommen på Jæren, og kvifor og kva tid bannar dei ikkje?». For å svare på dette, kartlegg eg kva ord og uttrykk som blir sett på som sterke av jærungdomen, og eg undersøker både kor ofte utvalde ord og uttrykk blir brukte og i kva sosiale situasjonar banning er akseptert. Katalysatoren for avhandlinga var ein myte om at det sterkaste uttrykket ein jærbu kan ty til er «*Kjære folk!*», og eit sentralt spørsmål er difor i kva grad heimstad har noko å seie for om ein person vel å bruke banneord eller ikkje. Eg set geografisk opphav opp mot elementa kjønn, alder og personleg identitet. Empirien tek utgangspunkt i språket hjå ungdomar frå kommunane Stavanger, Hå, Time og Klepp.

## *Metode og data*

Eg nyttar meg av eit elektronisk spørjeskjema for å samle inn data, og studien er altså basert på ungdomane sin sjølvrapporterte språkbruk. Størstedelen av informasjonen som blir henta inn er eit resultat av kvantitativ metode (spørsmål med faste svaralternativ), kombinert med nokre opne spørsmål der respondentane kan kome med eigne refleksjonar kring språkbruken sin. Respondentane er ungdomsskuleelevar og elevar i vidaregåande skule, og dei blei rekrutterte ut ifrå kriteria alder og geografisk tilhøyrse.

## *Hovudkonklusjonar*

Ifølgje analysen er det kroppslege tabuord og religiøse banneord som blir rekna som dei grovaste. Fyrstnemnde skal ein helst ikkje bruke i det heile, og ein skal iallfall ikkje seie dei føre eldre menneske og barn. Men dei blir brukte, og det sterkaste uttrykket ein jærbu kan ty til er såleis ikkje «*Kjære folk!*», men «*Fitte!*». Om ein bruker banneord i lystige setningar, så er det mykje meir akseptert enn om dei blir brukte aggressivt. Faktisk er det rekna som betre å banne i ei positiv setning enn å snakke stygt til nokon utan å bruke tabuord i det heile. Det er mogleg at det finst ein viss geografisk variasjon på landsbasis, men innanfor jærområdet er det fyrst og fremst andre variablar som utpeiker seg, spesielt kjønnsdimensjonen. Mellom anna er det jentene som går hardast ut mot ordet *fitte*. Gutane bannar ikkje meir enn jentene, men jentene har sterkare oppfatningar om korleis dei «bør» snakke, og det kan sjå ut til at jentene opplever større press knytt språkleg framferd enn kva gutane gjer. Det eg likevel kan slå fast om ungdommen på Jæren jamt over, er at dei bannar, og dei bannar grovt.

## FØREORD

Allereie tidleg i prosessen likte eg å samanlikne det å skrive masteravhandling med det å lage, «bryggje» og til slutt føde eit barn. Ein går gjerne optimistisk ut i starten, har nokre opp- og nedturar, og så innser ein at det ein i praksis går og venter på er eit uunngåeleg smertehelvete. Men når berre *den* kneika er forbi, så skal alt bli bra. Og det heile tek (mistenkeleg nok) om lag ni månadar.

Eg skal innrømme at eg eigentleg ikkje visste mykje om den slags når ideen fyrst slo meg (eg prøvde nok berre å vere dramatisk). Men når eg sit her i dag, gravid i 17. veke, vil eg påstå at svangerskapsmetaforen min, iallfall foreløpig, må vere den mest treffande tanken eg har tenkt i mitt liv. Eg kan slå fast at om lag tre fjerdedelar av kjenslene eg har vore borti så langt i graviditeten har urovekkjande mykje til felles med dei som meldte seg i samband med oppgaveskrivinga. Det har vore ein salig berg-og-dal-bane av tårer, frykt, glede, frustrasjon og kvalme, og eg har mine tvil knytt til om eg hadde klart å kome meg gjennom det heile åleine.

Fyrst og fremst må eg få takke dei skulane – spesielt elevane – som er ansvarlege for at eg i det heile har hatt eit materiale å skrive om. Svara dykkar har vore gull! Ein spesiell takk går ut til dei lærarane som rekte ut ei hand på Facebook då alt såg mørkt ut.

Så vil eg takke rettleiaren min, Roger Lockertsen, som har i seg ei heilt eineståande evne til å balansere det å vere «kvass» med det å vere konstruktiv. Eg har ikkje akkurat sprunge ned dørene på kontoret ditt, men dei tilbakemeldingane eg har fått har betydd mykje.

Ida og Amanda: Jobben de har gjort som hobbypsykologar, motivatorar og lattervekkjande pauseinnslag i ein elles av og til traust kvardag, er upåklageleg. Det finst ikkje ord som kan beskrive kor mykje de betyr for meg, langt mindre kor glad eg er for at de ramla inn i livet mitt for fem år sidan. Tusen takk!

Verdas beste Andrias: Eg veit ikkje om du var klar over kva du kasta deg ut i då du bestemte deg for å bli sambuaren min, for med på lasset kom plutselig titlar som privatsjåfør, kokk og snørrørkle. Men trass i det, så har du stått på utan ei einaste mine, og eg håper du veit kor mykje eg set pris på det. Takk for at du er ein klippe, takk for at du alltid får meg til å le og takk for at du let meg drikke vin til frukost under mitt mentale samanbrot og eksistensielle krise morgonen 29.11.16.

Til slutt går ein stor takk ut til alle andre som har kome med støttande ord og gode råd i denne perioden. De er kanskje namnlause her, men vit at det har varma.

Anette, 11. mai 2017

# INNHALD

<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>I</b>
<b>FØREORD</b> .....	<b>II</b>
<b>TABELLAR OG FIGURAR</b> .....	<b>V</b>
<b>1.0 INNLEIING</b> .....	<b>1</b>
1.1 Bakgrunn og aktualisering .....	2
1.2 Problemstilling.....	4
1.2.1 Hypotesar .....	4
<b>2.0 TEORI</b> .....	<b>6</b>
2.1 Sociolingvistikk og pragmatikk .....	6
2.1.1 Sosiolektisk variasjon.....	8
2.1.1.1 Kjønn.....	9
2.1.1.2 Alder: ungdomsspråk .....	10
2.2 Banning, kraftuttrykk og tabuord.....	12
2.2.1 Kva livsområde kjem tabuorda frå? .....	15
2.2.1.1 Religion .....	16
2.2.1.2 Seksualitet og kropp.....	18
2.2.1.3 Kroppsleg avfall .....	19
2.2.1.4 Sjukdom og andre fysiske eller psykiske skavankar .....	19
2.2.2 Klassifikasjonar av banning.....	20
2.2.2.1 Ljung (1987).....	20
2.2.2.2 Fjeld (2001).....	21
2.2.2.3 Språkhandlingar og styrke – i kontekst .....	23
2.2.3 Nestenbanning .....	25
2.2.4 Tabuord og makt .....	27
<b>3.0 METODE</b> .....	<b>30</b>
3.1 Grunnleggjande metodeval.....	30
3.2 Datainnsamlingsmetode: nettbasert spørjeskjema .....	31
3.2.1 Val av respondentar .....	32
3.2.2 Utforming av spørsmål og svaralternativ .....	33
3.2.2.1 Val av ord.....	36
3.2.2.2 Konstruksjon av setningar .....	44
3.2.2.3 Fargekoding .....	45
3.2.3 Gjennomføring .....	46
3.3 Analysemetode.....	47

<b>4.0 FUNN .....</b>	<b>49</b>
4.1 Del 1 av undersøkinga: generell rangering av ord og setningar.....	49
4.1.1 Korleis blir ord og setningar rangerte jamt over? .....	49
4.1.2 Rangeringsvariasjonar med omsyn til heimstad .....	51
4.1.3 Rangeringsvariasjonar med omsyn til kjønn .....	54
4.1.4 Rangeringsvariasjonar med omsyn til alder .....	57
4.2 Del 2 av undersøkinga: bruk av ord i ulike situasjonar.....	59
4.2.1 Korleis er bruken av banneord i ulike situasjonar jamt over?.....	59
4.2.2 Bruksvariasjonar med omsyn til heimstad .....	62
4.2.3 Bruksvariasjonar med omsyn til kjønn .....	63
4.2.4 Bruksvariasjonar med omsyn til alder .....	64
4.3 Del 3 av undersøkinga: haldningar uttrykt med eigne ord.....	64
4.3.1 Kategori 1: Eg bannar ein god del uansett situasjon .....	65
4.3.2 Kategori 2: Eg tilpassar banninga i visse situasjonar .....	67
4.3.3 Kategori 3: Eg bannar sjeldan eller aldri, uansett situasjon .....	73
<b>5.0 DRØFTING .....</b>	<b>76</b>
5.1 Kritisk drøfting av data og moglege tolkingsfeil .....	76
5.1.1 Utfordringar i del 1 av undersøkinga.....	78
5.1.2 Utfordringar i del 2 av undersøkinga.....	80
5.1.3 Utfordringar i del 3 av undersøkinga.....	80
5.2 Drøfting av funn.....	81
5.2.1 «Kjære folk» og andre kraftuttrykk .....	82
5.2.2 Geografisk og sosiolektisk variasjon .....	84
5.2.3 Idiolektisk variasjon og personleg identitet .....	89
5.2.4 Tilleggsfunn .....	92
5.2.4.1 Banning er «stygt».....	92
5.2.4.2 Banning er eit teikn på dårleg ordtilfang.....	93
5.2.4.3 Banning er unaturleg .....	95
5.2.4.4 La oss snakke om fitta .....	96
<b>6.0 AVSLUTNING .....</b>	<b>98</b>
<b>LITTERATUR .....</b>	<b>100</b>
<b>VEDLEGG.....</b>	<b>i</b>
Vedlegg 1: Spørjeundersøkinga.....	i
Vedlegg 2: Førespurnad om gjennomføring av spørjeundersøking (e-post) .....	ix

## TABELLAR OG FIGURAR

<b>Tabell 1:</b>	Gjennomsnittsrangering av ord på ein skala frå 1 til 5 – heimstad.....	52
<b>Tabell 2:</b>	Hyppigaste svaralternativ (1 til 5) – heimstad.....	53
<b>Tabell 3:</b>	Gjennomsnittsrangering av ord på ein skala frå 1 til 5 – kjønn.....	55
<b>Tabell 4:</b>	Hyppigaste svaralternativ (1 til 5) – kjønn.....	55
<b>Tabell 5:</b>	Kategori 1 – «Kvifor banne?».....	65
<b>Tabell 6:</b>	Kategori 1 – «Fått kjeft for banninga?».....	66
<b>Tabell 7:</b>	Kategori 2 – «Kvifor tilpasse banninga?».....	68
<b>Tabell 8:</b>	Kategori 2 – «Blir du "flau" over andre si banning?».....	70
<b>Tabell 9:</b>	Kategori 2 – «Kvifor banne åleine eller saman med vener?».....	71
<b>Tabell 10:</b>	Kategori 3 – «Kvifor la vere å banne?».....	74
<b>Tabell 11:</b>	Kategori 3 – «Reagerer du på andre si banning?».....	75
<b>Figur 1:</b>	Banningstypologi, henta frå Ljung (1987: 35).....	21
<b>Figur 2:</b>	Døme på fargekoding av tabuområde.....	45
<b>Figur 3:</b>	Døme på fargekoding av språkhandling.....	46
<b>Figur 4:</b>	Gjennomsnittsrangering av ord på ein skala frå 1 til 5 – alle respondentar.....	50
<b>Figur 5:</b>	Gjennomsnittsrangering av setningar på ein skala frå 1 til 5 – alle respondentar.....	51
<b>Figur 6:</b>	Gjennomsnittsrangering av ord på ein skala frå 1 til 5 – heimstad.....	52
<b>Figur 7:</b>	Prosent som har svara alternativ 5 – heimstad.....	53
<b>Figur 8:</b>	Gjennomsnittsrangering av setningar på ein skala frå 1 til 5 – heimstad.....	54
<b>Figur 9:</b>	Gjennomsnittsrangering av ord på ein skala frå 1 til 5 – kjønn.....	55
<b>Figur 10:</b>	Prosent som har svara alternativ 5 – kjønn.....	56
<b>Figur 11:</b>	Gjennomsnittsrangering av setningar på ein skala frå 1 til 5 – kjønn.....	56
<b>Figur 12:</b>	Gjennomsnittsrangering av ord på ein skala frå 1 til 5 – skuletype.....	57
<b>Figur 13:</b>	Prosent som har svara alternativ 5 – skuletype.....	58
<b>Figur 14:</b>	Gjennomsnittsrangering av setningar på ein skala frå 1 til 5 – skuletype.....	58
<b>Figur 15:</b>	Bruken av «faen» i ulike situasjonar (%) – alle respondentar.....	59
<b>Figur 16:</b>	Bruken av «fytte» i ulike situasjonar (%) – alle respondentar.....	60
<b>Figur 17:</b>	Bruken av «fuck» i ulike situasjonar (%) – alle respondentar.....	60
<b>Figur 18:</b>	Bruken av «helvete» i ulike situasjonar (%) – alle respondentar.....	60

<b>Figur 19:</b>	Bruken av «jævlig» i ulike situasjonar (%) – alle respondentar.....	61
<b>Figur 20:</b>	Bruken av «satan» i ulike situasjonar (%) – alle respondentar.....	61
<b>Figur 21:</b>	Bruken av «faen» i ulike situasjonar – alle respondentar.....	62
<b>Figur 22:</b>	Bruken av «faen» i ulike situasjonar – heimstad.....	62
<b>Figur 23:</b>	Bruken av «faen» i ulike situasjonar – kjønn.....	63
<b>Figur 24:</b>	Bruken av «fitte» i ulike situasjonar – kjønn.....	63
<b>Figur 25:</b>	Kategori 1 – «Kvifor banne?» (%).....	65
<b>Figur 26:</b>	Kategori 1 – «Fått kjeft for banninga?» (%).....	67
<b>Figur 27:</b>	Kategori 2 – «Kvifor tilpasse banninga?» (%).....	68
<b>Figur 28:</b>	Kategori 2 – «Blir du "flau" over andre si banning?» (%).....	70
<b>Figur 29:</b>	Kategori 2 – «Kvifor banne åleine eller saman med vener?» (%).....	72
<b>Figur 30:</b>	Kategori 3 – «Kvifor la vere å banne?» (%).....	74
<b>Figur 31:</b>	Kategori 3 – «Reagerer du på andre si banning?» (%).....	75



## 1.0 INNLEIING

Banneord er ein ofte mislikt og ignorert del av språket vårt. Orda er gjerne sett på som vulgære, og hyppig bruk av dei kan vere med på å stemple deg som ein person med dårleg språkkjensle. Likevel er fenomenet eit som finst i dei fleste språk i verda – truleg i alle.

Banneord er perfekte når det gjeld å uttrykkje negative sinnstilstandar, som sinne eller frykt, og dei kan vere ein brukbar reiskap om ein ynskjer å støyte vekk folk. Men kanskje nettopp fordi banneord fungerer så greitt når det gjeld å halde folk på avstand, er dei i visse sosiale situasjonar som skapt for å tilverke og styrke venskap og samhald. Vi kan òg finne ein god del kreativ banning som grensar til det poetiske, og i tillegg kan banninga vere eit godt retorisk hjelpemiddel, mellom anna fordi bruken av orda kan få talaren til å verke meir truverdig eller «ekte».

Banning er på mange måtar offisielt fordømt, sjølv om det kanskje kan verke som om dette er i ferd med å mjukne opp. Vi treng ikkje gå mange år tilbake før banneord nesten ikkje var å finne i oppslagsverk, og dei skulle iallfall ikkje nyttast i hytt og vêr på radio eller TV. Eg hugsar godt ein gong eg var på besøk hjå mormora mi, og ho gav ein kommentar om kor mykje dei elles koselege og flotte ski-jentene våre hadde byrja å banne på TV. Alt var betre før, skal de vite. Eg nikka og svara samtykkande at «Ja, eg høyrer det jo eg òg».

Men så byrja eg å tenke over saka, og det slo meg at det kanskje ikkje er så enkelt. Den banninga vi høyrer frå ski-jentene er jo som regel kraftuttrykk botna i gledesrus. Og er det då banning? Består banneord berre av ei fast liste over stygge ord, der funksjon og kontekst ikkje har noko som helst å seie? Det er vanskeleg for meg å tenkje at eit slikt skilje mellom banneord og «vanlege» ord faktisk eksisterer. I tillegg ligg det vel i banneorda sin natur at dei må vere knytt til sterke tabu, og eg er svært skeptisk til at mine (eller ski-jentene sine) tabu er dei same som besteforeldregenerasjonen sine. Kan det ikkje tenkast at grenser kan forskyve seg – fram eller tilbake – eller at ord kan bli «brukte opp»? For meg er det iallfall slik at personar som bruker grove ord heile tida, ikkje gir inntrykk av å ha særleg mykje trykk i banninga si. Men om nemnde mormor plutselig skulle finne på å dra til med ei skikkeleg kraftsalve, *då* kunne vi ha snakka om trykk.

Poenget mitt er at banning er ikkje berre banning. Det er noko fast, men er òg stadig i endring. Det er noko allment, men samtidig personleg. Visse folk enser ikkje orda i det heile, andre blir daudeleg fornærma. Det har til dømes skjedd at folk sør i landet har blitt bøtelagde fordi dei har kalla politifolk for *hestkuk*, medan nordlendingar har gått fri for den same ugjerninga. Banning finst over alt, men det blir ikkje alltid snakka om. Vi høyrer orda og vi

bruker dei, men alle er samtidig klare over at det finst reglar for kor og korleis denne bruken er akseptert og ikkje. Og brot på desse reglane ser ut til å gi den vanlege personen i gata mandat til å kritisere eller sjå ned på deg, viss han eller ho føler behov for det. På den eine sida er dei altså berre ord, men på den andre sida har dei i seg ei heilt unik kraft samanlikna med dei fleste andre orda vi møter eller bruker i løpet av ein dag. Sett på denne måten er banninga nesten magisk. Og er det noko her i verda som er verdt å sjå nærmare på, så må det vere nettopp det.

### **1.1 Bakgrunn og aktualisering**

Det var i hovudsak tre observasjonar som vekka interessa mi for å jobbe med ei oppgåve om banning og kraftuttrykk. Som eg allereie har vore inne på over, så er banning ein del av språket som er spesielt tabu og uglesett, og det var nok fyrst og fremst medvitte om dette som fengsla meg i starten. Det som er forbode er gjerne òg forlokkande.

For det andre er banning – truleg nettopp fordi det ikkje er heilt stovereint – eit område som det er forska relativt lite på. Eit enkelt søk i Oria på emnet «banning», avgrensa til masteravhandlingar, gir svimlande *to* funn på norsk: éi oppgåve frå 2010 og éi frå 2011. Elles har Ruth Vatvedt Fjeld, professor ved Universitetet i Oslo, og språkforskarane Ingrid Kristine Hasund og Tor Erik Jenstad vore viktige pådrivarar når det gjeld norsk forskning på banning, men ut over det er det altså ganske tynt. Og dette – at det er ein såpass stor og viktig del av språket, men likevel ein del som har vore så ignorert – gjorde temaet endå meir aktuelt for meg.

Den tredje grunnen var ein som dukka opp litt seinare, då eg byrja å gå meir inn i kva vinkling eg eventuelt ville ha på oppgåva mi, og denne har å gjere med fordommar knytt til språkbruk. Vi har vel alle høyrte, og teke innover oss, at folk frå nord bannar mykje meir og mykje kraftigare enn folk frå sør. Ruth Vatvedt Fjeld (2002: 153) hevdar følgjande i tidsskriftet *Maal og Minne*:

Det heter seg at folk banner mye mer i Nord-Norge enn ellers i landet. Det spørres om den påstanden holder lenger, de språklige tabuene er i ferd med å forsvinne over hele landet og i nærmest alle stilvarieteteter. Men det er fortsatt lokal variasjon i banneformlenes inventar, som i det øvrige ordforrådet.

I *Språknytt* nokre år seinare gjentek ho den same påstanden, og skriv at «Det fins ingen undersøkelse av dette, men det samsvarer ganske godt med den generelle oppfatningen at folk på Sørlandet jevnt over er mer religiøse enn folk i Nord-Norge» (Fjeld 2004: 32). Tor Erik

Jenstad, forfattern av *Den store norske skjellsordboka*, har vore spesielt engasjert i dette temaet. Han hevdar at trass i folkelege fordommar om at somme landsdelar er betre eller verre enn andre i bruken, så finst fenomenet skjellsord over alt. Og sjølv om det truleg finst ein viss geografisk variasjon i det at dei same skjellsorda ikkje blir nytta over heile landet, så meiner han at det er ei overdriving å tru at folk frå «bibelbeltet» eller Jæren ikkje kan bruke sterke uttrykk (Jenstad 1992).

Som student ved Universitetet i Stavanger, var dette med Jæren sjølv sagt spesielt interessant for meg. Magnus Ljung, professor i engelsk språk ved Stockholms universitet, har skrive boka *Banning i norsk, svensk og 18 andre språk*. I kapittelet om norsk, der Tor Erik Jenstad (1987: 40) har vore gjesteforfattar, blir følgjande myte presentert: «Det eksisterer imidlertid forestillinger «på folkemunne» om at man i visse landsdeler banner mindre enn i andre. For eksempel skal det kraftigste uttrykket jærbuene tyr til, være *Kjære folk!*. Dette stemmer garantert ikke med virkeligheten.» Dette temaet har òg vore aktuelt i *Stavanger Aftenblad*, der Inge Særheim, professor i nordisk ved Universitetet i Stavanger, uttalte at dei absolutt bannar på Jæren, men at bruken av eufemismar kanskje gjer at folk utanfrå ikkje oppfattar orda som banning (Vingerhagen 2000). Det finst altså ein myte som går ut på at folk frå Jæren ikkje bannar, men alle som har uttalt seg om han er ganske einige om at dette ikkje stemmer.

Likevel hadde eg sjølv høyrte ei historie som kunne peike i heilt motsett retning. Ein kjenning av meg kunne fortelje at då han var i praksis ved ein skule på Jæren, hadde han fått tilsnakk av ein eldre lærar då han nytta ordet *jøsses*. Beskjeden var klar: «slike ord bruker vi ikkje her». Har Jenstad rett når han skriv at denne myten *garantert* ikkje stemmer med røynda? Eller er det slik at Fjeld og Hasund er meir på sporet når dei skriv at dette ikkje er blitt forska på, og at Jenstad berre tek det for gitt at det ikkje kan vere slik? *Jøsses* er definitivt ein eufemisme, men ifølgje Særheim bør jo dette vere eit akseptert ord, til og med på Jæren.

Eg bestemte meg for å ta tak i denne myten, og eg ville finne ut kor mykje hald det kunne vere i han. Og eg ville finne ut korleis dette er *i dag* – og korleis det truleg kjem til å vere framover. Eg skulle gjerne likt å kome i kontakt med læraren som ikkje likte ordet *jøsses*, men på same tid trur eg ikkje han vil vere representativt for språket som utviklar seg i 2017. Dei eg er interessert i er ungdomane, det vil seie dei som er ansvarlege for å vidareutvikle språket frå i dag.

## 1.2 Problemstilling

Det eg ynskjer å finne svar på – mitt overordna, abstrakte forskings spørsmål – er dette:

*Kvifor, kva tid og korleis bannar ungdomen på Jæren, og kvifor og kva tid bannar dei ikkje?*

For å presisere dette spørsmålet, arbeider eg med følgjande fire delspørsmål:

1. *Ein gamal myte skal ha det til at det sterkaste uttrykket ein jærbu kan ty til er «Kjære folk». Er dette uttrykket rekna som banning blant ungdom i dag?*
2. *Viss myten om «Kjære folk» viser seg å vere falsk, kva andre ord eller uttrykk blir sett på som sterke av jærungdomen? Kor ofte bruker ungdomane utvalde ord og uttrykk, og i kva sosiale situasjonar er banning akseptert?*
3. *I kva grad verker geografisk opphav inn på bruken av og haldningane til banning? Har det eventuelt noko å seie kor på Jæren ungdomane kjem frå?*
4. *I kva grad verker andre faktorar – kjønn, alder og personleg identitet – inn på bruken av og haldningane til banning?*

### 1.2.1 Hypotesar

Eg ventar å avfeie myten om «Kjære folk». Folk frå Jæren, spesielt dei unge, bannar garantert meir enn dette. Eg trur at dei mest nytta banneorda ganske enkelt er klassikarane *faen*, *helvete*, *satan* og *jævlig*. Eg trur at dei grovaste og minst brukte uttrykka ikkje er dei religiøse, men dei som er knytt til sex og kropp. Når det er sagt, så er eg overtydd om at det ikkje er dei konkrete banneorda som avgjer kor grov eller tabu ei ytring blir oppfatta som, men i staden heile setninga og konteksta ho blir ytra i. Vidare trur eg at jærungdomen bannar mest blant vener eller heilt åleine, og minst når dei er saman med eldre (spesielt besteforeldre) eller framande vaksne.

Eg trur *ikkje* det vil vere forskjellar i banninga basert på kor folk kjem frå. Om eg såg på heile landet, til dømes forskjellar mellom nord og sør, så ville det kanskje ha vore ein del forskjellar, men internt i dette området kan eg ikkje tenke meg noko anna enn at banninga må vere ganske stabil. Eg ventar å finne at gutane bannar litt meir enn jentene, basert på tidlegare forskning, men at dette er noko som er i ferd med å jamne seg ut. Eg trur at ungdom i «protestalder» (ungdomsskulealder) bannar meir enn både yngre og eldre, men at det som til sjuande og sist er avgjerande for kor mykje ein person bannar, er identitet og gruppetilhøyrse. Til dømes vil rånarar og punkarar banne meir enn kristenungdommen, og uavhengig av kva

sosiale gruppe ein høyrer til, vil banningsfrekvensen vere høgast der ein føler samhald med folk rundt.

Desse hypotesane er grunna i tidlegare forskning, vanlege folkelege oppfatningar og egne erfaringar.

## 2.0 TEORI

I dette kapitlet skal eg presentere noka av den forskinga som tidlegare er gjort på området banning og kraftuttrykk. Eg kjem til å kommentere litt undervegs, og skal prøve å vise om eg er einig eller ueinig, men hovudsakeleg fungerer dette kapitlet som eit teoretisk fundament for å kunne vurdere mine egne funn seinare i avhandlinga.

Fyrst vil eg seie noko litt generelt om disiplinane eg jobbar innanfor, og deretter skal eg gå meir spesifikt inn på banning, kraftuttrykk og tabuord. Her går eg mellom anna gjennom ulike definisjonar av aktuelle omgrep, skriv litt om kor tabuorda kjem frå og presenterer ulike måtar som ein kan klassifisere eller forklare banning på. Eg vil òg greie ut om fenomenet nestenbanning, før eg avslutningsvis i kapitlet kjem med nokre tankar kring tabuord og makt.

### 2.1 Sosiolingvistik og pragmatikk

Sosiolingvistar interesserer seg for språket som sosialt og kulturelt fenomen, og ser på samanhengen mellom språkbruk og høve utanfor språket. Dei er fundamentalt opptekne av språkleg *variasjon*, noko som spring ut av at både språket og sosiale og kulturelle høve varierer (Hasund 2006: 12).

Det finst i hovudsak tre ulike måtar som språket kan variere på: geografisk, sosiolektisk og idiolektisk. Fyrstnemnde er talespråkleg variasjon mellom ulike geografiske område, noko som i denne oppgåva vil svare til eventuelle språklege skilnadar mellom jærkommunane. Sjølv om denne kategorien òg dekkjer dialektiskilnadar, er det ikkje dialekt som er viktigast i denne oppgåva. Eg meiner i staden at vi kan snakke om eventuelle sosiolektiske variasjonar som kan vere knytt til kor folk kjem frå, eller kva gruppe dei ynskjer å identifisere seg med. Dette kan verke inn på element som sosial klasse, utdanning, yrke og så bortetter. Innanfor, eller kanskje òg på tvers av, den geografiske variasjonen, finn vi sosiolektisk variasjon. Dette er talespråkleg variasjon mellom ulike sosiale grupper og einskildpersonar, som til dømes skilnadar mellom jenter og gutar. Idiolektisk variasjon er variasjon hjå einskildindividet, altså den måten ein person, medveten eller ei, kan tilpasse språket sitt til ulike situasjonar.

Allan Bell (2014: 131), professor i språk og kommunikasjon ved University of Auckland, er tydeleg på at språket aldri kan eksistere lausrive frå verda rundt: «Language does not occur in a vacuum. It is situated, contextualized. There are speakers and hearers, a time and a place, a topic and a purpose». Eit nøkkelord her, er kontekst. Språket varierer i

høve til den sosiale situasjonen, og ifølgje Gunnstein Akselberg (2008: 135), professor i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Bergen, er denne typen variasjon kalla for *registervariasjon*. Einskildindividet og sosiale grupper har fleire register i registersettet sitt, og det er til dømes vanleg at språkbrukarar skifter register etter kva grad av formalitet kommunikasjonssituasjonen har (Akselberg 2008: 138). I nokre tilfelle skjer dette heilt av seg sjølv, men i andre tilfelle kan slike tilpassingar vere uttrykk for god metaspråkleg bevisstheit og kompetanse. Akselberg (ibid.) skil mellom det å «snakke pent» fordi ein sjølv meiner at nokre språklege former er mindre fine enn andre, og det å leggje vekk former fordi ein trur at andre meiner dei er mindre fine. Og sistnemnde er truleg det mest vanlege. Uansett er det tydeleg at språkbrukarar flest er i stand til å reflektere over kva språklege handlingar som passar seg i ulike situasjonar, og då gjerne med eit skjult føremål om å framstille seg sjølv på ein bestemt måte. Dette er klassisk idiolektisk variasjon.

Når vi snakkar om sjølvframstilling, er det nærliggjande å trekkje koplingar til teoriar om *identitet*, eit omgrep som kjem frå latin og tyder «den same». Ifølgje Brit Mæhlum (2008: 108), professor i nordisk språkvitskap ved NTNU, kan vi rekne med to ulike typar identitet: *personleg* identitet og *sosial* identitet. På den eine sida er ein «den same» som ein sjølv, men på den andre er ein òg «den same» i tydinga «del av eit heile», nemleg det sosiale miljøet. Desse formene for identitet påverkar kvarandre gjensidig. Samtidig er det viktig å peike på at identitet ikkje er noko som er gitt og uforanderleg. Bell (2014: 306-307) hevdar at identitet er dels eit produkt, dels ein prosess. Du kan ikkje bestemme kor du skal bli født, verken sosialt eller geografisk, men du kan likevel vere med på å forme kven du vil vere som person ved hjelp av dei vala du tek undervegs. Desse vala kan vere med på å endre identiteten til ein person ganske gjennomgåande, men dei kan òg vere del av ei midlertidig tilpassing til ein spesifikk situasjon. Her kjem *tilpassingsteorien* inn. Vi varierer talemålet avhengig av kven vi snakkar med, og her finst det to motståande strategiar: anten så *konvergerer* vi, det vil seie at vi på ein eller annan måte legg språket nærmare opp til samtalepartnaren sitt språk, eller så *divergerer* vi, altså at vi opprettheld eller aukar den lingvistiske avstanden til samtalepartnaren (Mæhlum 2008: 112-113). Kva for ein strategi vi vel, avhenger av om vi ynskjer sosial identifisering eller sosial distanse til personen vi samtalar med. Det at ein språkbrukar tek i bruk ein gitt språkleg kode for å signalisere medlemskap til ei bestemt sosial gruppe, er kalla ei integrativ innstilling til språk (Mæhlum 2008: 124). Eit relevant felt her er «performed language», eller performativitetsteori, som fokuserer på korleis språkbrukarar gjer krav på identitetar knytt til faktorar som kjønn eller etnisitet – uavhengig av om denne identiteten er «naturleg» eller ikkje (Bell 2014: 307). Som døme kan eg nemne språkbruk

blant homofile eller transpersonar, der ein gjerne har det som mål å vise fram ein alternativ kjønnsidentitet. Ein kan òg plassere utprega mannleg «machospråk» i same kategori. På denne måten blir språket ein minst like viktig ressurs i framstillinga av eigen identitet som kva klede, hobbyar og musikksmak er.

Pragmatikarar fokuserer på språkbruk og språkbrukarar. I sin smalaste definisjon er dei opptekne av dei aspekta av kommunikasjonsteksta som ligg i sjølve språket, til dømes at kven «ho» tydar i ein diskurs berre kan bli spesifisert ut ifrå konteksta. Meir breitt ser pragmatikarane på dei mange måtane som diskursar er internt organiserte og relatert til konteksta, og interessene overlappar såleis med sosiolingvistisk arbeid med syntaks og diskurs (Bell 2014: 143). Litt enklare sagt handlar pragmatikk om korleis folk (i kontekst) sender ut eller oppfattar språklege handlingar, og det er nettopp dette – *språkhandlingane* – som er relevant for denne avhandlinga. Eg legg altså til grunn at banning og kraftuttrykk kan vere viktige reiskapar for språkbrukarar i ulike kommunikasjonssituasjonar, der orda ein person nyttar, kombinert med situasjonen dei blir nytta i, har direkte innverknad på korleis ei ytring blir oppfatta.

Medan pragmatikarane som regel arbeider med språkhandlingane på eit abstrakt nivå, der dei bruker konstruerte eksempel for å illustrere poeng, er sosiolingvistane meir opptekne av å studere korleis språkhandlingar artar seg i naturlege språkdata (Bell 2014: 144). Men det å avdekkje nøyaktig kva språkhandlingar som blir utførte i ei autentisk ytring, kan vere så godt som umogleg. Dette gjeld spesielt i skriftleg materiale, der konteksten er mindre tilgjengeleg, eller når tolkaren ikkje kjenner talaren personleg. Og dette blei òg ei utfordring for den undersøkinga eg skulle gjennomføre i forbindelse med denne avhandlinga. Som vi skal sjå seinare, så valde eg å konstruere nokre setningar som inneheld banning, og målet med desse var å finne ut korleis respondentane tolka dei – positivt, negativt eller nøytralt. Men trass i at eg sjølv hadde ei formeining om korleis ytringane skulle bli oppfatta, fanst det aldri nokon garanti for at dei personane eg undersøkte ville tolke dei i same retning.

### **2.1.1 Sosiolektisk variasjon**

Som nemnt finst det tre måtar talespråket kan variere på – geografisk, sosiolektisk og idiolektisk – og eg vil forsøke å seie noko om funn knytt til alle dei tre variasjonsnivåa avslutningsvis i avhandlinga. Men før vi kjem så langt, er det viktig å avklare kva det inneber at eg, i tillegg til å undersøkje geografiske skilnadar, har valt å fokusere spesielt på kjønn og alder som sosiolektiske grupper.



Når det gjeld dette med «gruppespråk», så er det fyrst og fremst verdt å stille spørsmål ved sjølve omgrepet. Kjell Venås (1991: 121), lingvist og professor i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Oslo, meiner at ordet «språk» i denne samanhengen er brukt i ei avleidd, ikkje eigentleg tyding. «Ungdomsspråk», til dømes, er ikkje beint fram språk, men heller eit særmerkt ordtilfang og spesielle vendingar som for den som står utanfor kan te seg som slang eller som ein mytisk og rituell bruk av språket. Lars-Gunnar Andersson og Peter Trudgill, språkprofessorar ved høvesvis Göteborgs universitet og University of Essex, deler dette synet. I boka *Bad Lanuage* (1992: 72-73) kallar dei det lingvistisk ukorrekt å snakke om «studentspråk», «advokatspråk», «skurkespråk» og så bortetter. Likevel, hevdar dei, har vi ikkje så mykje anna val enn å bruke desse omgrepa, då det ikkje finst særleg mange alternative uttrykk tilgjengeleg. Eg kjem difor til å bruke omgrep som ungdomsspråk, jentespråk, gutespråk og så bortetter ganske fritt der merkjelappane er naudsynte for å få fram eit poeng.

Ein annan ting eg vil poengtere når det gjeld gruppespråk, er at dei dimensjonane eg har valt å trekkje fram som ekstra viktige – kjønn og alder – berre utgjer ein beskjeden del av identiteten (eller identitetane) som eit menneske har. Etnisitet til dømes, er noko eg ikkje har valt å fokusere på, men som mest sannsynleg vil ha stor innverknad på språkbruken, òg når det gjeld banning. Vidare så *har* eg jo fokusert på heimstad, men geografisk variasjon mellom jærkommunane når det gjeld banning er noko som ikkje har blitt forska på tidlegare. Kjønn og ungdomsspråk derimot, finst det mykje forskning på. Dette gjer at eg har eit sterkare grunnlag for å kunne uttale meg om desse dimensjonane isolert enn kva eg har for å uttale meg om til dømes kjønn kombinert med heimstadkommune, trass i at sistnemnde gir eit meir heilskapleg bilete. På den andre sida meiner eg at det er viktig å ha mest mogleg kontroll på dei dimensjonane vi har oversikt over, for i det heile teke å kunne vurdere dei opp mot det geografiske. Så la oss sjå på noko av det som er relevant å ta med vidare når det gjeld kjønnskildadar og ungdomsspråk.

### 2.1.1.1 Kjønn

Venås (1991: 145) hevdar at utgangspunktet for emnet «språk og kjønn», er tanken om at kjønnskildaden er ein sosial variabel som gir kjennelege utslag i høve til språklege variablar. Han viser til dømes til at det finst samfunn der kvinner og menn bruker ulike element av det same språket for å uttrykkje det same innhaldet. I norsk, eller i liknande samfunn som vårt, er det meir snakk om frekvensskildadar – vi har ikkje eitt ordtilfang for kvinner og eitt for menn,

men kvinner og menn bruker altså visse variantar av språket ulikt mykje. Det er her nemningane kvinnespråk og mannspråk kjem frå.

Kvinner har ein sterkare tendens til å bøye seg for det offisielt godtekne enn kva menn har (Venås 1991: 147). Sett ut ifrå denne observasjonen, er det ikkje overraskande at det er ei vanleg oppfatning at menn òg bannar meir enn kvinner. Ifølgje Ruth Vatvedt Fjeld (2001: 66) skal den danske språkforskaren Otto Jespersen tilbake i 1933 ha hevd at det ikkje låg i kvinna sin natur å bruke stygge uttrykk, men Fjeld nyanserer dette med at det truleg hadde meir med sosiale normer å gjere enn natur. Kvinnene blei møtt med sterkare sanksjonar enn menn om dei var grove i munnen, og ein slik «ukvinneleg» oppførsel kunne dessutan føre til at ein ikkje blei gift. I tillegg hadde nok kvinnene òg større respekt for autoritetar.

Ei anna vanleg oppfatning er at kvinner er meir høflege enn menn, og Venås (1991: 149) tek denne oppfatninga for å vere rett dersom ein definerer høfleg som at kvinner har meir empati, og såleis tenkjer meir på at samtalepartnaren skal kunne halde på «eit positivt andlet». Det kan altså verke som om kvinner fyrst og fremst tenkjer på kjenslene til den andre personen i samtalesituasjonen, medan menn er meir opptekne av kva dei sjølv seier og korleis dei sjølv blir oppfatta. Men det er òg interessant at både menn og kvinner er grovare i ordbruken når dei er saman med sitt eige kjønn enn når dei er saman med det andre kjønn (Venås 1991: 149). Dette har truleg samanheng med at ein som regel er meir avslappa og kjenner mindre behov for å opptre formelt når ein er saman med folk ein føler samhald med.

Sjølv om eg meiner at det er bra å ha denne typen kjønnsteori i botn, vil eg òg nemne at eg er grunnleggjande skeptisk til det å setje likskapsteikn mellom til dømes ei biologisk kvinne og kvinnespråk, eller ein biologisk mann og mannspråk. Eit viktig mål med undersøkinga mi blir difor å prøve å anten bekrefte eller avkrefte desse stereotypiane på eit seinare tidspunkt.

### *2.1.1.2 Alder: ungdomsspråk*

Bell (2014: 195) slår fast at ved sida av kjønn, så er alder den mest fundamentale sosiale faktoren for å studere språkvariasjon. Og på same måte som med kjønn, så er ikkje alder utan tvil forstått som noko biologisk eller «naturleg». Alder er ikkje kontrollert av kronologisk tid, men har sosiale og psykologiske dimensjonar, og blir strukturert og oppfatta forskjellig i ulike kulturar og blant ulike individ (Bell 2014: 196). Dette inneber at aldersdimensjonen samhandlar med alle andre sosiale karakteristikkar.

Ein bruker gjerne alder for å finne skilnadar i det materialet ein skal undersøkje. Men for min del, der heile avhandlinga er basert på ungdomsspråk, vil eg neppe avdekkje så store

forskjellar mellom gruppene. Det eg likevel må tenkje på når det gjeld alder, er kva som er sett på som typisk for fokusgruppa mi som eit heile – kva er normaltstanden for denne aldersgruppa?

Bell (2014: 197) kallar ungdomstida for «a time of rich sociolinguistic creativity and innovation», noko som jo høyrer positivt ut. Men på den andre sida er det ikkje vanskeleg å oppdrive ytringar som viser at språkbruken til dei unge ikkje alltid er like populær. Det stereotypiske ungdomsspråket inneheld gjerne element som slang, banning, småord og framandspråklege ord, og talaren har som regel ein uformell samtalestil, og alle desse stikkorda kan truleg vere med på å skape ein del fordommar. Ingrid Kristine Hasund (2006: 79) har forska spesielt på ungdomsspråk og grov språkbruk blant unge, og ho skriv følgjande om denne stereotypien:

Det er en del av stereotypien om ungdommer at de banner mye og veldig mye mer enn voksne. Jeg kan ikke bekrefte denne stereotypien, først og fremst fordi jeg ikke har tilgang til tall som viser bannefrekvensen hos voksne i tilsvarende situasjoner. Dessuten tror jeg den er feil. Visst banner ungdommene, men det er stor variasjon i banningen hos ulike ungdommer og i ulike situasjoner.

Dette med individuelle variasjonar og situasjonsbestemt banning er eit viktig poeng. I det materialet Hasund undersøkte, kalla UNO-materialet, var det stygge ord i alle samtalane som var spelte inn, hjå begge kjønn og frå både aust og vest i Oslo, men frekvensen av banning var likevel ikkje så kraftig. På den andre sida var det store individuelle variasjonar. Nokon banna mykje, andre banna ikkje i det heile. I tillegg blei banninga vurdert som eitt av dei mest situasjonsbestemte språktrekkja i undersøkinga (Hasund 2006: 87). Når det gjeld slangen, som òg gjerne kan innehalde grove ord og uttrykk, hevdar Andersson og Trudgill (1992: 80) at «it is not correct to regard slang as some kind of adolescent linguistic disease». Dei meiner at vaksne òg bruker mykje slang, men at det sjølvstøtt er individuelt, og det same gjeld for ungdomane.

Men kvifor er det då ein utbredt idé at ungdom bannar «heile tida»? Eit logisk svar på dette kan vere at det verker som om det er meir banning enn det egentleg er, fordi banneorda stikk seg fram med sitt sterke innhald (Hasund 2006: 88). Inntrykket av at ungdomar bannar mykje har med andre ord ikkje berre med frekvens å gjere, men med *styrke* (Hasund 2006: 91).

Ut ifrå det vi har vore innom til nå, kan vi altså slå fast at språket som ungdomane bruker er veldig variert, og vi kan stille spørsmål ved om det finst noko einsarta ungdomsspråk i det heile. Hasund (2006: 9-10) forklarar dette med at det vi tenkjer på som

einsarta, er ein ungdommeleg språkstil snarare enn ungdomsspråk. Ungdomsspråket finst på det konkrete språkbrukarnivået – det er det språket som faktisk blir brukt av ungdomane – og dette er variert. Den ungdommelege språkstilen derimot, eksisterer på normidealnivået, og kan bli rekna for ei slags kollektiv oppfatning av kva ungdomsspråk er. Denne kollektive oppfatninga er basert på språklege trekk som vi tenkjer på som typisk ungdomsspråk. Men i realiteten er språket òg avhengig av andre faktorar, som tilknytning til ulike sosiale miljø – til dømes sossar, rånarar, kristne eller idrettsfolk – og kva rolle ein inngår i – elev, son/dotter, venn, lyttar eller talar og så bortetter (Hasund 2006: 13, 36).

Eit interessant spørsmål når det gjeld ungdomsspråk, er om dei språklege trekka som finst i den ungdommelege språkstilen er uttrykk for generasjonsendingar som ungdomane tek med seg vidare, eller om det berre er eit fenomen som dei adopterer i eit visst tidsrom for så å leggje frå seg når dei blir vaksne. Det går ikkje an å svare sikkert på dette, men viss vi tek med i reknestykket kva *funksjonar* ungdomsspråket kan ha, så er det kanskje eit poeng at språkbruken til ungdomar og språkbruken til vaksne eller barn aldri bør samanfalle heilt. Hasund (2006: 34-35) meiner at språk kan markere samhald til ei ungdomsgruppe ein vil vere del av, og motsett kan språket bli brukt til å markere sin eigen identitet ved å bevisst setje seg utanfor eit språkleg fellesskap, til dømes språket til dei vaksne. Som døme nemner ho ein tenåring som kranclar med foreldra og snakkar ungdommeleg med overlegg for å markere avstand til «fossila» (ibid.). Likevel stiller ho spørsmål ved om slik språkbruk alltid er ei medviten handling, om vi kan bestemme korleis vi skal snakke og så vite på førehand korleis vi kjem til å bli oppfatta. Andersson og Trudgill (1992: 80) har eit poeng som i stor grad svarar bekreftande på dette. Dei argumenterer med at intensjonen bak å bruke slangord ofte er å vere sjokkerande eller løyen, og slike effektar blir ikkje oppnådd utan bevisst innsats. Mange ungdomar har ei slik metaspråkleg bevisstheit, og dei veit at språket deira avvik frå standardspråket (Hasund 2006: 139).

## **2.2 Banning, kraftuttrykk og tabuord**

Kva er banning? Og korleis er eigentleg forholdet mellom banning og andre nærliggjande omgrep som tabuord, skjellsord og slang? I det følgjande skal eg presentere eit knippe av ulike definisjonar som finst på dette området. I tillegg vil eg leggje fram mi eiga forståing av omgrepa, slik at det blir gjort tydeleg for lesaren kva banningskriterium eg har trekt ut som dei viktigaste og som eg då har lagt til grunn for innhaldet i denne oppgåva.

Fjeld (2002: 153) meiner at ikkje alle kraftuttrykk er banning, fordi tradisjonell banning inneber at uttrykket er eit tabubrot der religiøse eller overnaturlige krefter blir

involvert. Ei slik forståing av banning har som konsekvens at til dømes utskjelling ut frå seksuell legning, likskap med kjønnsorgan eller ekskrement ikkje kan reknast som banning. Denne avgrensinga av banneomgrepet kjem òg til syne om vi ser på det etymologiske: «Det norske ordet *banne* kommer fra 'forbannelse', og er i tillegg etymologisk beslektet med 'bønn'. Disse kan ses i sammenheng: en forbannelse kan være en bønn om straff» (Hasund 2016). Ein slik definisjon vil vere for snever for mange andre språk enn norsk, der ord som er knytt til andre tabuområde har status som banning. Og det kan sjå ut til at ei utviding av banneomgrepet mot å inkludere andre tabuområde enn berre det religiøse er i ferd med å skje her til lands òg (Fjeld 2002: 153). At «din fordømde dust» skal vere banning, men ikkje «din forpulte drittsekk», er ifølgje Fjeld (2002: 155-156) i strid med korleis folk flest oppfattar desse ytringane.

Ein annan definisjon går ut på at «[b]anning og andre kraftuttrykk er en spesiell type språkhandling der (sterke) menneskelige følelser kommer til uttrykk» (Fjeld 2001: 64). Men *må* det vere slik? Andersson og Trudgill (1992: 53-54) meiner det er sjølvstapt at banning kan bli brukt for å vise sterke kjensler, men banning er ikkje nøydt til å vere kjensleladd. Det kan òg vere eit uttrykk for stil. Dei slik såleis mellom *emosjonell* banning og banning brukt som ein *stilistisk språkleg markør*. Magnus Ljung (1987: 15) har eit tilsvarande syn, men kallar dei to funksjonane for *aggressiv* og *sosial* banning. I tillegg trekkjer han eit viktig skilje mellom banning (som han kallar emotive uttrykk) og uartikulerte uttrykk som stønn og skrik. Banning kan altså vere uttrykk for kjensler, men talaren har likevel så stor kontroll over kjenslene sine at han klarar å velje bannskap føre ukontrollert brøling (Ljung 1987: 13-14).

Ifølgje Ljung (1987: 19) er banneord ei veldig heterogen gruppe, og det einaste dei eigentleg har til felles er at dei nyttar tabubelagde ord. Og nettopp dette er eit viktig punkt i definisjonen han har laga for banning: banning må innehalde ord som siktar til tabubelagde ting (Ljung 1987: 22-23). Dette kan vere religiøse tabu, sex og kropp, avføring og så bortetter. Vidare må uttrykket brukast i overført tyding for at det skal kunne reknast som eit banneord (Ljung 1987: 23). Ut ifrå desse kriteria kjem han opp med denne definisjonen: «Banning er uttrykk som antas å signalisere visse følelser eller holdninger gjennom bruk av tabubelagte ord i overført betydning» (Ljung 1987: 24). Dei same punkta finn vi hjå Andersson og Trudgill (1992: 53), som definerer banning som språkbruk der ytringa: (a) refererer til noko som er tabu eller stigmatisert i kulturen, (b) ikkje skal bli tolka ordrett og (c) kan bli brukt til å uttrykkje sterke kjensler og haldningar.

Men korleis kan ein vite at det ein person seier ikkje skal bli tolka ordrett? I ytringa «Kyss meg i ræva», er jo *ræva* heilt konkret meint. Ljung (1987: 25-28) sitt svar på dette er at

slike uttrykk, brukt som banning, ikkje er vanlege uttrykk, men i staden eit sett med formlar der dei enkelte orda manglar relevans. Dei er emotive formlar, ikkje ekte oppfordringar. Det vanlegaste signalet for ein motiv kode er å heve stemmen. Då spelar det ikkje lenger noka rolle om ein seier «Dra til helvete!» eller «Dra til Moss!» – begge er signal på sinne og aggresjon. Men det betyr ikkje at valet av banneuttrykk eller tabuord er likegyldig. Det finst nemleg språklege konvensjonar som avgjer kva ein kan seie og ikkje. Vi kan til dømes velje mellom «Kven faen har sagt det?» eller «Kven i helvete har sagt det?», medan «Kven kuken har sagt det?» er ein dårleg konstruksjon. På bakgrunn av desse innvendingane har Ljung laga ein ny definisjon: «Banning forekommer når et tabubelagt ord brukes eller underforstås i en motiv formel og ordet dermed mister sin konvensjonelle betydning» (Ljung 1987: 28).

Kva så med slang og skjellsord? Hasund (2006: 78) skil mellom to typar stygge ord: banneord og tabubelagde slangord. Norsk banning handlar stort sett om religiøse tabu, medan slang er meir knytt til tabuområda seksualitet og avføring. Slangen endrar seg frå generasjon til generasjon, noko som ikkje gjeld for banneorda (Hasund 2006: 79). Det same ordet kan bli nytta som banning og som slang, men her er det bruken som avgjer, då banneord blir nytta i overført tyding. Roper du *drit!* fordi du er sint, er det noko anna enn å bruke ordet *drit* for å beskrive avføring (Hasund 2006: 80). Banning er i tillegg alltid knytt til tabu, medan slang ikkje er avgrensa på den måten (Hasund 2006: 82). Slang kan vere både daglegdags og vulgært språk, og i tillegg er det eit relativt konsept: det som er slang for ein person eller ein generasjon, treng ikkje vere det for ein annan (Andersson & Trudgill 1992: 69-70).

Om ein nyttar slang for å snakke nedsetjande om eller til nokon, er vi over på skjellsorda (Hasund 2006: 82). Hasund (2005: 50) reknar skjellsord som ein sjølvstendig kategori, og ikkje ei undergruppe av banneord (noko til dømes Ljung gjer). I eit uttrykk som «Din helvetes drittsekk» vil *helvetes* vere eit banneord og *drittsekk* eit skjellsord.

Mi forståing av desse omgrepa er knytt opp mot bruken. Eg ser på kraftuttrykk som alle uttrykk som blir nytta for å forsterke det ein seier, anten som utrop eller som del av ei setning, og både som kjensleuttrykk og som sosial markør. Innhaldet i kraftuttrykka er ikkje så viktig – dei kan til og med vere tulleord – men det er viktig at dei består av *ord*, ikkje uartikulerte uttrykk som stønn og skrik. Banneord er dei grovaste av kraftuttrykka, og det viktigaste kriteriet for å bli rekna som eit banneord er at ordet er knytt til noko som er tabu. I norsk vil dette ofte vere religiøse uttrykk, men etter mitt syn gjeld det òg uttrykk som *fitta*, *fuck*, *shit* og så bortetter. Men for at desse skal bli rekna som banneord, må dei bli nytta i overført tyding. Blir dei nytta bokstavleg, hamnar dei i staden over i slang-kategorien. Slang er alternative ord og uttrykk for alt mogleg. Dei treng ikkje vere knytt til tabu (til dømes er

*tyggis* slang for tyggegummi), men dei kan vere det. Det å rope «*fitta!*» som eit kjensleuttrykk ser eg på som banning, men ein kan òg nytte det same ordet nøytralt som nemning for vagina, og då er det slang. Det er altså bruken som avgjer, ikkje berre kor grovt eller vulgært folk oppfattar eit ord, og fordelene med denne forståinga er at skiljet mellom banneord og ikkje-banneord blir mindre subjektivt. Skjellsord er alle ord som er retta mot nokon på ein nedsetjande måte. Desse kan innehalde tabuord, men det er òg utskjelling om ein nyttar sensitive ord som *neger*, *homse* eller *mongo*, eller berre peikar på andre «feil» eller «manglar» hjå ein person. Skjellsord er kanskje eit spesielt kontekstavhengig fenomen, då det kan vere vanskeleg å skilje mellom kva som er vennskapeleg erting eller sjargong og kva som er alvorleg mobbing. Tabuord er alle ord som det er tabu å seie i ein gitt kultur, og alle områda over – kraftuttrykk, banneord, slang og skjellsord – kan innehalde tabuord. Kva som blir rekna som tabu kan vere veldig individuelt, og dette er nok mykje av grunnen til at bruken av orda kan variere i forhold til kontekst, kjønn, alder og så bortetter.

For å vise korleis eg meiner at språkhandlinga er det overordna kriteriet for kva som bør reknast som banning og ikkje, har eg inkludert nokre døme:

Din <i>jævla homo</i>	=	banneord + skjellsord
Di <i>forpulte hore</i>	=	(ikkje-religiøst) banneord + skjellsord
<i>Fittefaen!</i>	=	banneord
Din <i>jævla fittefaen</i>	=	banneord + skjellsord som inneheld banning
Eg slo meg i <i>fitta</i>	=	tabu slangord

### 2.2.1 Kva livsområde kjem tabuorda frå?

Ifølgje Ljung (1987: 29) er spørsmål om tabu og kva som skal bli rekna som det, flittig diskutert i den etnologiske og antropologiske faglitteraturen. Dette er interessant, og seier mykje om kva grunnlag som finst for val av banneord i ulike kulturar. Banneord består av ord som innanfor ein gitt kultur blir sett på som tabubelagde, og valet av tabuord varierer altså frå kultur til kultur. Likevel er mange språk slåande like når det kjem til kva emneområde som blir brukte, og med berre få unntak hentar dei fleste språk banneorda sine frå dei same tre områda: religion, sex og avføring (Ljung 1987: 29-30). I nokre tilfelle kan ein òg oppdrive tabuord knytt til sjukdom eller død.

Det opphavelige sambandet mellom banneordet og det tabubelagde fenomenet er i dag i stor grad forsvunne, og det vi sit igjen med er ei samling ord som språket stiller til rådvelde for dei som vil leggje seg på eit visst stilistisk plan (Ljung 1987: 31-32). Det er truleg lite kunnskap blant folk i dag om opphavet til banneorda, men det treng ikkje bety at krafta til

desse orda er svekkja av den grunn. Tvert imot er det mykje som tyder på at dei banneorda vi nyttar i dag, kjem til å vere i bruk i lang tid framover. Ifølgje Ljung (1987: 32) finst det små moglegheiter for kreativitet i sjølve utvalet av banneord, og nyskapingar blir stort sett til ved at nokon kombinerer allereie eksisterande banneord eller bruker banning i situasjonar der dei ifølgje konvensjonen ikkje bør bli brukte. Dei fleste banneorda er svært gamle, og det er sjeldan at nye folkelege omgrep som dukkar opp for tabubelagde fenomen blir brukte som banneord. Ein skulle kanskje tru at banneorda etter kvart ville bli nytta så mykje og lenge at dei mista all kraft, og at nye og ubrukne tabuområde då måtte bli tekne inn i språket, men dette ser ut til å vere ein feilslått tanke. Unntaket er skjellsorda, og om ein reknar desse for banneord å vere, så kan ein heller seie at det finst ei viss nyskaping (Ljung 1987: 31).

Eg vil i det følgjande gjere greie for fire ulike tabuområde som norsk språk hentar sine banneord frå. Den avgrensinga eg har gjort mellom dei ulike områda skil seg litt frå andre inndelingar eg har sett. For det fyrste har eg valt å skilje mellom «seksualitet og kropp» og «kroppslig avfall», medan andre (til dømes Ljung) har trekt desse i hop og kalla kategorien «sex og avføring». Ja, begge har med kroppslege funksjonar å gjere, men eg meiner at orda som finst i desse kategoriane ber i seg nokre grunnleggjande skilnadar, mellom anna i styrke. For det andre har eg òg valt å inkludere «sjukdom og andre fysiske eller psykiske skavankar» som ein eigen kategori, då iallfall mange skjellsord er henta frå denne typen tabu. Den inndelinga eg har gjort her vil òg vere utgangspunkt for analysen av funna mine seinare i oppgåva.

### 2.2.1.1 Religion

«Du skal ikkje misbruka namnet åt Herren din Gud; for Herren held ikkje den uskuldig som misbrukar namnet hans» (2 Mos 20:7). Eit av dei fyrste og sterkaste tabua i kristen kultur er uttrykt i det andre bodordet. Og i ei tid då kyrkja hadde større makt over enkeltmenneska, var forbodsformuleringa betydeleg sterkare, og angsten for straffa og trua på helvete var stor (Fjeld 2001: 64). Men dette bodordet viser berre bakgrunnen til halvparten av dei religiøse banneorda, nemleg dei som har med Gud og Jesus å gjere. Kva med ord som *faen* og *helvete*?

Religiøs banning i kristne kulturar er prega av den dualistiske kristentradisjonen, med klare kontrastar mellom det gode og det vonde – Gud og djevelen, frelse og fortaping. Banninga tek inspirasjon både frå det guddommelege og Guds motstandarar (Hasund 2005: 18). Dei orda som refererer til djevelen eller tilhaldsstaden hans, er ikkje tabubelagde fordi dei er brot på den andre bodordet. Men her finst det restar av sambandet mellom orda «banne» og



«forbanne», der det å forbanne vil seie at ein ved hjelp av språket påkallar overnaturlege makter for å straffe eit anna menneske (Hasund 2005: 19). Og det kan jo vere nifst nok.

Religiøse tabuord er heilt sentrale i norsk banning, trass i at frykta for himmelsk vrede ikkje er like aktuell lenger. Hasund (2005: 30) stiller spørsmål ved kvifor det er slik, og om banninga i dag kan bli sett på som kulturuttrykk som fortel noko om den norske folkesjela. Ho meiner at fordi banneorda i dag er løyst frå si konvensjonelle tyding, så skal ein vere forsiktig med å trekkje slike konklusjonar. Men på den andre sida er det klart at dei orda som blir rekna som tabu i eit samfunn seier mykje om korleis det samfunnet ser ut. Banninga er ikkje berre eit uttrykk for kven vi er akkurat nå, men viser kva kulturell ballast vi har med oss frå tidlegare tider (Hasund 2005: 31). Den religiøse banninga fortel kva religion som er sentral – til og med kva type kristendom. Katolske og ortodokse land har til dømes banneord knytt til Jomfru Maria, medan vi ikkje har det. I staden kan den norske banninga vise at vi framleis er prega av den pietistiske tradisjonen, med tanke på at mange nordmenn er veldig engasjerte i kva ord ein ikkje bør seie, noko nestenbanninga (jf. kapittel 2.2.3) kan vere prov på (Hasund 2005: 32-33). Det betyr ikkje at vi alle er kristne, men det betyr at vi alle treng å møte kristendommen på ein eller annan måte, med varierende grad av respekt (Hasund 2005: 41).

Ifølgje Tor Erik Jenstad (1987: 43-44) er ikkje den religiøse banninga så sterk lenger. Han kallar ordet *jævlig*, brukt som forsterkar, for eit «danna» banneord. Han meiner at særleg i østnorsk har dette ordet fått ei dempa tyding. Hasund (2005: 37), som nok fyrst og fremst har Sørlandet som utgangspunkt, har eit litt anna syn på saka:

På ett plan er det helt riktig å si at religiøs banning ikke er så ille som før. Jeg tror likevel det er å gå for langt å si at begreper som «misbruk» og «synd» er helt irrelevante for dagens norske kristne når det gjelder religiøs banning.

Her kan det godt vere at det finst forskjellar i korleis folk opplev banneorda si styrke basert på kor i landet dei kjem frå. I tillegg er det jo ikkje slik at alle ord er like stygge – *herregud* eller *jøss* er til dømes oppfatta som ganske milde kraftuttrykk. Ei anna forklaring kan rett og slett vere personleg tru. I samband med defineringa av banning, kraftuttrykk og tabuord i starten av kapittel 2.2, nemnde eg at banneord blir brukte i overført tyding. Når det gjeld den religiøse banninga kan dette vere meir problematisk: blant mange kristne får banneorda sin kraft som banneord nettopp fordi dei *ikkje* kan brukast figurleg (Hasund 2005: 21).

### 2.2.1.2 Seksualitet og kropp

Ifølgje Jenstad (1987: 41) er det lite seksuell ordbruk i norsk banning, sjølv om dei folkelege seksuelle nemningane sjølvsagt er tabuord. Og tabuomgrepet er veldig viktig i denne samanhengen. Tabu er knytt til både ord og handling. Det at noko er tabu treng ikkje innebere at noko er forbode, men det betyr at det er regulert av reglar og restriksjonar. Det er ikkje forbode å ha sex, men det finst reglar for kor og korleis denne aktiviteten skal gå føre seg. Det er heller ikkje forbode å snakke om sex, men det finst reglar for kva ord som er passande å bruke (Andersson & Trudgill 1992: 55-56). I medisinsk samanheng snakkar ein om *samleie* og *penis*, men samtidig har det til alle tider blomstra ein vulgær, folkeleg ordsfatt med omgrep som *knulle* og *kuk*, og det er desse vulgære omgrepa som er tabu og gjer banning til banning (Ljung 1987: 29). Nokre gonger er det til og med tilstrekkeleg om banninga berre siktar til eit tabuord: uttrykket «Stapp han opp!» har det naudsynte sambandet til eit tabuord som gir det status som banning (Ljung 1987: 22-23). Valet av ord er altså brot på «den gode smak». Det som sjokkerer folk er truleg ikkje samanhengen med ordet si opphavslege tyding, men heller det medvitne valet av ei vulgær og «ukorrekt» uttrykksform (Ljung 1987: 30).

At lite av banninga i norsk er relatert til sex og kropp, betyr ikkje at denne typen er heilt fråverande. Ljung (1987: 52) skriv at i Danmark bruker dei variasjonar av *pule* som banneord, men at dette saknar sitt motstykke i svensk og delvis i norsk. Tor Erik Jenstad, som har skrive kapittelet om norsk i den same boka, nemner *forpult* som eit nytt omsetjingslån frå engelske *fucking* (Jenstad 1987: 41). *Forpult* er i dag eit heilt kurant banneord på norsk, i tillegg til at *motherfucker* har blitt eit veldig populært framandord. Ein kan òg høyre denne typen ord i vondsinna ynskjer og forbanningar, og Jenstad (1987: 42) nemner «Gå heim og pul mor di!» som døme. Skjellsord som *horunge* vil òg hamne i denne kategorien. Det som kanskje blir tydeleg med dei sistnemnde døma er at den seksuelle banninga ofte dreier seg om mødrer, ved at dei blir skulda for promiskuitet eller incest. Innan kebabnorsken er dette temaet spesielt utbreidd, og til og med uttrykket «mora di» blir rekna som grovt, då det implisitt tyder «mora di er ei hore». Det er heller ikkje berre muslimske land som ser på denne typen uttrykk som grov banning. I katolsk tradisjon kan mor-elementet faktisk òg sikte til Jomfru Maria, Guds mor, noko som gjer uttrykket endå meir kraftfullt. I nordnorske dialektar er det vanleg å bruke *hestkuk* som skjellsord, og dette er langt frå så sterkt som å halde seg til menneskelege organ (Fjeld 2001: 66).

### 2.2.1.3 Kroppsleg avfall

Nemningar for kroppsleg avfall er ei anna gruppe ord som ofte blir brukt som skjellsord eller andre nedsetjande uttrykk i norsk (Jenstad 1987: 41). Igjen er det brot på den gode smak som er hovudproblemet. Det er ikkje banning å rope ut «Avføring!», og ein skal heller ikkje være for barnsleg – «Bæsj og dra!» fungerer dårleg som banning (Ljung 1987: 29-30). Og på same måte som med det seksuelle, så er det absolutt ikkje forbode å ha normale kroppsfunksjonar, men vi skal helst gøyme oss når vi gjer dei, og om vi må snakke om dei, så finst det reglar for kva ord som er akseptable å bruke (Andersson & Trudgill 1992: 56-57).

Helene Uri (2011: 8) nemner orda *skitt*, *shit*, *scheiße*, *merde* og *mierda* for å vise kor vanleg den avføringsrelaterte banninga er. Dette er høvesvis norsk, engelsk, tysk, fransk og spansk, og alle kan nyttast som banneord. Plassen dette stoffet kjem ut av kroppen er òg hyppig nytta som skjellsord: *rasshøl*. Ordet *shit* har etter kvart blitt eit utbreidd banneord i norsk. Om dette hevdar Hasund (2005: 30) at mange veit at dette er eit sterkt banneord i engelsk, men at likskapen med det relativt uskuldige norske *skitt* gjer at det ikkje blir like sterkt på norsk. Avføring blir òg brukt som forsterkande forledd – *dritbra*. Slike uttrykksformer blir oppfatta meir som sjuskete tale enn som kraftuttrykk, og i visse miljø er denne typen språkbruk så vanleg at det knapt blir registrert (Fjeld 2001: 66).

### 2.2.1.4 Sjukdom og andre fysiske eller psykiske skavankar

Banning knytt til sjukdom har ikkje fått særlig mykje plass i Ljung si bok. Til dømes er *pokker* kategorisert under det religiøse: «Det kan vidare brukas en rekke ord som er synonyme med *faen/djevel(en)*. Mest allmene er nok *pokker/pokker(e)n* (som også brukas i dansk; opprinnelig viser det til sykdommen *kopper*)» (Jenstad 1987: 40). Eg kan seie meg einig i at dette er den kategorien som sikkert inneheld færrest banneord. Men på same tid er kategorien rik når det kjem til skjellsorda! I tillegg meiner eg det blir feil å seie at *pokker* er synonymt med *djevelen*. Ordet dekkjer kanskje same funksjon, men det treng ikkje bety at tydinga er den same. Seinare i boka skriv Ljung (1987: 52) at *pokker* berre blir nytta i graduttrykk i norsk – «pokkers stor». Dette meiner eg òg blir feil, då det er fullt mogleg å nytte *pokker* som eit sjølvstendig utrop.

Direkte forbanningar dreier seg gjerne om det som skjer etter dette livet, men ein kan òg ynskje nokon vondt her på jorda, med sjukdomar, pest og plage (Fjeld 2001: 65). Både polsk og nederlandsk nyttar til dømes sjukdomen kolera som kraftuttrykk (Ljung 1987: 30), og i Noreg har vi altså eit tilsvarande uttrykk i *pokker*. *Pokker* tyder det same som sjukdomen

koppar, ein ofte daudeleg sjukdom som ein ynskte at skulle ramme personen ein forbanna (Fjeld 2001: 65). «Død og pine!» er uttrykk av same typen.

Her er det interessant kor stivna desse uttrykka er. Koppar er langt ifrå så farleg i dag som det ein gong var, og det er kanskje ikkje så vanleg å forbanne folk (i rette forstand) lenger heller. Men på tross av dette finst det altså slike kraftuttrykk som framleis står ved lag i dag.


Elles kan ein skjelle folk ut for nesten kva som helst, her er det berre fantasien som set grenser. Skjellsord tek tak i det som skil seg ut ved ein person og framhevar kor negativt det er, og kan såleis vere med på å skape tabu. Dette er sjølvsagt stygt, men ikkje eigentleg banning. Skjellsord kan handle om til dømes hudfarge (*svarting*), intelligens (*idiot*), fysiske eigenskapar (*fleskeberg*), legning (*sopar*) eller funksjonshemming (*haltepink*). Ved sida av skjellsorda finn vi òg det som er kalla «sensitive ord». Dette er ord som tidlegare har blitt brukte ganske nøytralt, men som dei fleste av oss i dag er einige om at vi ikkje skal bruke, til dømes *neger* eller *mongoloid*. Vel ein å likevel bruke desse, bør ein rekne med at folk rundt vil reagere, nettopp fordi orda er tabu.

### **2.2.2 Klassifikasjonar av banning**

I dette underkapittelet skal eg ganske kort presentere to ulike teoriar som klassifiserer og deler inn forskjellige former for banning. I tillegg skal eg presentere mi eiga inndeling, då eg meiner at ingen andre teoriar eg har lese i prosessen med denne avhandlinga har vore dekkjande nok til å kunne forklare dei viktige sosiale og kontekstuelle sidene ved bannskapet. Mi inndeling er vel å merke ikkje eksklusivt knytt til banning slik som dei to andre, men er i staden ein meir generell forklaringsmodell som tek utgangspunkt i språkhandlingar. Det er denne inndelinga som ligg til grunn for dei setningane som blei konstruerte for undersøkinga mi, noko eg går nærmare inn på i metodekapittelet.

#### *2.2.2.1 Ljung (1987)*

På grunnlag av eit bannemateriale frå USA og sin eigen kjennskap til svensk banning, har Magnus Ljung (1987: 33-38) forsøkt å lage ein «universell» banningsklassifikasjon. Han hevdar at med berre små tilpassingar, så fungerer denne modellen greitt på dei fleste språk som er ganske like med omsyn til språkleg og kulturell bakgrunn.



Figur 1: Banningstypologi, henta frå Ljung (1987: 35)

Klassifikasjonen, eller typologien, skil i første rekkje mellom banning som utgjer sjølvstendige ytringar og banning som ikkje gjer det. Deretter er desse hovudavdelingane delte inn i undergrupper. For dei sjølvstendige ytringane er den vidare inndelinga gjort på grunnlag av banninga sin kommunikative funksjon, om ytringa er retta eller uretta. På denne måten kan ein skilje mellom banning som vender seg direkte mot nokon, og banning som er «utan adresse». Det er utropa, både dei retta (*Din jævel!*) og dei uretta (*Faen!*), som er den mest typiske banningstypen i fleirtalet av dei språka som Ljung har undersøkt. For dei ikkje-sjølvstendige ytringane er det fyrst og fremst setningsfunksjonen som har bestemt den vidare inndelinga. Her går skiljet mellom banning som bestemmer ytringa (*..., for faen*), og banning som fungerer som ein normal del av ei setning, til dømes som substantivbestemming (*jævla idiot*). Banneord som fungerer som setningsdeler blir naturlegvis meir avhengige av strukturen i dei enkelte språka enn kva dei sjølvstendige banneorda gjer. I engelsk kan ein til dømes skyte inn banneord midt i eit ord, til dømes *abso-fucking-lutely*, medan *abso-faen-lutt* ikkje fungerer like bra.

#### 2.2.2.2 Fjeld (2001)

Ruth Vatvedt Fjeld (2001) deler kraftuttrykka inn i fire kategoriar etter bruk: banning som religiøse tabubrot, forbanning, utskjelling og forsterking.

*Banning som religiøse tabubrot* kan bli sett på som ein slags falsk bønn eller ei falsk påkalling. Effekten banneorda har, kjem av at det å seie dei er å bryte forbod eller tabu i den aktuelle kulturen, og i kristen kultur er altså eit av dei største tabua uttrykt i forbodet om misbruk av Guds namn. Kategorien har mykje til felles med dei tabuorda som vi gjekk

gjennom i kapittel 2.2.1.1, altså tabuord som er henta frå det religiøse, men gjeld berre orda knytt til Gud, Jesus eller himmelen, ikkje dei vonde maktene. Både originale påkallingar (*Heilage Gud!*) og omskrivingar (*Helledussen*) høyrer til her. Dette tabuet har ganske svekka effekt i dag, men det finst framleis dei som kan bli støytte av at andre påkallar Gud – med meir eller mindre omskrivingar – i tide og utide.

*Forbanning* har òg rot i religion og overtru, men her handlar det om å be vonde makter om å skade andre, altså det motsette av bønn. Direkte forbanning går ofte ut på å be djevelen straffe han, ho eller det som ein er misnøgd med, og denne forma for banning omfattar uttrykk som vi framleis prøver å unngå i normale daglege omgangsformer, som *faen* eller *satan*. Desse er ganske allment oppfatta som stygge. Men òg her finst det omskrivingar som dei fleste av oss truleg ikkje tenker på som grov banning. *Fy søren* tyder eigentleg *Fy satan*, *Steike* er ei forkorting for «Måtte du steike i helvetes eld», og *pytt, pytt* er eigentleg ei dobbeltvising ein dam med svovel i helvete. Vidare kan ein ynskje folk vondt her på jorda, der *pokker!* er ei forbanning om sjukdomen koppar. Her er det i stor grad snakk om stivna uttrykk.

*Utskjelling* blir brukt til å vise andre forakt og nedvurdering (og kanskje samtidig til å prøve å hevde seg sjølv) ved å kalle dei for stygge ting. Skjellsord skil seg frå religiøse tabubrot og forbanning ved at dei er mindre alvorlege for livet etter dauden, men kanskje desto viktigare i dette. Og medan kategoriane ovanfor stort sett hentar ord frå overnaturlige makter, er det eigentleg berre fantasien som set grenser for kva ord som kan bli nytta som skjellsord. Dei grovaste orda er nok henta frå livsområda kropp og sex. Sjølv om mange har eit liberalt forhold til banning i dag, er det framleis sett på som stygt å kalle nokon for «din kuk», «di fitte», «din homo» eller «di hore» i dei aller fleste sosiale lag. På den andre sida blir verbet «å kødde» brukt i mange samanhengar utan at folk reagerer, truleg fordi det liknar såpass på det engelske *kidding* og fordi samanhengen med testiklar ikkje lenger blir oppfatta. Eit anna område knytt til det kroppslege som er utgangspunkt for skjellsord, er fordøying – avføring og urin. Kor stygt desse orda blir oppfatta er truleg ganske aldersavhengig, då *drit*, *dritt* og *piss* verker å ha vunne stort terreng blant unge, medan vaksne og eldre ofte ser på det som stygg ordbruk. Elles kan ein skjelle ut folk for nesten kva som helst.

*Forsterking* vil seie at ein bruker kraftige ord og uttrykk for å forsterke det ein seier. Denne bruken av kraftuttrykk kan oppfattast både som uvane eller som identitetsmarkering, og sistnemnde gjer at han kan ha mykje til felles med annan slang. Om nokon seier «Vi hadde godt vêr kvar *jævla* dag i påska!», er iallfall ikkje målet å forbanne eller skjelle ut det fine vêret, og då fungerer banninga mest som identitetsmarkering eller markering av

gruppetilhøyrslø. Forsterkingar kan òg vere heile uttrykk som erstattar svakare vendingar for å få meir kraft i det ein seier. Ein kan utbryte «Åjsann!», eller ein kan velje å gå for ei meir tabutynga form som «Shit!». «Eg drit i det» er ei forsterking av «Det kan vere det same». Avføring er òg veldig populært som forsterkande forledd, spesielt blant unge: *dritbra*.

### 2.2.2.3 Språkhandlingar og styrke – i kontekst

Om banneord er klassifiserte som utrop eller forsterking eller religiøse tabubrot, har eigentleg ikkje så mykje å seie for min del. Eg trur at kva språkhandlingar som blir utførte, altså kva intensjon talaren har med ytringa, pluss kontekst og eventuelle feiltolkningar, er det som verkeleg betyr noko. Det er slike tankar som ligg til grunn for både undersøkinga mi, analysen min og vurderinga av funna.

Fjeld (2001: 64) hevdar at kjenslereaksjonar på ord – eit ord sin konnotative eller evaluative verdi – i seg sjølv er uttrykk for haldningar eller verdiar. Men det er ikkje sikkert at dei haldningane eller verdiførestillingane visse ord skaper i éin person, er identiske med reaksjonane hos ein annan. Og det er heller ikkje sånn at eit uttrykk sin evaluative verdi er statisk i språket. *Situasjonen* eit uttrykk blir brukt i, kombinert med *åtferda* til den som snakkar, vil vise kva språkhandling som blir utført.

Ifølgje språkhandlingsteorien så blir ei setning alltid forma på tre plan, noko som eigentleg betyr at det finst tre ulike lag av språkhandlingar som blir utførte samtidig. På det synlege planet finn vi den lokusjonære språkhandlinga – det som konkret blir sagt eller skrive. Under dette finn vi den illokusjonære språkhandlinga, som er *meininga* med det som sagt eller skrive, og kor tydeleg denne meininga blir for mottakaren er sterkt avhengig av kontekst og konvensjonar. Til slutt har vi den perlokusjonære språkhandlinga, som er *verknaden* av det som blir sagt eller skrive, og denne verknaden kan oppstå heilt uavhengig av avsendaren sin intensjon.

I mitt arbeid med banning og kraftuttrykk, har eg opplevd at mykje av litteraturen fyrst og fremst er oppteken av det synlege, altså dei orda og uttrykka vi finn på det lokusjonære planet. Tema som kjensler og identitetsskaping blir sjølv sagt nemnde her og der, men eg har framleis til gode å kome over ein teori som forklarar det implisitte, eller for den saks skuld effekten av uttrykka, på ein klar nok måte. Uttrykket «Dra til helvete» kan bli kategorisert som ei uvennleg oppfordring hjå Ljung, og hjå Fjeld er det ei forbanning. Mitt syn er at det ikkje treng å vere nokon av delane. For når det gjeld bruk av banning og kraftuttrykk, så er det to ting som er viktig å hugse på: for det fyrste er det veldig ofte snakk om stivna uttrykk, lausrive frå sitt opphavslege innhald, og for det andre er det som regel ein del kjensler

involvert, det vere seg sinne, frustrasjon, glede eller humor. Og begge desse forholda gjer at avstanden mellom det som blir sagt eller skrive og *meininga* med det som blir sagt eller skrive, kan vere enorm. I tillegg kan bannskap vere ein rein identitetsmarkør. Uttrykket «Dra til helvete», lausrive frå kontekst, vil nok som oftast bli oppfatta som ei negativ oppfordring. Men avhengig av kven som ytrar uttrykket, til kven og med kva toneleie, kan dette endre seg drastisk. Blant vener kan det til dømes vere ein fleipete gruppemarkør. Eller motsett: ein person kan ha ytra det i beste meining, men fordi mottakaren ikkje var kjend med sjargongen i gruppa, kan han ha oppfatta det i negativ forstand, og den perlokusjonære effekten kan vere at mottakaren blir fornærma.

Når det er sagt, så skal det òg nemnast at det ikkje var mogleg for meg å seie noko om ungdomane si tolking av kontekst i denne undersøkinga. Eg kunne lage setningar ut ifrå tenkte scenario i hovudet mitt så mykje eg ville, men desse kom jo aldri til å bli nøyaktig overførte til elevane. Så i arbeidet med undersøkinga måtte inkludere ein anna teori: plussord, nullord og minusord.

Plussord er positivt lada ord, som til dømes *latter*, *glede* og *solskinn* – ord som vekker varme kjensler hos dei fleste av oss. Nullord er nøytrale ord, utan noko spesiell lading, som *vann* eller *bil*, og minusord er ord som har noko negativt knytt til seg, til dømes *krig*. Når det kjem til banning, så ligg det i banneorda sin natur at dei er minusord, då dei som regel tek utgangspunkt i forbanning. Men i ei fullstendig setning kan det likevel vere at dei andre orda som omringer banneordet er plussord, og min teori er at dette vil kunne endre heile setninga si lading – spesielt i den rette konteksten. Fordelen med eit slikt grunnlag for å utforme og tolke setningar i denne undersøkinga, er at det gir ein nærare kontekst enn den vi treng for å forklare språkhandlingane slik som over. Konteksten er såleis mykje enklare å halde seg til i rein skriftleg kommunikasjon, som i denne oppgåva.

«Jeg kan ikke **fordra** det **kvalme trynet** ditt!» og «Det er *faen* så **digg** med **ferie!**» er to døme på setningar frå undersøkinga mi. Den fyrste inneheld ikkje noko banneord, men har tre minusord. Den andre inneheld eitt banneord, men dette er etterfølgt av to plussord. Eg er overtydd om at sistnemnde setning vil bli sett på som mildare og bli meir sosialt akseptert enn den fyrstnemnde, fordi positiviteten i den nære og konkrete konteksta kring banneordet vil endre mottakaren sitt syn av ytringa som eit heile. Viss dette stemmer, kan det i så fall vere ein indikasjon på at det fyrst og fremst er styrke, ikkje frekvensen av banneord, som avgjer kva språkhandling som blir utført.



### 2.2.3 Nestenbanning

Nestenbanning er ord og uttrykk som hintar til dei «ekte» banneorda, som regel ved at dei byrjar på same forbokstav eller same staving. Elles kan dei òg vere ord og uttrykk som ikkje har nemneverdig formmessig likskap med banneorda, men som blir brukte i dei same situasjonane der mange vil bruke banneord (Hasund 2005: 11-12). Nestenbanning er altså eufemisering – bruk av erstatningsuttrykk som verkar forfinande eller dempane (Fjeld 2002: 158). Her vil konvensjonar om situasjonsbestemt språkbruk spele inn på kva som blir oppfatta som nestenbanning. Både personen som snakkar og dei som høyrer på har visse oppfatningar om kva tid ein bannar i norsk, og viss det i ein slik situasjon kjem eit anna kraftuttrykk i staden for, kan vi definere dette som eit nestenbanneord. Det er altså tilhøyrarane som definerer uttrykket som eit nestebanneord, basert på eit brot med forventningar om eit ekte banneord (Hasund 2005: 53-54).

Nestenbanning er ofte omtala som kristenbanning, og her er det viktig å nemne at det absolutt ikkje berre er kristne som nestenbannar. Men på den andre sida har kristenfolket, ifølgje Hasund (2005: 47), ei heilt sentral rolle i nestenbanninga, både som kreative skaparar av nestenbanneord og som mottakarar av ikkje-kristne si respektfulle nestenbanning. Hovudårsaken til dette er at nestenbanneorda nesten utelukkande har rot i dei religiøse banneorda. Dette er knytt til forbodet om å misbruke Guds namn: folk hadde eit behov for å gi uttrykk for sterke kjensler, så i staden for bruke Gud sitt namn direkte, fann dei som løysing å seie noko som likna (Fjeld 2001: 64). Og det vrimlar av slike uttrykk. Ifølgje Fjeld (2001: 65) er til dømes *helledussen* truleg ein slags barneuttale av «Herre Gud» eller «heilage Gud», altså eit klart brot på det andre bodordet. Om det var Gud eller presten dei prøvde å lure, er ikkje godt å seie. Hasund (2005: 48-49) meiner at noko av det mest interessante når det gjeld nestenbanninga, er at ho paradoksalt nok bidrar til å bekrefte krafta til dei ekte banneorda og deira status som tabuord. Vi kan samanlikne det litt med eit nemningsforbod frå Harry Potter-universet, der ein helst skal byte ut namnet til den vonde Voldemort med «you-know-who». Den utilsikta effekten blir at ein endar opp med å gjere uttrykka endå sterkare, og dei fleste kristne hadde vel gjerne sett at dei ekte banneorda mista all si kraft og forsvann (Hasund 2005: 49).

Det er tydeleg at både stadnamn og vanlege norske namn er rike kjelder til nestenbanneord (Hasund 2005: 55, 58). Døme på slike uttrykk er *hekkfjell*, *søren* og *fy fabian*, som høvesvis spelar på *helvete*, *satan* og *fy faen*. Andre kreative uttrykk er *sofaen*, «*annen i ellefte*» og «*svarte fargeblyantar*». Uttrykket «*gi blaffen*» skal visstnok vere ei omskriving for *blanke faen*, noko svært få er klar over (Fjeld 2002: 160). Det som kanskje blir tydeleg her, er

det finst mange fleire nestenbanneord som hintar til dei vonde maktene enn dei som handlar om Gud, Jesus og himmelen. Ifølgje Hasund (2005: 56) kjem dette av at dei banneorda som har med djevelen og helvete å gjere, blir rekna som sterkare og meir forbodne.

Som nemnt finst det to typar nestenbanning – dei som har formmessig likskap med ekte banneord, og dei som berre blir brukte i same situasjon – og alle døma over høyrer til den fyrste kategorien. Hasund (2005: 65-67) skriv at for kategori to, så vil det vere opp til den enkelte språkbrukar om eit ord eller uttrykk kan reknast som nestenbanning eller ikkje. Her kan det vere snakk om gamle uttrykk som «*milde måne*», «*kjære folk*» og «*splitte mine bramseil*», eller det kan vere heilt daglegdagse ord, til dømes knytt til mat: *pizza*, *pannekake*, «*salte banan*». Om *pizza* hevdar Hasund at ho òg har fått oppgitt dette som ein nestenvariant av *pikk*, altså eit av dei få orda som kan vere erstatning for noko anna enn eit religiøst ord.

Nestenbanninga har dei same to funksjonane som ordentleg banning: aggressiv eller emosjonell nestenbanning og sosial nestenbanning (Hasund 2005: 70). Den sosiale nestenbanninga er ganske sjølvforklarande. Ho *kan* vere eit såkalla kristen-signal, men ho kan òg vere uttrykk for andre kvalitetar, som respekt eller humor (Hasund 2005: 73-74). På same måte som med den ekte banninga, er dette noko som varierer frå person til person. Men er det noko *kraft* i nestenbanninga då? Om dette skriv Hasund (2005: 71-72) at ingen har, biologisk sett, noko behov for å seie akkurat ordet *faen*. Kva banneord vi nyttar, er kulturavhengig, og det at dei ekte banneorda blir rekna som så mykje styggare enn nestenbanneorda, er eit resultat av at den kristne tradisjonen har stempla visse uttrykk som meir tabu enn andre. Men det går altså fint an å nytte nestenbanneord som emosjonelle kraftuttrykk. Dei er kanskje sett på som svakare enn dei ekte banneorda, men av og til treng ein slike ord, til dømes i situasjonar der den ekte banninga ikkje står i forhold til dei kjenslene ein vil uttrykke (Hasund 2005: 72). Og viss ein er ein slik person som stort sett berre nestenbannar i det daglege, så sit ein eigentleg på ein joker. Ingenting har vel betre sjokkeffekt enn når ein person som «aldri» bannar plutselig drar til med eit skikkeleg bøst uttrykk.

Hasund (2005: 85) meiner at på same måte som med den ekte banninga, så vil nestenbanninga fortsette å eksistere, men at grensene for kva som er greitt å seie truleg har flytta på seg. Som døme viser ho til ord som *søren* og *jøss*. I dag er det ikkje mange som reknar desse orda som stygge, men tidlegare fekk ungdomar altså beskjed frå sine kristne leiarar om at dei ikkje måtte bruke desse orda. Og nettopp dette – forbodne ord og makt til å definere dei – er tema for neste delkapittel.

#### 2.2.4 Tabuord og makt

Banning er eit kjent fenomen i dei fleste språk. Til og med teiknspråk og konstruerte språk (som esperanto) inneheld banneord og kraftuttrykk (jf. Østby 2011c og Østby 2011a). Det er i tillegg eit svært gammalt fenomen. Det finst forbod mot denne typen språkbruk i Bibelen, og arkeologar har funne teikn til banning i 3000 år gamle hieroglyfinskripsjonar. Somme vil faktisk òg hevde at det ikkje er ein beint fram menneskeleg syssel. Ein del sjimpansar i fangenskap blei lærte opp til å kommunisere ved hjelp av teiknspråk, men altså ikkje lærte opp i banning. Likevel skapte dei spontant «banneord» ved hjelp av andre ord dei hadde lært. Til dømes kalla ein av apane dyrepassaren sin for «You green shit» (Ljung 1987: 14).

Alle desse observasjonane kan få ein til å tenkje at banning må vere noko som oppstår heilt naturleg og instinktivt. Kva kan i så fall vere grunnen til dette? Richard Stephens, ein psykologiforskar ved Keele University i England, meiner at ein mogleg grunn til at banninga har utvikla seg og ikkje døyrt ut, er at banninga kan dekkje eit reint kroppsleg behov. Opplevd fysisk smerte er éin av grunnene til at folk banner – vi banner gjerne når vi føler avmakt eller manglande kontroll, når vi blir sinte eller når noko gjer vondt (Graven 2009). Og etter å ha blitt inspirert av kona sin fødsel, bestemte Stephens seg for å sjå nærmare på nettopp dette (Nilssen 2009). Saman med nokre andre forskarar klarte han å bevise at folk blei i stand til å halde handa si i ei bøtte med isvatn lengre om dei banna, samanlikna med om dei roppte ut andre tilfeldige ord. Konklusjonen var at banning ikkje berre utløyser ein kjenslemessig respons, men òg ein fysisk ein, ved å auke hjarterytmen og dermed setje i gang kroppen sitt naturlege svar på ein akutt stressituasjon (Graven 2009).

Men viss banning både er naturleg og kan vere nyttig i visse situasjonar, kvifor er det då så uglesett? Kven er det som har bestemt at nettopp desse orda skal vere forbodne? I boka *Jæren syng i merg og minne: mitt eige morsmål slik eg har høyrte det og brukt det* (1998: 46-48) skriv Tobias Skretting om ordet *fitta* og andre kroppslege tabuord at «Dei lever på ein underleg måte eit lydlaust tilvære, i beste velgående. Alle kan dei, men ingen brukar dei, ideelt sett». Han undrar seg over kvifor nett desse folkelege, norske orda har blitt stempla som vulgære ved sida av til dømes latin, og meiner det er uttrykk for språkleg maktbruk der overklassen har teke strupetak på det ekte og lokale. Han viser til at folk i gamle dagar hadde eit mykje meir avslappa forhold til kroppsfunksjonar og seksualitet og språkbruken knytt til dette enn kva folk har i dag, og hevdar at «*tertefine* og *puritanske* synsmåtar kom nok først og fremst frå embetsstanden og *pietistiske* prestar, seinare også frå lekfolket».

Om Skretting ville ha sagt det same om dei religiøse banneorda, er sjølvsagt ikkje sikkert. Men at det strengt religiøse livet på Sørvestlandet utover 1800-talet førte til

dramatiske endringar i folk sitt daglege virke og språk, er ikkje til å stikke under ein stol. Dei lokale haugianarane kravde at alt folk gjorde og sa, skulle ha ei religiøs meining, og med Bibelen i handa gjekk dei til angrep på alt dei meinte var ukristeleg og djevlesk (Langhelle 2013). Og viss vi kan snakke om ein overklasse som har teke strupetak på det ekte og lokale, bør vel dette i høgaste grad òg gjelde for den religiøse disiplineringa.

Dette er heller ikkje berre noko som skjedde ein gong for lenge, lenge sida. Framleis finst det dei som ser det som si oppgåve å verne befolkninga mot det dei meiner er forkasteleg språkbruk, noko debattar kring banning på TV kan vere eit godt døme på. Eigentleg er det ikkje vanleg med sensur av banning i Noreg. Men fordi TV3 sender frå Storbritannia, kan dei til dømes ikkje la nokon bruke ordet *pule* i sine sendingar før eventuelt etter klokka 21.00, og viss det skjer må ordet erstattast av ein pipeljud. Verken TV2 eller TVNorge følgjer ein slik praksis, og kommunikasjonsdirektøren i TVNorge, Ditlef Meyer Jacobsen, meiner at pipinga heller verker mot si hensikt, då det blir meir fokus på kva som egentleg blir sagt (Amdahl, Bergmo & Hverven 2010). Likevel finst det grupper som er sterkt ueinige i dette. Generalsekretær i den kristne organisasjonen Familie & Medier, Bjørn Olav Hammerstad, uttalte i eit intervju med NRK at pipinga med på å markere at dette er ord som ein ikkje ynskjer å formidle til målgruppa. I tillegg gjer ho at kvaliteten på programmet blir redusert, noko som i neste rekkje gjer det ulønsamt for produsentane å la folk banne i sine programmer (ibid.). I 2009 overleverte den same organisasjonen 2300 underskrifter til NRK frå folk som meinte at språket på TV var blitt for grovt. Dette fekk Ruth Vatvedt Fjeld, språkkonsulent for NRK, til å reagere. Svaret hennar var at folk flest ikkje bryr seg særleg om banning i NRK, og at det berre er kristenfolket, borgarskapet og dei gruppene som tabua eventuelt går ut over som reagerer. K-rådsmedlem Grethe Fossum gjekk òg sterkt ut, og sa at ho ikkje ville la kristenfolket og borgarskapet bestemme kva ho kunne seie og ikkje. Ho fokuserte i tillegg på at banning er ein viktig del av til dømes ungdomsprogram, og at NRK må appellere til målgruppene sine på ein reell måte (Johansen 2009).

Men så kan vi spørje oss om det verkeleg er så svart-kvitt. Er det nok å setje det rå og instinktive opp mot religiøse dogme og borgarlege normer? Kan det ikkje her vere ei tredje retning, nemleg ei som går på sosial kompetanse, uavhengig av religiøse grunngevingar?

Den danske psykologen John Aasted Halse skriv i boka «*Fuck dig!*» – om børns og unges sprog overfor hinanden og de voksne (2006) om kvifor vaksne ikkje utan vidare bør akseptere at barn strør om seg med stygge ord. Han peiker mellom anna på viktigeita av å lære barn kva språk dei kan bruke i visse miljø, då evna til å følgje dei ikkje-uttalte reglane for språk på ulike sosiale arenaar avgjer om ein person blir sett på som sosialt kompetent eller

ikkje. Det handlar altså ikkje om å la vere å bruke grovt språk fordi ei overnaturleg makt har bestemt at du skal undertrykkje ufromme tankar og ynskjer, men fordi språket er med på å avgjere kven som er «innanfor» og kven som er «utanfor». Dette betyr ikkje at all banning eller grov språkbruk skal vere forbode, men det betyr at språket bør vere *regulert* til ei viss grad, noko som for dei fleste er einstyndande med grunnleggjande oppseding.

Ifølgje Ruth Vatvedt Fjeld (2004) er konvensjonar naudsynte i alle samfunn, og utan reglar for kva ein kan gjere eller ikkje gjere, blir det vanskeleg å få samværet med andre menneske til å gli. Når det gjeld språkbruk er det difor viktig å få fram at banning ikkje berre utgjør ein trugsel frå høgare makter, men at det òg kan føre til utstøyting frå samfunnet. Det same meiner professor ved Sosialantropologisk institutt ved NTNU Jan Brøgger. Han hevdar at tabua tek vare på tanken om kva som sømer seg, og set heilt naudsynte grenser: seksualiteten er ei livsfarleg kraft som må kontrollerast, både i åtferd og i språk, viss ikkje så går samfunnet i knas (Olstad 2003). Halse (2006: 13) set dette greitt på spissen med setninga «Kan man kalle henne ludder, kan man vel også ta på henne?».

Dei fleste barn har ein periode der dei testar ut bruken av tabuord, og dei er som regel opptekne av både kva ord og kva situasjonar som fører til reaksjonar frå dei vaksne. Og det er nettopp dette som er poenget med den sosiale kompetansen: viss dei sosiale antennene fungerer, så veit ein kor grensene går, og ein held seg som regel innanfor desse i det daglegdagse livet. Den språkleg «undertrykkande» makta er såleis ikkje berre religiøs eller «borgarleg», men kan vere ei sjølvregulering som oppstår hjå individet etter kvart som det veks opp og internaliserer normene i det aktuelle samfunnet. Banning kan vere naudsynt for å spegle røynda, det kan vere morosamt og sosialt, og det kan tydelegvis òg gi fysiske utslag. Men vi må ikkje gløyme at språk ikkje alltid er like uskuldig, og det finst nok meir eller mindre høvelege situasjonar for banning som for alt anna.

### 3.0 METODE

Undersøkingar er baserte på spørsmål, altså noko ein ynskjer å finne ut av, og før ein får svar på desse spørsmåla vil ein gjerne setje i gang med ulike spekulasjonar om korleis ting heng saman. Men ein kan likevel ikkje uttrykkje at ein *veit* noko om ei sak før ein har konfrontert dei aktuelle spørsmåla og spekulasjonane med røynda. Dette kan ein gjere ved å foreta ei empirisk undersøking, altså ei undersøking av korleis forholda faktisk er (Jacobsen 2005: 13-14). I ein slik prosess er det alltid ein viss fare for at truverdige og gyldige resultat kan bli påverka av det som er kalla for ein undersøkingseffekt, altså at resultatata ein kjem fram til ikkje er reelle, men i staden er skapte av undersøkingssituasjonen i seg sjølv (Jacobsen 2005: 18-19). I boka *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (2005) listar Dag Ingvar Jacobsen opp totalt åtte fasar som han meiner at ei undersøking bør gå gjennom for å hindre at undersøkingseffekten blir øydeleggjande. Dette kapitlet tek utgangspunkt i fem av desse fasane, der eg i tur og orden vil gjere greie for dei avgjerla eg har teke på kvart trinn i prosessen.

Dei to fyste fasane eg skal ta føre meg, er «val av undersøkingsopplegg» og «val av metodisk tilnærming». Desse vil eg gjere greie for i kapittel 3.1, som handlar om grunnleggjande metodeval. I kapittel 3.2 er det «val av datainnsamlingsmetode» som står i fokus, medan «val av respondentar» blir gjennomgått i underkapittel 3.2.1. Etter dette kjem nokre underkapittel om utforming av spørsmål (3.2.2) og gjennomføring av spørjeundersøkinga (3.2.3). Til slutt, i kapittel 3.3, tek eg føre meg «analyse av data».

#### 3.1 Grunnleggjande metodeval

I den fyrste fasen, «val av undersøkingsopplegg», må ein bestemme seg for om ein vil gå i breidda eller i djupna, og om ein skal ha eit beskrivande eller eit forklarande opplegg (Jacobsen 2005: 87). For min del så var det viktig å kunne generalisere funna frå undersøkinga til ei viss grad. Dette krev eit utvida tal på respondentar, noko som vanlegvis òg fører med seg at ein ikkje har moglegheit til å gå så veldig i djupna. I tillegg ynskte eg jo å samanlikne banninga i dei ulike kommunane, og då er det gjerne ein fordel å gå i breidda. På den andre sida var det likevel klart for meg at opplegget mitt ikkje kunne bli fullt ut breiddebasert, og det var hovudsakleg to grunner til dette. For det fyrste var eg ikkje sikker på kor mange respondentar eg i det heile ville få tilgang til, og det skal ganske mange personar til for at eit utval skal bli sett på som stødig og representativt. Og for det andre hadde eg i tillegg eit ynskje om å stille nokre spørsmål som gjekk meir i djupna enn eit reint ekstensivt opplegg

skulle tilseie. Så det eg enda opp med til slutt er det vi kan kalle for eit «blanda opplegg», altså ein kombinasjon mellom dei to ytterpunkta. Når det gjeld motsetnadsparet beskrivande/forklarande, hadde eg ein likande tankeprosess. Ut ifrå problemstillinga mi var det tydeleg at eg ynskte å sjå på korleis ting er i dag, altså beskrivande for situasjonen på Jæren *nå*. Det mest nærliggjande var då å velje ein metode der eg kunne observere røynda på eit gitt tidspunkt, og eventuelle forklaringar på *kvifor* ting er som dei er måtte eg heller prøve å kome fram til på andre måtar, til dømes gjennom litteratur. Men på same tid meinte eg det ville vere interessant å høyre om ungdomane hadde opplevd å få kjeft frå til dømes eldre menneske for språkbruken sin, og dette kunne kanskje vere med på å kaste lys over eventuelle endingar over tid. Alt i alt falt eg ned på eit opplegg som stort sett var beskrivande, men som samtidig ikkje stengde heilt for forklarande funn.

Det neste steget i prosessen er «val av metodisk tilnærming», altså valet mellom kvantitativ og kvalitativ metode. Fyrstnemnde er spesielt nyttig om forskaren har god kjennskap til temaet på førehand og problemstillinga er klar, og metoden er perfekt når det kjem til å beskrive hyppigheita eller omfanget av eit fenomen (Jacobsen 2005: 124). Dataa er lette å behandle og strukturere, og resultatata kan få høg ekstern gyldigheit. Kvalitativ metode gir innblikk i korleis folk tolkar og forstår eit gitt fenomen, og er veldig nyttig om ein vil klarleggje eit uavklara tema eller få fram eit nyansert bilete av temaet (Jacobsen 2005: 131). Såleis var begge metodane interessante for mi problemstilling, og heldigvis er det ikkje slik at ei kvantitativ og ei kvalitativ tilnærming er gjensidig utelukkande. Sjølv om dei kanskje er ytterpunkt på ein skala, så går det fint an å plassere seg ein plass i midten, og det som er kalla for «blanda metode» viste seg å vere ei god løysing for mi problemstilling. Då kunne eg få tak i dei tala eg trengte for å kartleggje språkbruken jamt over, samtidig som eg kunne opne for tilgang til detaljar og nyansar som er nesten umogleg å få tak i ved rein kvantitativ metode.

### **3.2 Datainnsamlingsmetode: nettbasert spørjeskjema**

Fase tre er «val av datainnsamlingsmetode». Og då eg byrja å gå gjennom diverse måtar å skaffe materiale til prosjektet mitt på, viste det seg raskt at spørjeskjema over internett var eit godt alternativ. Ikkje berre hadde eg tilgang til ein gratis leverandør av spørjeskjema via Universitetet i Stavanger (SurveyXact), men det var òg ei rekkje andre innlysande fordelar å hente. For det fyrste er slike elektroniske undersøkingar definitivt raske og effektive. For det ande så var målgruppa mi ungdom, og då var det innlysande ein fordel å gjere det elektronisk. Og sjølv om det kan vere ei utfordring at svarprosenten for spørjeskjema på nett statistisk sett ofte er veldig låg, så var det til stor nytte for meg at eg skulle gjennomføre undersøkinga via

skulane. I tillegg er det positivt at undersøkingar på nett ikkje påverkar intervjusituasjonen like mykje som til dømes eit fjes-til-fjes-intervju vil gjere. Nettbaserte undersøkingar vil som regel òg vere meir oversiktelege enn papirundersøkingar, då ein kan tilpasse skjemaet sånn at bestemte svar ekskluderer seinare ikkje-relevante spørsmål. Til sist er det klart at den opplevde anonymiteten ved slike undersøkingar er svært stor, noko som kan føre til meir ærlege svar. Når det gjaldt varigheita på undersøkinga, var eg veldig merksam på at dei eg skulle intervju, eller rettare sagt dei som disponerte tida til dei eg skulle intervju, truleg ville vere meir villig til å delta om eg ikkje tok opp for mykje av tida deira. Så eg peila meg inn på ei ganske kortvarig undersøking, på om lag ti minutt. I forhold kor open eg skulle vere om intensjonane mine, er det klart at det er etisk riktig å vere ærleg, men på same tid ynskte eg ikkje at respondentane skulle kjenne på trongen til å «justere» svara sine etter korleis dei til dømes ville framstille sin eigen heimstad. Så eg bestemte meg for at det var best å vere open om at eg forska på banning blant ungdom, men ikkje at eg skulle sjå på forskjellar mellom dei ulike kommunane, kjønnsforskjellar og aldersforskjellar.

### **3.2.1 Val av respondentar**

Dei personane ein er interessert i å uttale seg om, er kalla for den teoretiske populasjonen (Jacobsen 2005: 276), og i mitt tilfelle ville det svare til absolutt alle ungdomar busett i dei åtte kommunane som utgjer Jæren. Her seier det seg sjølv at det ikkje var mogleg for meg å få tak i alle, så eg måtte gjere eit utval. Eg fant ut at den mest praktiske måten å få kontakt med ungdomane på var via skulane – plassen der personar frå alle typar sosiale grupper, jenter og gutar, er samla på same stad. Men òg her hadde eg langt mindre oversikt og «makt» enn eg kunne tenkt meg å ha, då det var opp til skulane (rektorar og lærarar) å avgjere om dei i det heile var interesserte i å la elevane deira delta. Det eg *visste* at eg måtte ha, var respondentar frå fleire jærkommunar, så eg starta med å søkje opp skular i kommunane Stavanger, Hå, Time og Klepp. Og sidan det var ungdomar eg var ute etter, laga eg lister over potensielle ungdomskular og vidaregåande skular i dei utvalde kommunane. Dermed hadde eg nokon lunde oversikt over bustad og alder hjå dei aktuelle respondentane, men når det gjaldt kjønnsfordeling og talet på elevar, kunne eg ikkje gjere stort anna enn å sende ein førespurnad til skulane og håpe på at så mange som mogleg ville seie ja (jf. kapittel 3.2.3).



### 3.2.2 Utforming av spørsmål og svaralternativ <sup>1</sup>

Spørsmåla i undersøkinga mi blei konstruerte med utgangspunkt i det eg ynskte å få svar på, nemleg om det finst nokon forskjell mellom jærkommunane når det gjeld bruken av og haldningane til banning, eller om det er andre faktorar som avgjer. Men ei problemstilling er gjerne abstrakt og generalisert, og eignar seg som regel ikkje som eit spørsmål til respondentane i seg sjølv. Når ein skal samle inn data er det difor viktig å konkretisere det ein ynsker å få greie på, og ein må gjere det same med svaralternativa. Det vil seie at ein må lage målbare delspørsmål, som i eit samla heile vil kunne svare på problemstillinga (Jacobsen 2005: 236-237).

I mitt tilfelle var det to hovudtypar av svaralternativ som var aktuelle, nemleg kategorisvar og rangordna svar, pluss at eg òg inkluderte kommentarfelt for opne svar. Med kategorisvar tvingar ein respondentane til å gjere eit klart val mellom alternativ, og svara blir nytta for å gruppere respondentane i ulike kategoriar. Rangordna svar måler visse nyansar i svara, og er eit forsøk på å måle intensiteten i enkelte forhold. Medan kategorisvara berre viser om svara er like eller ulike, vil rangordna svar òg seie noko om *kor* ulike dei er, og ein kan få oversikt over til dømes hyppigheit, intensitet og vurdering (Jacobsen 2005: 241-243). For begge desse typane finst det to grunnleggjande krav: svaralternativa må vere utfyllande (alle relevante svar må vere lista opp) og kategoriane må vere gjensidig utelukkande og ikkje overlape kvarandre (Jacobsen 2005: 245-246). Når det gjeld dei rangordna svara er det i tillegg eit krav at alternativane er balanserte, altså at avviket er like stort på begge sider av midtpunktet (Jacobsen 2005: 246-247). På ein skala frå éin til fem vil talet tre svare til eit nøytralt standpunkt, medan dei resterande (éin, to, fire og fem) viser ulik styrke i meiningar for og imot. Dette betyr ikkje at ein *må* inkludere nokon midtkategori, det kjem an på kva ein skal måle, men talet på kategoriar på kvar side av midten må iallfall vere like mange. Viss til dømes «ofte» og «aldri» er ytterpunkt på ein skala der ein målar frekvens av banning, er det strengt teke berre naudsynt med to ekstra kategoriar. For om ein bruker oddetal (tre eller fem alternativ), står ein i fare for at nesten alle som deltek endar opp med å setje kryss i midten.

Det fyrste punktet i undersøkinga mi er nokre enkle bakgrunnsspørsmål – variablar eg treng å ta omsyn til for å vite korleis eg skal tolke dei dataa som kjem seinare i skjemaet. Det viktigaste her er å kunne skilje mellom kor respondentane kjem frå, altså kva jærkommune dei høyrer til. Men her slo det meg at det ikkje var tilstrekkeleg konkret å spørje kor dei bur, då haldningar til språk handlar om meir enn kor ein har sin nåverande postadresse. Det handlar

---

<sup>1</sup> Merk at spørsmåla i undersøkinga er skrivne på bokmål, då det ikkje var før på eit seinare stadium i skriveprosessen at eg gjekk over til nynorsk. Sjå vedlegg 1.

om *stadidentitet*. Dette er kanskje spesielt aktuelt med tanke på at dei eg skulle intervjuje er elevar. Ein elev kan til dømes nyleg ha flytta frå Klepp til Stavanger for å byrje på vidaregåande skule der, men det betyr ikkje at han då automatisk vil få eit nytt forhold til språket. Så eg valde å dele dette spørsmålet inn i to, nettopp for å plukke opp slike nyansar: «I hvilken kommune ligger skolen din?» og «Hvilken kommune ser du på som «hjemme»?». Vidare ville eg òg ha greie på alder og kjønn, for å sjå om desse faktorane kan spele noka rolle, slik tidelegare forskning ser ut til å vise. Aldersforskjellen er vel å merke ikkje så veldig stor i denne gruppa uansett, men eg tenkte det godt kunne vere at det var forskjell mellom ungdomstrinnet og vidaregåande. Alle desse spørsmåla fekk kategorisvar som alternativ, altså at respondentane måtte velje anten eller. Einaste unntaket er at eg la til ein «anna»-kategori på spørsmålet om kva dei såg på som «heime», i tilfelle nokon hadde flytta langveis frå.

Etter bakgrunnsspørsmåla, kjem dei spørsmåla som går direkte på banning og kraftuttrykk. Desse er delte inn i tre delar, som kvar har sin funksjon:

Del 1 går på haldningar til banning, der respondentane skulle rangere eit utval ord og setningar etter kor stygge eller støytande dei meinte dei var.<sup>2</sup> Heile poenget med å lage delspørsmål er å konkretisere, og kva er vel meir konkret enn å ta utgangspunkt i konkrete ord? Vurderinga blir gjort på ein skala frå 1 til 5, der 1 er svært milde ord og 5 er svært stygge ord, altså rangordna svar med midtpunkt. Det fyrste spørsmålet er «Kryss av for hvor stygge eller støtende du mener disse ordene er», medan det andre er «Kryss av for hvor stygge eller støtende du mener disse setningene er». Det at eg har inkludert både isolerte banneord og banning i heile setningar, gjer at eg kan sjå om det er banneorda i seg sjølve som er støytande, eller om kontekst er meir avgjerande. Eg skriv meir om dette i delkapitlet om konstruksjon av setningar (jf. kapittel 3.2.2.2). Formålet med denne delen av undersøkinga er å sjå om det vil vere nokon forskjell mellom korleis ungdom frå dei fire kommunane vurderer dei ulike orda. Er det til dømes slik at nokre ord er gjennomgåande milde i Stavanger, medan dei blir strengare vurderte sør på Jæren? Eller er det kanskje likt, medan kjønnsfaktoren gir eit anna utfall?

Del 2 handlar om bruk av banning i ulike situasjonar, og han tek opp det sosiale aspektet ved banning. Éin ting er å banne når ingen høyrer på, eller når ein er i lag med likesinna vener, men mange vil meine at så fort ein er omgitt av framande, barn eller eldre, så er det andre reglar som gjeld for kva som er lov å seie. På mange måtar handlar dette om sosial intelligens og folkeskikk, ikkje berre ordtilfang og personlege språkpreferansar, og eg

---

<sup>2</sup> Grunngeving for kva ord og setningar eg har teken med her kjem i kapittel 3.2.2.1 og 3.2.2.2.

ville sjekke om dette er noko som artar seg ulikt mellom folk frå forskjellige stadar. Her var tanken at den allmenne norma om «korrekt» språkbruk kanskje ville variere avhengig av kulturen der respondentane kjem frå. Det er fem spørsmål i denne delen, der kvart spørsmål tek føre seg ein spesifikk sosial situasjon: «Hvilke av disse ordene bruker du når du er helt alene (hvis du f.eks. slår tåa i bordkanten eller opplever annen frustrasjon)?», «Hvilke av disse ordene bruker du når du er sammen med nære venner?», «Hvilke av disse ordene bruker du når du er sammen med familien i hjemmet (foreldre/søsken)?», «Hvilke av disse ordene bruker du når du er sammen med andre voksne/eldre i familien (f.eks. besteforeldre eller tanter/onkler)?» og «Hvilke av disse ordene bruker du på offentlige steder, der du gjerne er omgitt av barn, eldre mennesker og andre fremmede (f.eks. på bussen eller i butikken)?». Banneorda som er med i denne delen er nokre av dei mest frekvente i norsk språk, altså dei mest typiske banneorda: *faen*, *helvete*, *jævlig* og *satan*. I tillegg valde eg å inkludere orda *fuck* og *fitte*, då eg rekna med at det ville vere på sånne ord eg verkeleg ville få sjå utslag i bruken mellom dei ulike situasjonane. Her valde eg å bruke kategorisvar *utan* midtpunkt («ofte», «av og til», «sjelden», «aldri»), då eg ville tvinge dei til å velje side.

Del 3 i undersøkinga går meir i djupna på respondentane sin språkbruk, og er i stor grad knytt til spørsmåla i del 2. Her fell deltakarane inn under éin av tre kategoriar: 1. «Jeg banner en god del uansett situasjon», 2. «Jeg banner når jeg er alene eller sammen med venner, men jeg begrenser språkbruken i visse situasjoner (på offentlige steder, sammen med eldre mennesker, barn osv.)» eller 3. «Jeg banner sjelden eller aldri, selv om jeg er alene eller sammen med venner». Avhengig av svaret deira her, blir dei sendt vidare til spørsmål som er aktuelle for deira kategori. Her er spørsmåla opne, slik at dei skal svare med eigne ord i kommentarfelt. Opne svaralternativ bryt eigentleg med kvantitativ metode si hensikt, nemleg å samle inn standardisert informasjon. Men det finst likevel to tilhøve der ein bør nytte seg av opne svar: når ein ikkje har oversikt over alle tenkelege svar, eller når talet på tenkelege svar er så stort at ein treng fleire sider for å liste dei opp (Jacobsen 2005: 250). Hjø meg var begge desse tilhøva aktuelle (i tillegg til at eg allereie tidleg i prosessen hadde bestemt meg for å nytte meg av blanda metode).

Kategori 1 (dei som bannar ofte) har to spørsmål: «Hvorfor banner du?» og «Har du opplevd å få «kjeft» for språkbruken din? I så fall, fra hvem?». Målet med desse spørsmåla er fyrst og fremst å få innblikk i ungdomane sitt eige forhold til banning, men òg korleis dei opplever at andre rundt dei ser på fenomenet, noko som kanskje kan gi ein indikasjon på generelle haldningar i nærområdet.

Kategori 2 (dei som bannar, men tilpassar seg) har tre spørsmål: «Hvorfor begrenser du språkbruken din i visse situasjoner?», «Blir du "flau" om du er sammen med venner som ikke begrenser seg i slike situasjoner?» og «Hvorfor banner du når du er alene eller sammen med venner?». Det var i denne kategorien eg venta at størsteparten av respondentane ville hamne, og målet med spørsmåla er å finne svar på korleis ungdomane vurderer den personlege trongen til å nytte tabuord og banning kontra det å tilpasse seg samfunnet sine normer for «korrekt» språkbruk, og eg vil forhåpentlegvis kunne avsløre kor djupt dette dilemmaet stikk på dei ulike stadane.

Kategori 3 (dei som ikkje bannar) har to spørsmål: «Hvorfor banner du ikke?» og «Blir du irritert/reagerer du hvis du hører andre banne, eller tenker du ikke så mye over det?». Igjen er det sosiale eit viktig aspekt, og eg ynskte å sjå på kor støytt ikkje-bannarane eigentleg blir av andre sin grove språkbruk. Er det slik at dei som tilpassar språkbruken sin gjer rett når dei tolkar det slik at ikkje-bannarar helst vil unngå å høyre banning, eller hadde dei kanskje ikkje trengt å vise fullt så mykje omsyn? I tillegg kan det konkrete talet på dei som hamnar i denne kategorien, kryssjekka med heimstad, kjønn og klassetrinn, forhåpentlegvis seie noko om kva slags personar som vel å unngå grov språkbruk, og kvifor.

### 3.2.2.1 Val av ord

Etter at eg hadde bestemt meg for kva spørsmål eg ynskte å få svar på, var det på tide å velje ut nøyaktig kva ord eg skulle ta med i undersøkinga, pluss kva type setningar dei ulike orda skulle inngå i. I fyste omgang skreiv eg opp alle banneord eg kom over i litteraturen, ord frå eget hovud og ord eg blei tipsa om frå folk rundt meg. Denne prosessen resulterte i ei opphavelig liste på nærmare 80 ord, og eg skjønnte at eg burde kutte ned til omkring ein fjerdedel av dette for at undersøkinga skulle bli nokon lunde overkommeleg for dei som skulle svare på ho. Dei mest opplagte orda som fekk vere med vidare var dei som er mest frekvente i norsk banning. Hasund (2005: 26-27) fortel om ein busstur på veg heim frå jobb ein dag, der ho blei ståande inneklemt i ein ungdomsgjeng, og det slo ho kor enkelt bannerepertoaret til ungdomane var:

De bannet som enhver gjennomsnitts nordmann har gjort i generasjoner: av selvstendige ytringer gikk det stort sett i *Faen, Helvete, Herregud*, og når det gjaldt uselvstendige banneord var det i grunnen bare *jævlig* som ble brukt. Alt var *jævlig*: det var *jævlig* trangt og *jævlig* varmt i bussen, som for øvrig ble kjørt av en *jævlig* dårlig bussjåfør, men heldigvis skulle de på en *jævlig* bra fest med noen *jævlig* kule folk, så det ble nok *jævlig* gøy!

Som nemnt i teorikapitlet, er norsk banning i hovudsak knytt til det religiøse. Så dei orda Hasund skriv om her, pluss *satan*, blei dei eg fyrst bestemte at måtte vere med i undersøkinga mi. Deretter laga eg eit fargesystem (jf. kapittel 3.2.2.3) over dei resterande potensielle orda, slik at eg lett skulle klare å sjå kva tabuområde dei stamma frå, og eg passa på å inkludere minst eitt ord frå kvart område. Så blei resten av orda plukka ut som variasjonar av dei eg allereie hadde teke med, som kontrollord eller som eufemismar som eg antok at ville bli oppfatta som mildare enn dei opphavelege banneorda, og eg inkluderte i tillegg nokre ord som ikkje eigentleg er tabuord i det heile. Eg enda til slutt opp med ei liste på 24 ord, og i det følgjande skal eg prøve å seie litt meir om kvart av desse orda og om kvifor nettopp desse slapp gjennom nålauget. Her er dei sorterte etter kva område dei høyrer til. Dei femten fyrste er *religiøse* banneord (fem frekvente, eitt kontrollord og ni eufemismar), deretter kjem fire ord knytt til *kroppslig avfall*, to ord knytt til det *seksuelle*, eitt som har med *sjukdom* å gjere og to kraftuttrykk som *ikkje* inneheld tabuord. Definisjonar/etymologi er henta frå *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka* på nett.

**Faen** (maskulinum/interjeksjon, frå *fanden*, som truleg kjem frå frisisk *fannen* ‘freistar’):

*Faen* er eit av dei vanlegaste banneorda på norsk, og det var difor sjølv sagt at dette måtte bli med. *Faen*, *fanden* og *fan* er andre ord for djevelen. *Faen* er nok det banneordet i norsk som opptre i flest snille utgåver, det vil seie omskrivingar, av ordet (Uri 2011b). Eg har inkludert omskrivingane *fanken* og *fasiken* som kontrollord.

**Jævlig** (adjektiv/adverb, frå *djevlig*, eigentleg genitiv fleirtal av svensk *djävul* ‘djevel’):

Ifølge Ljung (1987: 30) blir den religiøse banninga i dag rekna som ganske mild, medan dei andre typane har halde fram med å ha stor kraft. Likevel meiner han at det finst ei sentral gruppe av banneord som ikkje let seg forklare på denne måten, nemleg dei som er knytt til djevelen: *faen*, *jævel*, *jævlig*. Her verker det som om det stilistiske og sosiale aspektet veg tyngre enn den opphavelege religiøse tydinga. Vi har jo òg ord som *djevel* og *djevelsk*, men desse er ikkje like kraftfulle som *faen* og *jævel*. *Djevel* og *jævel* har dessutan så forskjellige bruksområde i dag at det nært sagt ikkje dreiar seg om det same ordet lenger. Eg inkluderte difor både *jævlig* og *djevelen* i undersøkinga mi, og i tillegg har eg teke med *grevlig/grevla* som kontrollord.

Men kvifor *jævlig* framfor *jævla*? *Jævlig* er rett og slett eit meir allsidig ord. Ifølgje lingvist Pål Kristian Eriksen (2016) er *jævlig* er eit vanleg adjektiv, som beskriv det substantivet det står til, medan *jævla* derimot er ein emotiv pragmatisk

partikkel, som uttrykkjer talarens (oftast negative) kjensler ovanfor det han eller ho snakkar om. *Jævlig* kan brukast i dei same syntaktiske posisjonane som andre adjektiv, medan *jævla* er utestengd frå fleire av desse. I tillegg kan *jævlig* uttrykkje gradbøying, noko som ikkje gjeld for *jævla*.

**Helvete** (nøytrum/interjeksjon, frå norrønt *helvíti* av *hel* ‘død’, ‘dødsrike’ og *víti* ‘straff’):

Djevelen sin tilhaldsstad, men òg eit av dei mest frekvente banneorda i norsk, og difor måtte det vere med i undersøkinga. Eg har inkludert eufemismeverisjonen *helsike* som kontrollord.

**Herregud** (interjeksjon, frå gamaltysk *herro*, komparativ av *her* ‘fornem’, og *Gud*):

*Herregud* er eit frekvent kraftuttrykk frå det religiøse området. Sjølv om ordet kanskje ikkje er sett på som så veldig sterkt i dag (av mange er det ikkje sett på som banning i det heile), så representerer *herregud* faktisk sjølve definisjonen av banning: falsk bønn og misbruk av Guds namn. Eg tok ordet med i undersøkinga fordi eg ville sjå kor svekka det faktisk har blitt.

**Satan** (maskulinum/interjeksjon, gjennom latin, frå hebraisk ‘fiende’):

*Satan* er namnet på djevelen, og opphaveleg har det blitt brukt som ei påkalling av vonde makter. Det er lite truleg at folk faktisk er ute etter å forbanne sine medmenneske og skaffe hjelp frå djevelen eller andre demonar når dei nyttar dette ordet i dag, men kanskje kan det framleis ha ein liknande funksjon for ein person som nettopp har slått tåa si og treng å forbanne eit bordbein. Det kan òg brukast reint forsterkande, til dømes «Det er satans varmt ute». Uansett så er det teke med i undersøkinga fordi det er eitt av dei vanlegaste banneorda i norsk, og eg har inkludert *salan* og *søren* som kontrollord.

**Djevelen** (maskulinum, frå norrønt *djøfull*, via gamalengelsk og latin, frå gresk *diabolos* ‘forfører’, ‘baktalar’, etter hebraiske *satan* ‘fiende’):

*Djevelen* er gjerne meir oppfatta som eit namn enn som banning. Eg har teke ordet med i undersøkinga for å kunne samanlikne det med *jævlig*, som eigentleg er same ordet, men *jævlig* er meir populært nytta som banneord enn kva *djevel* er. Etter mitt syn har ikkje «Din jævel» eller «Den jævelen» same innhald som til dømes «Du er ein

liten djevel» – sistnemnde verker nærmast søtt. *Djevelen* er altså teke med som eit kontrollord (jf. *Jævlig* over).

**Fanken** (maskulinum/interjeksjon, truleg med lågtysk diminutivsuffixs *-ken*, av *faen*, *fan*):

*Fanken* er teke med i undersøkinga som ei omskriving av *faen* (jf. *Faen* over). Ordet dekkjer dei same bruksområda som opphavsordet, utan å vere eit like tydeleg banneord: «Det var då som fanken!», «Fanken så bra!».

**Fasiken** (interjeksjon, eufemistisk omlaging av *faen*):

*Fasiken* er det same som *fanken*, nemlig eit typisk mildt «f-ord». I starten vurderte eg å setje *fanken* og *fasiken* saman i undersøkinga, men eg trur det kan vere dialektalt om ein nyttar det eine eller det andre. Eg snakka med nokon frå området, og dei meinte at dei heller ville ha sagt *fasiken* enn *fanken*, trass i at det berre er sistnemnde som er normert. Så då fekk begge orda plass i undersøkinga, som kontrollord for *faen* (jf. *Faen* over).

**Fytti** (interjeksjon, samantrekning av *fy* og *til*, frå norrønt *fy*: lydord som refererer til ein spyttelyd, brukt ved avsky eller klandring):

*Fytti* er i kombinasjon med andre ord ein veldig populær og utbreidd bannemetode, på same måte som ein kan seie «*fy faen*»: «*fytti katta*», «*fytti pølsesnabb*» (Uri 2011d). Men det kan òg bli brukt åleine, og eg har merka meg dette ordet brukt som ei erstatning for «*fy faen*» både titt og ofte etter at eg flytta til Rogaland. Så eg valde å ta *fytti* med i undersøkinga for å sjekke kor grovt dette blir vurdert samanlikna med *faen*.

**Hekkan** (substantiv/adjektiv/interjeksjon, eufemistisk omlaging av *helvete*):

Ifølgje Hasund (2005: 63-64) er det mange nestenbanneord som byrjar på *he-*, og truleg fordi *helvete* er ein stad, er stadnamn blitt ein vanleg kjelde til nestenbanning. *Hekkan* kan vere ei direkte omskriving av *helvete*, men det kan òg stamme frå stadnamnet Hekkfjell (som òg blir nytta som nestenbanneord): «Dra til Hekkfjell!». *Hekkan* finst ikkje som oppslagsord i ordboka, men ytringar som «Hekkan så bra!», «Hekkans regnvær!» og «Dei driv med hekkan» er vanlege å høyre her i Rogaland. Det finst til og med ein restaurant i Sandnes kalla Hekkan Burger. Eufemismen *hekkkan* er altså teke med av to grunner: for det fyrste fordi det vil vere interessant å sjå om han

blir oppfatta som banning, og for det andre fordi eg har opplevd ordet som særskilt aktuelt for dette området.

**Helsike/helsiken** (substantiv/interjeksjon, eufemistisk omlaging av *helvete*):

Igjen så har vi med eufemismar å gjere, og desse to er laga på same måte som *hekkan*. I tillegg har dei nokre likskapar med eufemismane *fanken* og *fasiken*, så det kan vere interessant å sjå korleis desse orda blir vurderte i forhold til kvarandre. Fordi innhaldet er likt, men det kanskje kan variere kva form ein nyttar, valte eg å setje *helsike* og *helsiken* saman i undersøkinga. Begge desse orda er truleg mindre brukte i Stavangerområdet enn kva *hekkan* er. Men fordi dei ligg endå tettare opp mot *helvete*, med heile tre like bokstavar, så ville eg undersøke om dei av den grunn òg blir oppfatta som sterkare.

**Jaggu/neigu** (interjeksjon, samantrekning av *ja* og *Gud* eller *nei* og *Gud*):

*Jaggu* eller *neigu* høyrer ikkje til dei sterkaste banneorda, og det er nok mange som ikkje ser på dei som stygge i det heile. Men frå gamalt av er orda altså klare brot på det andre bodordet, om dei ikkje blir nytta i from forstand. Eg har ein teori om at veldig mange ikkje lenger er klar over kor desse orda kjem frå, så eg valde å ta dei med for å sjå om det framleis finst nokon der ute som vil rangere dei som stygge. Om jærpietismen framleis har greip om dei unge i dag, så må det jo vere på nettopp denne typen ord. Eg sette *jaggu* og *neigu* saman i undersøkinga fordi orda har same opphav og bruk.

**Jøss/jøsses** (interjeksjon, eufemistisk omlaging av namnet *Jesus*):

På same måte som med *jaggu* og *neigu*, er det nok mange som ikkje ser på *jøss* og *jøsses* som banning. Men orda kjem altså frå namnet Jesus, og på grunn av treeinigheita er bruken av desse òg brot på bodordet om å ikkje misbruke Guds namn. Igjen er det å sjekke grada av pietismerestar på Jæren grunngjevinga for å ta orda med i undersøkinga. Eg sette *jøss* og *jøsses* saman fordi orda tyder det same.

**Salan** (interjeksjon, eufemistisk omlaging av *satan*, frå hebraisk ‘fiende’):

*Salan* er ei omskriving av *satan*. Eigentleg er det jo det same ordet, og det blir stort sett brukt på same måte, men det manglar altså ei strek over t-en. Eg inkluderte *salan* i undersøkinga mi fordi eg ville finne ut kor mykje mildare enn originalen ein



eufemisme kan bli berre ved hjelp av ei så lita endring. I tillegg er ordet eit hyppig brukt kraftuttrykk i Rogaland.

**Søren** (interjeksjon, mannsnamnet Søren brukt som eufemistisk omlaging av *satan*):

Det er sikkert ikkje mange som ser på dette ordet som banning – det er jo eit namn! Men når det kjem til innhald og bruk, så svarer *søren* altså til ei påkalling av djevelen, og eg tok det med i undersøkinga som eit kontrollord (jf. *Satan* over).

**Drit** (maskulinum, av norrønt *dríta* ‘ha avføring’ eller *drítr* ‘skitt’, ‘skam’) og

**Dritt** (maskulinum, same tyding som *drit*):

*Drit* finst ikkje som oppslagsord i bokmålsordboka, berre i nynorskordboka, og motsett finn ein ikkje *dritt* i nynorskordboka. Sjølv om ordet er eit substantiv, blir det ofte nytta som forsterkande forledd i adjektiv. Det interessante med dette at *drit*- med lang vokal ofte blir nytta som positiv forsterkar (*dritforelska*, *dritbra*, *dritkult*), medan *dritt*- med kort vokal som regel forsterkar noko negativt (*drittunge*, *dritthumør*, *drittjobb*). Difor måtte begge orda vere med i undersøkinga, og fordi bruken ser ut til å vere såpass ulik, måtte dei òg få kvar sin plass, altså ikkje berre bli skilde med skråstrek. *Drit* og *dritt* er ikkje av dei grovaste kraftuttrykka å rekna, men dei er begge frekvente ord i norsk språk, og eg ville ha med begge for å sjekke om det var nokre skilnadar mellom dei.

**Shit** (maskulinum/interjeksjon, engelsk for *drit(t)* eller *skitt*):

*Shit* har blitt dokumentert nytta som skjellsord så langt tilbake som i 1508, då diktaren William Dunbar skreiv «[Thou art] a schit» (Uri 2011a). Men sjølv om det er eit gammalt ord, er det framleis rekna som svært grovt i engelskspråklege land. I Noreg har *shit* blitt eit populært lånord, og den engelske versjonen blir gjerne nytta parallelt med *skitt* eller *drit(t)*. Det er hovudsakleg to grunner til at eg valte å ta med *shit* i undersøkinga mi, og ikkje *skitt*: for det fyrste opplev eg at folk som regel skriv *shit* oftare enn dei skriv *skitt*, og for det andre meiner eg at orda har litt ulike bruksområde, sjølv om dei blir uttalte likt. *Shit* blir som regel omsett til *faen* i norsk teksting av engelsktalende filmar, og *shit* er eit ganske vanleg kraftuttrykk i engelsk. Eg mistenkjer at mange ungdomar i dag har henta dette ordet herifrå, då bruken ofte tilseier at innhaldet er *faen*, ikkje gjørme. I tillegg ynskte eg å inkludere eit par engelske banneord, då desse har komen ganske sterkt inn i språket dei siste åra, og *shit*

er difor teke med i undersøkinga saman med *fuck*. Dette gjer at eg kan undersøke korleis dei engelske banneorda blir vurderte i forhold til dei norske.

**Piss** (nøytrum, truleg gjennom fransk, frå latin eller ljodord som refererer til urinerings):

Å seie *piss* er ikkje eigentleg banning, men det er heller ikkje ein særleg smakfull måte å ordleggje seg på. Og hugs at i samband med denne undersøkinga er det ikkje samtalar om urin eg er interessert i, men heller uttrykksmåtar som «Det smakte piss» eller «Han snakka berre piss». Eg trur ikkje *piss* er eit like frekvent ord som til dømes *dritt* eller *shit*, men eg tok det med fordi det ville vere interessant å sjå om det finst nokre forskjellar mellom dei ulike orda knytt til kroppsleg avfall, eller om dei skårar ganske likt.

**Fitte** (femininum/maskulinum, kanskje i slekt med norrønt *fita* ‘fet væske’, ‘fett’ eller *fit* ‘engstykke ved vatn’, det vil seie ‘noko fuktig og glinsande’):

Andreas Østby (2011b) kallar *fitte* for det mest brukte seksualbanneordet og den vanlegaste stygge nemninga for det kvinnelege kjønnsorganet. Men eg vil påstå at det er langt ifrå alle som meiner at ordet beint fram må vere knytt til noko «stygt». Sjølv om mange nyttar *fitte* som skjellsord eller som utrop i sinne og frustrasjon, er det òg mange som nyttar det heilt nøytralt om vagina. Uansett så er det ingen tvil om at interessa for ordet er stor, kanskje spesielt blant unge. Ifølgje søkjestatistikken til *Bokmålsordboka* er dette det mest søkte banneordet, og lenge var det òg det mest søkte ordet overhovudet (ibid.). Eg valde å inkludere *fitte* i undersøkinga mi fordi eg ser på det som det viktigaste ordet i kategorien «kropp og sex», og det er dette ordet eg på førehand har rekna med at vil bli rangert som grovast.

**Fuck** (verb, frå engelsk, truleg via germansk *fukka* ‘støyting’):

*Fuck* er kanskje det mest utbreidde av alle banneorda i engelsk. I utgangspunktet betyr det å ha samleie, men nytta som banneord kan det avleiast og nyttast som substantiv, adjektiv, adverb eller verb – «Fuck those fucking fuckers!» (Uri 2011c). På spørsmål om *fuck* eigentleg er eit norsk ord, skriv Språkrådet (u.d.) i sin svardatabase at dialektalt finst verbet å *fukka* (om støyting) frå gammalt av, og at det ikkje er utenkjeleg at engelsk har fått det frå norsk. Men *fuck* som banneord må likevel bli rekna som eit importord, og sjølv om det ikkje er så vanleg å nytte seksuelle banneord i dei skandinaviske språka, ser det ut til at ord som *fuck* og *shit* nå er komne for å bli. Det er

ikkje uvanleg å høyre folk her i Noreg seie «*fuck you*», eller meir positivt lada variantar som til dømes «*fuckings bra*». Og sjølv om dei per dags dato ikkje er normerte og tekne inn i ordbøkene, finst det fleire fornorska skrivemåtar for ordet: *føkk, fåkk, fakk*. Eg tok *fuck* med i undersøkinga for å sjå korleis desse engelske orda blir rangerte samanlikna med dei norske «klassikarane».

***Pokker*** (maskulinum/interjeksjon, truleg gjennom dansk, frå lågtysk *pocken* ‘kopper’):

*Pokker* blir truleg sett på som eit mildt banneord, og som utrop er det gjerne nytta i staden for *faen* eller *helvete*. Eg trur at det er få folk i dag som veit kva ordet eigentleg tyder, nemleg sjukdommen koppar, og det er nok denne uvissa – i tillegg til at koppar ikkje er så farleg lenger – som gjer at ordet har mista krafta si. Det finst mange språk som nyttar ord knytt til sjukdom som banneord, til dømes ord som har med kolera, pest og kreft å gjere, men i norsk er ikkje dette så vanleg. Eg ville difor inkludere *pokker* i undersøkinga mi, slik at eg kunne sjå kor sterkt dette eine ordet frå sjukdomskategorien blir vurdert.

***Grevla/grevlig*** (adjektiv/adverb, truleg frå færøysk *grefulig* ‘veldig’):

*Grevla* eller *grevlig* (òg gjerne skrivne med æ), er populære forsterkarar på sørvestlandet. Av mange er desse orda både forstått og brukte som eufemismar av *jævla* eller *jævlig*, og fordi orda er såpass like i lyden, vil eg tru at dei kan bli oppfatta som meir eller mindre grove alt ettersom kven som høyrer på. Men visstnok skal ikkje orda vere tildekte banneord i det heile, men i staden stamme frå det færøyske *grefulig*, som tyder «stor» (Uri 2011e), og i denne undersøkinga er dei difor blitt plasserte i kategorien for kraftuttrykk utan tabuord. Eg tenkte det ville vere interessant å sjå kor grovt desse orda blir vurderte samanlikna med *jævlig*, noko som kan gi ein indikasjon på om orda blir oppfatta som banneord eller ikkje (jf. *Jævlig* over). Fordi innhaldet i orda er det same, men endingane truleg kan variere i høve til dialekt, har eg valt å setje *grevla* og *grevlig* saman.

***Kjære folk*** (uttrykk):

Dette kraftuttrykket inneheld ikkje tabuord, men ifølgje myten som var katalysator for heile denne oppgåva, så skal «*Kjære folk*» vere det sterkaste uttrykket ein jærbu kan ty til. Det er difor teke med i undersøkinga slik at eg skal kunne uttale meg om sanninga i denne myten. Det store spørsmålet er om det blir sett på som sterkt i det heile.

### 3.2.2.2 Konstruksjon av setningar

Element som kontekst, relasjon, mottakaren sitt humør og så bortetter vil vere avgjerande for korleis ei ytring blir tolka. Spesielt i skriftleg kommunikasjon er dette ei stor utfordring, noko til dømes bruken av smilefjes, såkalla emojiar, kan vere eit teikn på. Difor meinte eg at det var viktig at eg ikkje berre fokuserte på tabuord isolert når eg skulle undersøke haldningar til banning. For er det verkeleg slik at det berre er tabuorda i seg sjølve som gjer ei ytring stygg eller støytande? Har ikkje måten ord blir brukte på, ytringa sin underliggjande meining, noko å seie? Min hypotese har heile tida vore at orda ikkje er det viktigaste når det kjem til kor støytt ein blir av noko som blir sagt. Personleg vil eg mykje heller at nokon skal seie til meg at «Eg er så jævlig glad i deg» enn at «Eg hatar det stygge trynet ditt», sjølv om sistnemnte ikkje inneheld noko grovt ord. Difor var det viktig for meg at eg inkluderte følgjande typar ytringar i spørjeundersøkinga mi:

1. Negativt lada setningar med tabuord
2. Negativt lada setningar utan tabuord
3. Positivt lada eller nøytrale setningar med tabuord

Dette er sjølv sagt umogleg å kategorisere 100 %, og mottakaren si tolking er som nemnt avhengig av mange faktorar, men eg har likevel prøvd å konstruere ytringar som kan representere alle dei tre typane over. Inndelinga er i høg grad basert på bruken av plussord eller minusord, og i tillegg den ekspressive funksjonen som kvar ytring kan tenkast å ha. Eg laga totalt ti setningar, og dei fleste av dei er faktisk positivt lada setningar med tabuord. Dette gjorde eg spesifikt fordi eg ville sjekke teorien min om at innhald er meir avgjerande enn ordval. I tillegg passa eg på at eg inkluderte ord frå alle dei fire kategoriane (religion, kroppsleg avfall, seksualitet og kropp, sjukdom).

Negativt lada setningar med tabuord:

1. «Fort deg litt, for *helvete!*»
2. «*Shit*, jeg stryker garantert på den *drittprøven*»

Negativt lada setningar utan tabuord:

3. «Du er det styggeste jeg har møtt»
4. «Jeg kan ikke fordra det kvalme trynet ditt!»

Positivt lada/nøytrale setningar med tabuord:

5. «Det er *faen* så digg med ferie!»
6. «Det var ei *pokkers* god kake»

7. «Han er *dritkjekk*»
8. «Jeg er *jævlig* glad i deg»
9. «Pizza er *fittegodt!*»
10. «Kneet mitt er *fucka*, så jeg kan ikke løpe» (nøytral<sup>3</sup>)

### 3.2.2.3 Fargekoding

Ideen om å bruke fargar for å kategorisere orda kom allereie i startfasen, då eg skulle velje ut kva ord eg ville ha med i undersøkinga. Eg meinte det var viktig at eg inkluderte ord frå alle dei fire kategoriane (religion, kroppsleg avfall, seksualitet og kropp, sjukdom), og då blei fargar ein reiskap eg kunne bruke for sjølv å få oversikt. Etter kvart innsåg eg at dette òg ville vere nyttig når eg skulle analysere, og ikkje minst når eg skulle presentere funna mine i den ferdige avhandlinga. I tillegg utvikla kodinga seg til å ikkje berre gjelde ord, men òg heile setningar.

Fargekodinga har to funksjonar. Fyrst og fremst er fargane knytt til kva livs- eller tabuområde orda kjem frå. Ord som har med det religiøse å gjere har fått fargen blå, ord som har med kroppsleg avfall å gjere har blitt farga brune, ord knytt til seksualitet og kropp har blitt gule, og sjukdomsorda (eller «anna»-kategorien) er rosa. Eufemismane er grå, medan kraftuttrykk som ikkje inneheld tabuord i det heile er lilla.

Jævlig	Shit	Fuck	Pokker	Fanken	Kjære folk

Figur 2: Døme på fargekoding av tabuområde

Den neste kodingsfunksjonen har med språkhandlingane å gjere, og gjeld for heile setningar, ikkje berre dei enkelte orda. Som nemnt inkluderte eg ytringar av tre typar i undersøkinga mi: negativt lada setningar med tabuord, negativt lada setningar utan tabuord og positivt lada setningar med tabuord. Fargekodingsfunksjon nummer to er altså å seie om ei ytring er positivt lada, negativt lada eller kan vere nøytral. Dei negative er raude, dei positive grøne, medan dei blå kan oppfattast begge vegar eller er nøytrale. Målet med denne kodinga var å vere i stand til å kryssjekke dei enkeltorda som respondentane rangerar som grove med positive setningar som inneheld dei same orda, og fargane gjer det lettare å sjå kva funn som utpeiker seg:

<sup>3</sup> Eg vel å sjå på dette som ei nøytral setning, då bruken er veldig kontekstavhengig. Det er sjølvstøtt negativt at kroppen ikkje fungerer som han skal, men setninga kan òg bli brukt i positiv forstand om personen som ytrar ho til dømes slepp unna ein avskydd gymsale.

Du er det styggeste jeg har møtt	Jeg er så jævlig glad i deg	Kneet mitt er fucka, så jeg kan ikke løpe

Figur 3: Døme på fargekoding av språkhandling

### 3.2.3 Gjennomføring

Etter at eg hadde laga ferdig spørsmåla, oppretta ei undersøking i programmet SurveyXact og blitt einig med meg sjølv om korleis eg ville gå fram, var det på tide å gjennomføre undersøkinga. Dette viste seg å vere ei større utfordring enn kva eg hadde sett føre meg.

Det fyrste problemet oppstod i søkeprosessen til Personvernombudet for forskning, NSD - Norsk senter for forskningsdata. Etter tidsskjemaet ynskte eg å kome i gang med innsamlinga av data i november, men det er ikkje lov å starte med innsamlingar som inneber lagring av elektroniske spor før ein har fått godkjenning frå NSD. Søknaden min blei sendt inn 17. oktober, så eg rekna med at det skulle gå greitt. Men vekene gjekk, og då eg hadde venta i over ein månad, sendte eg ei purremelding. Det viste seg at dei ikkje ein gong hadde sett på søknaden, men eg blei lova at dei skulle sjå på det snarast.

Etter eit par dagar fekk eg endeleg klarsignalet eg hadde venta på, og neste steg for meg var å byrje å kontakte skulane. Eg konstruerte ein utfyllande førespurnad på e-post (sjå vedlegg 2) og sendte han til 14 rektorar ved skular i området, i tillegg til at eg òg tok kontakt med eit par lærarar som hadde vore praksisveileदारar for meg tidlegare. Eg var framleis ved godt mot, og hadde ikkje så mykje anna å ta meg til enn å vente på svar. Og så kom det... «Nei,», «Nei», «Beklagar», «Nei». Dei fleste grunngav dette med at dei hadde så mange andre undersøkingar dei skulle gjennomføre. Fem av skulane fekk eg aldri noko svar frå i det heile. Berre *fire* av skulane var interesserte, og eg byrja å sjå heile prosjektet gå i dass. I desperasjon ringte eg ein av rektorane som endå ikkje hadde hatt tid til å avvise meg, men han kunne diverre ikkje hjelpe meg – utover at han meinte eg godt kunne søkje jobb der (takk, men det var ikkje det eg var ute etter nå). Etter dette hadde eg eit aldri så lite mentalt samanbrot, og hadde det ikkje vore for at fristen for å trekkje seg frå masteren var gått ut for ei veke sidan er det det eg hadde gjort.

Men eg måtte fullføre. Så eg posta eit innlegg på Facebook-sida til UiS, og lurte på om det kanskje var nokon der som kunne hjelpe – lærarar, trenarar for idrettslag, kva som helst. 30 minutt seinare hadde eg fått kontakt med to fantastiske lærarar som *sjølvklart* kunne setje av ti minutt til undersøkinga mi i sine klassar (og begge var tilsett ved den skulen eg hadde ringt til og fått nei frå nokre timar tidlegare!). I teorien hadde eg altså fem skular klare, og eg bestemte meg for at eg berre måtte vere nøgd med det eg kunne få tak i.

Sjølve gjennomføringa blei gjort på litt forskjellig måte på dei ulike skulane. Nokre ville berre ha linken til undersøkinga tilsendt på mail, andre ville at eg skulle møte på skulen for å forklare prosjektet til elevane. Det viste seg at sistnemnde var den tryggaste måten. Dei eg sendte linken til hadde fått beskjed om at gjennomføringa helst måtte skje før jul, men då januar kom var det framleis to skular som ikkje hadde fått gjort det. Eg sendte dei ein e-post og lurte på om dei hadde gløymt meg. Den eine skulen svara bekreftande på dette, men fekk gjennomført i uke 3. Den andre gav aldri lyd frå seg igjen.

Summa summarum enda eg altså opp med fire skuler, ti mindre enn kva eg hadde ynskt. Heldigvis hadde tre av desse fleire klassar til disposisjon, så elevtalet var ikkje noka direkte krise. Når det gjeld det endelege talet på respondentar som fullførte, og fordelinga mellom ulike kommunar, kjønn og klassetrinn, så er dette noko eg kjem tilbake til i neste kapittel og i drøftingskapittelet.

### 3.3 Analysemetode

Den siste fasen eg skal gå gjennom i dette kapittelet, handlar om kva metodar eg har nytta for å analysere dei dataa eg samla inn.

Når det gjeld den kvantitative delen, var det klart ein fordel at eg hadde valt å bruke eit elektronisk spørjeskjema, då programmet kunne gjere mesteparten av databehandlinga for meg. *Univariat* analyse vil seie at ein ser på éin og éin variabel om gongen ved hjelp av ulike statistiske mål, medan *bivariat* analyse blir brukt for å avdekkje om to variablar varierer saman (Jacobsen 2005: 304). Eg ville nytte meg av begge desse analyseformene – fyrstnemnte mellom anna for å finne ut kva ord og setningar som jamt over blir rekna som grovast, og sistnemnte for å sjå om ungdomar frå visse delar av Jæren bannar meir enn andre, eller om til dømes kjønn har meir å seie. For å forklare tala mine ville eg ikkje berre vise til dei absolutte tala, altså kor mange respondentar som har svara sånn og sånn, men i tillegg lage diagram for å gjere funna meir «visuelle». I teorien skulle dette òg vere mogleg å gjere på ein enkel måte i SurveyXact, men fordi eg ikkje var heilt nøgd med korleis utforminga på desse diagramma såg ut, enda eg i staden opp med å plote inn tala manuelt i Excel og lage diagramma mine her.

Nesten på same måte som med statistikkbehandlinga for kvantitative data, så finst det for dei kvalitative funna noko kalla for *innhaldsanalyse*, som er trua på at det ein person seier i eit intervju kan bli redusert til eit sett færre tema eller kategoriar. Det sentrale i metoden er å finne dei relevante kategoriane, og så fyller desse med innhald. Når intervjuet er kategorisert, vil ein plassere svara i dei enkelte kategoriane, og til slutt sjå på likskapar og ulikskapar

mellom folk knytt til dei kategoriane ein har definert (Jacobsen 2005: 193). I mitt tilfelle var dette fyrst og fremst relevant for dei opne svara der respondentane hadde kome med eigne forklaringar på kvifor dei bannar eller ikkje, men òg for eventuelle merknadar i kommentarfelta i kvar del i undersøkinga. Poenget med innhaldsanalyse er å forenkle kompliserte data, slik at det i det heile er mogleg å samanlikne, og dei ulike kategoriane skal svare til dei vurderingane som kjem fram i undersøkinga. Dette gjorde eg reint praktisk ved å dele dei opne svara inn i ulike tema, og så fann eg ut kor mange som hadde nemnt kvart enkelt tema. Her passa eg òg på å opprette ein «anna»-kategori, der eg kunne leggje inn dei svara som berre éin eller to personar hadde gitt.

Til slutt er det eit heilt sentralt aspekt i kvalitativ metode at ein nyttar seg av direkte sitat (Jacobsen 2005: 203), så i tillegg til å vise til statistikk ut ifrå fastlagde tema, har eg passa på å underbygge funna med respondentane sine egne ord.



## 4.0 FUNN

Dette kapittelet har tre hovuddelar, og desse er dei same som i spørjeundersøkinga: del 1 er rangering av ord og setningar, del 2 er bruk av ord i ulike situasjonar og del 3 handlar om bruk av og haldningar til banning meir generelt. For funna i del 1 og 2, som er resultat av rein avkryssing, kjem fyrst ein gjennomgang av totalskåren for alle respondentane, og så er funna vidare delte inn etter kva variablar eg ser på, filtrert etter bakgrunnsspørsmåla heimstad, kjønn og klasstrinn. I del 3, der respondentane har svara med eigne ord, er inndelinga gjort etter dei tre kategoriane (1: dei som bannar mykje uansett situasjon, 2: dei som tilpassar språket i ulike situasjonar og 3: dei som ikkje bannar i det heile), og innanfor kvar av desse vil eg òg prøve å seie litt om variasjonar med omsyn til heimstad, kjønn og klasstrinn der det er relevant.

Sjølv om eg nokre plassar kjem til å stille enkle drøftingsspørsmål og gjere korte vurderingar undervegs, er målet med dette kapittelet fyrst og fremst å leggje fram resultata slik dei er, kort og enkelt. Dette kan nok føre til at lesaren innimellom får inntrykk av at eg kjem med mange døme utan nokon konklusjon, men den ordentlege drøftinga og eventuelle konklusjonar kjem altså i eit kapittel for seg.

For å presentere funna mine vil eg i hovudsak nytte meg av tal, tabellar og diagram. I tillegg nyttar eg òg fargekoding for visse funn i del 1, pluss utvalde respondentutsegn i del 3. Sjølv om eg allereie har gjort greie for spørsmåla som er grunnlag for funna mine i førre kapittel, vil eg for ordens skyld nemne dei på ny for kvar del der dei er aktuelle.

### 4.1 Del 1 av undersøkinga: generell rangering av ord og setningar


Funna i denne delen er baserte på totalt 228 svar, der respondentane har rangert 24 ord og 10 setningar på ein skala frå 1 til 5. Spørsmåla eg stilte var desse:

- a) Kryss av for hvor stygge eller støtende du mener disse ordene er (1 er milde ord, 5 er veldig stygge eller støtende ord)
- b) Kryss av for hvor stygge eller støtende du mener disse setningene er (1 er milde setninger, 5 er veldig stygge eller støtende setninger)

#### 4.1.1 Korleis blir ord og setningar rangerte jamt over?

Det fyrste steget i analyseprosessen var å sjå på resultata for alle 228 respondentane samla, uavhengig av variasjonsmoment som alder eller heimstad. Her har eg teke gjennomsnittsvurderinga for kvart ord og kvar setning, og samla dei i eit fargekoda diagram. Det som er viktig å merke seg når det gjeld gjennomsnitt, er at desse tala sjølvsagt ikkje seier noko om


variasjonane i svara, eller ytterkantane, men målet med oversikten er hovudsakleg å vise korleis dei ulike orda og setningane jamt over blir vurderte i forhold til kvarandre. La oss sjå på orda fyrst:



Figur 4: Gjennomsnittsrangering av ord på ein skala frå 1 til 5 – alle respondentar

I denne tabellen ser ein tydeleg at det er dei gule og blå orda (seksualitet og religion) som utpeikar seg som dei grovaste, og *fitte* er den absolutte verstingen. Alle andre tabuord, som ord knytt til kroppslig avfall, eufemismar og sjukdomsrelaterte ord, finn ein langt nede på skalaen, og det same gjeld kraftuttrykk utan tabuord. Til og med *herregud*, som ein skulle trudd var ganske stovereint, blir vurdert som styggare enn til dømes *salan*, *søren* og *fasiken*, som alle er sminkeord for djevelen. Det kan med andre ord sjå ut til at «klassikarane» framleis er kraftfulle.

Men korleis artar rangeringa seg om ein puttar orda inn i setningar? Fargane på strekene under viser til korleis setningane er «lada», om dei er positive eller negative, medan prikken i enden av kvar strek markerer kva type tabuord ein finn i setninga.



Figur 5: Gjennomsnittsrangering av setningar på ein skala frå 1 til 5 – alle respondentar

Her har fordelinga endra seg radikalt. Og dei to setningane som peikar seg mest ut her, inneheld ikkje tabuord i det heile! Sjølv om *jævlig* skåra 3,3 på ord rangeringa, ser det ut til å vere heilt akseptert om ein vil uttrykkje at ein er jævlig glad i nokon. Alle orda som blei rekna som svært stygge i diagrammet over har fått ein ny sjanse her, med unntak av *fitte*, som det ser ut til å vere nulltoleranse for.

#### 4.1.2 Rangeringsvariasjonar med omsyn til heimstad

Då eg byrja å sjå på rangeringa med omsyn til kommunen respondentane hadde oppgitt som «heime», blei det raskt klart for meg at det ikkje var nok å berre sjå på gjennomsnittet slik som over. Kva ord som gjennomsnittleg blei rekna som styggare enn andre fordelte seg nokså likt i alle kommunane, og det var altså ikkje sånn at eg berre kunne leggje på eit heimstadfilter og så endra statistikken seg dramatisk (eg kan til dømes slå fast med ein gong at uttrykkjet «*Kjære folk*» ikkje er rekna som særleg sterkt uansett kva kommune ein ser på). Så for å gjere ein slags dobbelsjekk av tala mine har eg ikkje berre laga statistikk over gjennomsnittet slik som over, men eg har òg sett på kor mange prosent av respondentane som vurderer utvalde ord som femmarar på skalaen, altså det grovaste alternativet, pluss kva alternativ som er valt hyppigast. Og når eg her skriv «utvalde ord», så vil det seie at eg i det vidare ikkje kjem til å ta tak i alle dei 24 orda som var med i undersøkinga, beint fram fordi eit utval vil vere nok til å få fram poenget mitt. Utvalet består i hovudsak av dei grovaste orda, i tillegg til ord som peikar seg ut som interessante for kvar del.


Viss ein ser på dei mest typiske banneorda, er det ein ganske klar tendens i funna mine til at respondentane frå Hå kommune er dei som rangerer ord som grovast, medan dei frå Klepp faktisk ser ut til å ta lettast på banninga. Dette gjeld til dømes ord som *faen*, *helvete* og *satan*. På den andre sida finst det òg ord som dei frå Hå ikkje ser ut til å bry seg om i det heile, då ord som *fytti*, *jaggu/neigu* og *jøss/jøsses* alle har skåra 1,00 på ein skala frå 1 til 5 i denne

kommunen, medan skåren i dei andre kommunane ligg noko høgare. Spesielt avvikande er *dritt*, som faktisk ligg 0,47 poeng høgare i Klepp enn Hå, altså heilt motsett av dei andre «vanlege» tabuorda.

	Stavanger	Hå	Time	Klepp
Faen	3,06	4,25	3,47	2,67
Helvete	3,19	4,25	3,39	2,94
Satan	3,04	4,33	3,22	2,94
Dritt	1,60	1,42	1,55	1,89

Tabell 1: Gjennomsnittsrangering av ord på ein skala frå 1 til 5 – heimstad

For å gjere desse funna meir visuelle har eg sett opp utvalde ord i eit diagram<sup>4</sup>. Her har eg òg inkludert «Kjære folk», hovudsakleg for å poengtere at jærfolket (iallfall jærungdommen) ikkje ser ut til å sjå på dette som spesielt stygt, om dei i det heile har høyrte uttrykket. Når vi ser på funna slik, kjem



Figur 6: Gjennomsnittsrangering av ord på ein skala frå 1 til 5 – heimstad

tendensen til at respondentane frå Hå kommune vurderer orda som grovare (med unntak av *dritt*) endå klarare fram.

Problemet med gjennomsnitt er som nemnt at det ikkje seier noko om kor mykje variasjon som kan skjule seg i tala, så i det følgjande kjem nokre alternative måtar å sjå på funna på. Den neste tabellen viser kva rangeringstal som flest respondentar kryssa av på, og for majoriteten av orda er respondentane ganske einige om kor på skalaen dei bør plasserast; det hyppigaste svaret for til dømes *dritt* er 1, det hyppigaste for *fitte* er 5 – på tvers av kommunane. Men det finst nokre unntak:

<sup>4</sup> Merk at fargekodinga av tabuord ikkje er aktuell for denne typen diagram, då det viktigaste her er å skilje dei ulike strekene frå kvarandre.


	Stavanger	Hå	Time	Klepp
Faen	3	5	3	3
Helvete	4	5	5	1/3/4
Herregud	1	2/3	1	1
Jævlig	3	5	5	3
Satan	2	5	3/5	3
Piss	2	1	1	1
Shit	1	2	1	1

Tabell 2: Hyppigaste svaralternativ (1 til 5) – heimstad

Ueinigheita gjeld altså for det meste dei typiske banneorda, og igjen er det ein tendens til at Hå vurderer orda som grovare (med unntak av *piss*). Men det mest spesielle i denne tabellen er eigentleg talet på femmarar. Dette fekk meg til å tenkje at kanskje grunnen til at Hå har skåra så høgt i analysane over, er at respondentane frå dei tre andre kommunane har vore motvillige til å nytte seg av alternativ 5?

Så eg bestemte meg for å sjå på kor stor prosentdel av respondentane frå kvar kommune som har nytta


alternativ 5 for dei utvalde orda, og teorien min kan sjå ut til å stemme. *Fitte* er det einaste ordet i undersøkinga der respondentar frå alle kommunane har vore rause med femmarane. Kvifor er det slik? Og kvifor er Hå den einaste kommunen der *fitte* er



Figur 7: Prosent som har svara alternativ 5 – heimstad

mildare enn *satan*, *faen* og *helvete*? Eg kjem tilbake til ulike tankar kring desse funna i drøftingsdelen.

Til slutt i dette delkapittelet tek eg med ein rask gjennomgang av setningsrangering med omsyn til heimstad. For diagrammet under er fargekodinga relevant igjen, slik at fargane på strekene markerer tabuområde, medan punkta (rødt, grønt eller blått) markerer setninga si «ladning». Her er alle setningane frå undersøkinga teken med, statistikken er basert på gjennomsnitt, og tala for dei som høyrer til ein anna kommune enn dei på lista er òg inkludert.



Figur 8: Gjennomsnittsrangering av setningar på ein skala frå 1 til 5 – heimstad

Atter ein gong er det Hå som har størst utslag, spesielt i kontrast til Stavanger på den negative «Fort deg litt, for helvete!». Det er likevel brei einigheit om at setningane utan tabuord er dei styggaste, og «Pizza er fittegodt!» er ein grov måte å uttrykkje seg på uansett kor ein kjem frå (og tilsynelatande uavhengig av kor god pizzaen er). Skal ein fyrst komplimentere noko ved hjelp av tabuord, er det tryggast å halde seg til *pokker* og *drit*.

#### 4.1.3 Rangeringsvariasjonar med omsyn til kjønn

For å kontrollere andre sider ved banninga på Jæren var det òg relevant at eg såg på variablane kjønn og alder, der eg på sistnemnte har valt å trekkje eit skilje mellom ungdomsskuleelevar og elever i vidaregåande skule. Metoden eg har nytta for å analysere er den same som for rangeringa med omsyn til heimstad.


Når det gjeld gjennomsnittsvurderinga av ord fordelt på dei ulike kjønna, er det ein klar tendens til at jentene vurderer kraftuttrykka som grovare enn gutane. Av alle dei 24 orda som var med i undersøkinga, er det berre fem ord der jentene har vore mildare enn gutane i vurderinga, og differansen for desse er ikkje meir enn 0,14 på det høgaste («Kjære folk» og *shit*). Ein finn mange ord der det ikkje er nokon nemneverdig differanse i det heile, og dette gjeld spesielt dei «milde» orda. Men når det kjem til klassikarane, som òg var dei mest kontroversielle i forhold til heimstad, finst det likevel nokre interessante tal:

	Kvinne	Mann
Faen	3,41	3,20
Fitte	4,33	3,30
Helvete	3,64	3,07
Jævlig	3,52	2,99
Satan	3,56	2,88

Tabell 3: Gjennomsnittsrangering av ord på ein skala frå 1 til 5 – kjønn

Igjen er det ordet *fitte* som utmerkar seg, og sjølv om begge kjønn er einige om at dette er det grovaste ordet, er faktisk differansen mellom kjønna på heile 1,03. At jentene ser på

dette ordet som mykje grovare enn gutane blir spesielt tydeleg om ein set tala opp i eit diagram. Funnet er interessant, og spekulasjonar om *kvifor* det er slik vil eg kome tilbake til i neste kapittel. Men for å trippelsjekke om det verkeleg er så store skilnadar for dette ordet, og i tillegg



Figur 9: Gjennomsnittsrangering av ord på ein skala frå 1 til 5 – kjønn

kontrollere om det kan


stemme at menn konsekvent ser på banneord som mildare enn kvinner, har eg òg sett på kva som er hyppigaste svaralternativ blant kvinner og menn for dei same orda som over:

	Kvinne	Mann
Faen	3	5
Fitte	5	3
Fuck	3	2
Helvete	5	2/4
Jævlig	3	2
Satan	5	2

Tabell 4: Hyppigaste svaralternativ (1 til 5) – kjønn


Her kjem det fram at 5 er det hyppigaste svaralternativet for *fitte* blant jentene, medan gutane har fleire svar på 3, altså vurdert som eit ganske middels grovt ord. For *fuck*, *helvete*, *jævlig* og *satan* er òg tendensen i samsvar med funna i diagrammet over, men *faen* bryt faktisk med forventningane. Retteleg er diagramlina for *faen* ganske rett, altså at det er liten differanse i gjennomsnittet, men at flest jenter har svara 3 og flest gutar 5 var ganske overraskande.

For å kontrollere dette har eg sett på kor mange prosent av respondentane som har gitt femmarsvar, og det viser seg at 23,7 prosent av gutane og 21,9 prosent av jentene har rangert *faen* som 5, så differansen for dette ordet var visst ikkje så markert likevel. For *fitte* derimot, er differansen svimlande! 61,4 prosent av jentene, altså godt over halvparten, har vurdert *fitte* til ein femmar. Berre 19,3 prosent av gutane har gjort det same.



Figur 10: Prosent som har svara alternativ 5 – kjønn

Når det kjem til setningane, finn ein igjen dei same tendensane som for orda:



Figur 11: Gjennomsnittsrangering av setningar på ein skala frå 1 til 5 – kjønn


*Shit*, som var eit av dei få orda som jentene vurderte som mildare enn gutane, er med i éin av tre setningar som gutane her har vurdert som styggare. Den andre setninga er «Han er dritkjekk», men der kan forskjellen truleg forklarast med noko så enkelt som val av pronomen. For den tredje setninga, «Kneet mitt er fucka, så jeg kan ikke løpe», er differansen så liten (0,07) at han heller bør reknast med til dei setningane der kjønn ikkje spelar inn på resultatet. Den setninga som derimot *har* nemneverdig utslag på kjønn er, ikkje overraskande,



«Pizza er fittegodt!». I tillegg kan det sjå ut til at jentene mislikar dei stygge setningane utan tabuord meir enn kva gutane gjer.

#### 4.1.4 Rangeringsvariasjonar med omsyn til alder

I snitt rangerer elevane frå vidaregåande skule alle ord relatert til kroppsleg avfall (*drit, dritt, piss og shit*) som styggare enn kva ungdomsskuleelevane gjer, i tillegg til orda *djevelen, fitte* og *fytti*. Men med det sagt, er det berre eitt av desse orda (*fitte*) som har ein differanse på over




Figur 12: Gjennomsnittsrangering av ord på ein skala frå 1 til 5 – skuletype

0,20. Elles er det ungdomsskuleelevane som går sterkast ut mot dei resterande 17 kraftuttrykka, men differansen er ikkje stor for nokre av dei. Om ein ser på tala i eit diagram, så er det heller ingen av diagramlinene som kryssar kvarandre, noko som betyr at orda konsekvent er rangert i

same rekkjefølgje på begge trinn. Merk at orda eg har teken med her er dei med størst differanse, så for dei resterande orda i undersøkinga ville linene ha vore endå meir horisontale (og skilnaden mellom klassetrinna endå mindre).


Ser ein på kva som var det hyppigaste svaralternativet for orda, og kor mange prosent som har svara 5, finn ein likevel nokre skilnadar. For *faen, fuck, jævlig* og *satan* er hyppigaste svar på vidaregåande høvesvis 3 – 3 – 3 – 2, medan ungdomsskuleelevane har svara 3/5 – 5 – 5 – 5, altså betydeleg høgare. *Fitte* har 5 som hyppigaste svaralternativ på begge skuletypene, men det er klart *fleire* femmarar på vidaregåande (35,6 prosent mot 44,4). Derimot er *fuck* sterkare på ungdomsskulenivå (26,9 prosent mot 13,7), og det same gjeld *jævlig* (28,8 prosent mot 18,5). *Djevelen* og *fitte* er dei einaste orda som har fleire femmarar på vidaregåande enn på ungdomsskulen, altså som definitivt er rekna som grovare der. *Djevelen* har faktisk fått heile 17 femmarar på vidaregåande! Orda knytt til kroppsleg avfall, som blei vurderte som grovare på vidaregåande på gjennomsnittsmålinga, har skåra veldig lågt når ein berre ser på femmarane. *Dritt* og *piss* har fått éin femmar kvar, men alt i alt er det tydeleg at dei iallfall

ikkje er dei grovaste orda. I tillegg er det påfallande at svært få ord i det heile har nådd opp til ein femmar blant elevane på vidaregåande. Medan alle orda i undersøkinga har fått minst éin femmar på ungdomsskulenivå, er det heile åtte ord som ikkje har ein einaste femmar på vidaregåande (dette kan sjølvklart òg ha samanheng med at ein respondent frå ungdomsskule kan ha trykt tilfeldig på femmarane nedover rekkja).



Figur 13: Prosent som har svara alternativ 5 – skuletype

Alt i alt vil eg påstå at skilnaden mellom ungdomsskule og vidaregåande er relativt minimal, men igjen(!) med unntak av ordet *fitte*. Det same kjem til uttrykk når ein ser på gjennomsnittet for setningane:



Figur 14: Gjennomsnittsrangering av setningar på ein skala frå 1 til 5 – klassetrinn

Her òg er strekene ganske horisontale, altså eit uttrykk for låg differanse. Men på same måte som vi såg i setningsdiagrammet for kjønnskilnadar så er krysset mellom setningane «Fort deg litt for helvete!» og «Pizza er fittegodt!» interessant.

## 4.2 Del 2 av undersøkinga: bruk av ord i ulike situasjonar


På dette punktet i undersøkingsprosessen var det éin respondent som hadde valt å avslutte undersøkinga, så resultatata for følgjande spørsmål er baserte på 227 svar:

- Hvilke av disse ordene bruker du når du er *helt alene* (hvis du f.eks. slår tåa i bordkanten eller opplever annen frustrasjon)?
- Hvilke av disse ordene bruker du når du er *sammen med nære venner*?
- Hvilke av disse ordene bruker du når du er *sammen med familien i hjemmet* (foreldre/søsken)?
- Hvilke av disse ordene bruker du når du er *sammen med andre voksne/eldre i familien* (f.eks. besteforeldre eller tanter/onkler)?
- Hvilke av disse ordene bruker du *på offentlige steder*, der du gjerne er omgitt av barn, eldre mennesker og andre fremmede (f.eks. på bussen eller i butikken)?

Merk at det ikkje er noka fargekoding i dette delkapittelet, då alle orda frå del 2 i undersøkinga er tabuord knytt til det religiøse, med unntak av *fitte* og *fuck*. Eg kjem heller ikkje til å gå inn i like mange detaljar og ulike analysemetodar her som i kapittel 4.1. Det relevante for denne delen er ikkje variasjonar i bruken av det enkelte *ord*, men snarare kva *situasjonar* som jamt over blir oppfatta som passende eller upassande for bruk av tabuord, og då vil ein analyse av gjennomsnitt vere tilstrekkeleg.


### 4.2.1 Korleis er bruken av banneord i ulike situasjonar jamt over?

Det fyrste eg gjorde for å kartlegge bruken var å lage seks diagram<sup>5</sup>, eitt for kvart ord, som viser korleis prosentfordelinga for bruken av orda i dei ulike situasjonane ser ut om ein inkluderer *alle* respondentane som deltok i undersøkinga:




Figur 15: Bruken av "faen" i ulike situasjonar (%) – alle respondentar


<sup>5</sup> Merk at eg ikkje bruker desimaler, så det vil vere nokre plassar der tala ikkje går opp i hundre.




Figur 16: Bruken av "fitte" i ulike situasjonar (%) – alle respondentar




Figur 17: Bruken av "fuck" i ulike situasjonar (%) – alle respondentar



Figur 18: Bruken av "helvete" i ulike situasjonar (%) – alle respondentar



Figur 19: Bruken av "jævlig" i ulike situasjonar (%) – alle respondentar



Figur 20: Bruken av "satan" i ulike situasjonar (%) – alle respondentar


Den situasjonen der banning er *minst* høveleg er saman med bestemor og bestefar, og på ein god andre plass kjem foreldre og sysken. Det er heller ikkje spesielt populært å banne mykje på offentlege stadar, men her har det sikkert ein del å seie kva folk ein har rundt seg. Saman med vener er saka ei heilt anna. Her kan ein lire av seg gloser nesten i like høg grad som om ein var heilt åleine.

Likevel er det eitt ord som skil seg ut, og ikkje overraskande er det det same ordet som har vore kontroversielt gjennom heile oppgåva. Prosentdelen av dei som svarar at dei aldri bannar offentleg ligg stort sett på rett under 50, men for *fitte* er talet heile 20 prosent høgare. Til og med åleine, når ingen høyrer på og ingen kan «dømme», er det berre 33 prosent som svarar at dei bruker ordet ofte eller av og til. Om ein samanliknar dette med *faen*, der talet for det same er 73, blir skilnaden endå meir markant. Nesten halvparten av dei 227 respondentane som deltok svarta at dei aldri nyttar ordet *fitte* saman med venene sine.

#### 4.2.2 Bruksvariasjonar med omsyn til heimstad


Av alle dei seks orda over, viste det seg at *faen* er det mest brukte jamt over. Og då eg analyserte ordbruken med omsyn til heimstad for alle orda, blei det klart at *faen* òg vil vere representativt for bruken av dei andre (til og med for *fytte!*), så eg har valt å halde meg til dette eine ordet (*faen*), foreløpig.

Det fyrste diagrammet her viser korleis alle respondentane som deltok i undersøkinga i snitt har vurdert eigen bruk av ordet *faen*. Det er altså basert på dei same funna som i diagrammet for *faen* over, berre sett inn i eit anna uttrykk. Igjen ser vi at bruken åleine og saman med vener er ganske lik, medan det er ein tydeleg distanse mellom dei tre andre situasjonane.



Figur 21: Bruken av «faen» i ulike situasjonar (%) – alle respondentar

Så har eg teke føre meg kvar kommune individuelt, og plassert funna for desse tala inn i same typen diagram. Når det gjeld banning kring andre vaksne eller eldre i familien, ser vi at denne lina er ganske horisontal. Det betyr at det er stor einigheit om at dette er ein situasjon




Figur 22: Bruken av «faen» i ulike situasjonar – heimstad

ein ikkje bør banne i. Likevel er det interessant at Hå kommune vikk frå snittvurderinga og resten av kommunane på dette spørsmålet, då dei svarar at dei bannar endå

sjeldnare kring primærfamilien. Bortsett frå dette følgjer alle kommunane same mønster som i totalvurderinga, altså at bruken åleine og med vener er tilnærma lik, og at det er betre å banne offentleg enn saman med familien. Men viss ein ser skilnaden mellom kommunane, kan det sjå ut til at dei frå Hå bannar mindre enn dei frå dei andre kommunane, og at dei frå Klepp bannar mest av alle. Dette er eit funn eg vil kome tilbake til i drøftinga.

### 4.2.3 Bruksvariasjonar med omsyn til kjønn

For å sjå på bruken av *faen* fordelt på kjønn har eg nytta meg av same metode og diagramtype som over. Alle linene er tilnærma vassrette, og ingen av dei kryssar kvarandre, noko som




Figur 23: Bruken av «faen» i ulike situasjonar – kjønn

betyr at begge kjønn er einige om kva bruk som høver seg i ulike situasjonar. Det kan sjå ut til at jentene bannar *litt* meir når dei er åleine eller saman med vener, medan

gutane har ein tendens til å banne meir enn jentene når dei er saman med andre vaksne eller eldre i familien, men alt i alt er det ikkje store forskjellar i bruken. Korleis kan dette stemme, når det var såpass store forskjellar mellom kjønn i vurderinga av ord?

Det ordet i vurderingsdelen som kjønn var minst einige om, var *fitte*. Atter ein gong måtte eg sjekke alle orda, og atter ein gong var statistikken for *faen* lik statistikken for dei andre orda, og dermed representativ. Med unntak av *fitte*! Her er det fleire ting som utpeikar seg. For det fyrste er det slåande at alle linene er pressa ganske mykje lenger *ned* på skalaen



Figur 24: Bruken av «fitte» i ulike situasjonar – kjønn

enn kor dei ligg på dei resterande orda. For det andre er det interessant kor mykje nærmare kvarandre linene for familie har hamna. Dette ordet er eit fy-ord

uansett kva slektskapen er, og i tillegg er det rekna som verre å seie *fitte* offentleg enn å seie *faen* til primærfamilien. Sist med ikkje minst: i dei situasjonane jentene bannar meir enn gutane når det gjeld ordet *faen*, er forholda snudd heilt om. Det betyr at statistikken frå kapittelet som handla om vurdering av ord passar godt med tendensen her, og dei store

spørsmåla blir igjen *korleis* dette ordet blir brukt, og *kvifor* det er ein skilnad mellom kjønna her.

#### **4.2.4 Bruksvariasjonar med omsyn til alder**

Til slutt hadde eg venta å finne forskjellar i bruken med omsyn til alder, men det viste seg raskt at forholda er tilnærma like, spesielt for orda knytt til det religiøse. Når eg kontrollerte ordet *fitte*, som jo blei sett på som ganske mykje grovare på vidaregåande enn på ungdomsskulen, så viser det seg at elevane på vidaregåande likevel er meir tilbøyelege til å bruke ordet åleine eller saman med vener enn kva elevane på ungdomsskulen er. Bortsett frå dette er det ingen klar tendens i funna mine til at den litle aldersforskjellen mellom ungdomsskulen og vidaregåande er avgjerande for kva situasjonar ein bannar i og ikkje.

### **4.3 Del 3 av undersøkinga: haldningar uttrykt med egne ord**

Del 3 blei innleia med følgjande avgrensingsspørsmål:

Hvilken av disse kategoriene mener du at beskriver din språkbruk best?

- Jeg bannar en god del uansett situasjon.
- Jeg bannar når jeg er alene eller sammen med venner, men jeg begrenser språkbruken i visse situasjoner (på offentlige steder, sammen med eldre mennesker, barn osv.).
- Jeg bannar sjelden eller aldri, selv om jeg er alene eller sammen med venner.

Det var 28 respondentar (12 %) som kryssa av på det fyrste alternativet, 149 (66 %) på det andre og 48 (21 %) på det siste. Til saman utgjer dette 225 svar totalt, noko som vil seie at ytterlegare to respondentar valde å hoppe av her.

Ut ifrå kva dei svara på avgrensingsspørsmålet over, blei respondentane i neste runde møtt med spørsmål som var tilpassa deira kategori. Her skulle dei svare med egne ord, noko som innebar at det var opp til meg å tolke og systematisere kommentarane inn i faste, konstruerte kategoriar. For dei kommentarane der informantane har lista opp fleire svar på eitt og same spørsmål, har desse òg blitt plasserte i fleire kategoriar, noko som forklarar kvifor det nokre plassar kan sjå ut til å vere fleire respondentar i funna enn kva tala over skulle tilseie (til dømes vil setninga «Banning er stygt og eg får kjeft for det» bli plassert i to kategoriar, medan «Eg får kjeft» berre hamnar i éin).

Dette delkapittelet følgjer ikkje same inndelinga som over (heimstad, kjønn og alder), men er strukturert etter kva kategori dei ulike svara er henta frå. Målet med denne delen er



hovudsakeleg å prøve å få eit innblikk i korleis ungdommane ser på banning jamt over, men der eg finn relevante forskjellar vil eg òg trekkje inn variablane heimstad, kjønn og alder.

#### 4.3.1 Kategori 1: Eg bannar ein god del uansett situasjon

Sjølv om 28 respondentar (12 %) hamna i denne kategorien opphavelig, var det éin som hoppa av her og valde å ikkje svare på dei opne spørsmåla, så statistikken under er basert på 27 svar. Spørsmåla for denne kategorien er:


- a) Hvorfor banner du?
- b) Har du opplevd å få "kjeft" for språkbruken din? I så fall, fra hvem?

Av svara eg fekk inn på det fyrste spørsmålet, har eg klart å konstruere tre hovudkategoriar, pluss ein «veit ikkje»-kategori og ein «anna»-kategori. Tala i den nedre delen av tabellen viser til kor mange gonger i materialet den enkelte grunngjevinga blei nemnd:

Uttrykkje meg	Vane	Uvane	Veit ikkje	Anna
9	6	2	6	4

Tabell 5: Kategori 1 – «Kvifor banne?»

Dei fleste av respondentane (33 %) svarar at dei bannar fordi det er ein måte å *uttrykkje* seg på. Døme på dette er svar som «Fordi eg føler eg uttrykker meg betre då», «Uttrykker følelsene sterkere» og «Fordi det er lettere og beskrive ting me bruk av banneord». Banneord gjer altså at ein kan uttrykkje seg *betre*, *sterkare* og *lettare*. Eit par av dei som hamna i denne kategorien peiker òg på at banneord gjer språket *enklare*, i tydinga *mindre intellektuelt*, og dette er altså ikkje meint i nokon negativ forstand: «for å legge mer vekt på ord og uttrykk jeg bruker uten å måtte legge ned så mye vekt i å virke intelligent», «For det er ord jeg er trygge på og passer bra inn i ordforrådet mitt da ikke alle av vennene mine forstår mer intellektuelle ord».



Figur 25: Kategori 1 – «Kvifor banne?» (%)

Vidare er det mange som nemner at banninga har blitt ein *vane* eller *uvane*, og sjølv om begge desse omgrepa viser til ein tilvand framferd, meinte eg at dei burde få sine eigne kategoriar, då valet av ord kan seie mykje om tabua knytt til banning. Medan setninga «Vet ikkje er bare vendt med det» fortel nøytralt om at banninga har blitt ein naturleg del av personen si framferd, gir svaret «En dårlig vane» meir uttrykk for at personen vurderer

banninga som ein *negativ* form for tilvand framferd. Omgrepet vane blei nytta seks gonger, uvane berre to (begge desse var jenter, og begge var ungdomsskuleelevar frå Time kommune).

«Anna»-kategorien inneheld svar som «Er fra Bergen» og «Som en vis mann engang sa, banne ord er til for å brukes». Kven denne vise mannen er, veit eg ikkje, men eg kunne godt tenke meg å høyre meir frå han. Og for alt eg veit kan det godt vere noko i det med Bergen, men det er ikkje heilt tema for denne oppgåva. «Miljø» er òg eit svar som eg måtte plassere i «anna»-kategorien, rett og slett fordi eg ikkje ville tvinge det inn i «vane»-kategorien, men det er jo inga tvil om at miljø har mykje å seie for språk, og det er nesten rart at det ikkje var fleire som nemnde det.

Det er heile 22 % som berre svarar «veit ikkje», noko som eg tenkjer kan vere uttrykk for to ting: anten at dei ikkje har teke seg bry til å tenkje over saka, eller at dei rett og slett har vanskar for å setje ord på kvifor dei bannar. Sistnemnde kan i så fall tyde på at banning er ein vane (eller uvane) for desse respondentane òg, men slikt kan eg ikkje spekulere for mykje i.

Med omsyn til heimstad og alder så var det ikkje mange interessante skilnadar i svara for spørsmål A. Det einaste er, som nemnt, at begge dei som kallar banninga ein uvane eller dårleg vane kjem frå Time kommune og er jenter på ungdomsskulen. Det er mange frå vidaregåande skule som kallar banninga ein vane, men altså ikkje med ei slik uttrykt negativ haldning til framferda (men det er kanskje ikkje så rart heller, med tanke på at dei har plassert seg sjølv i kategorien «Eg bannar ein god del uansett situasjon»). Når det kjem til kjønnsvariabelen, er det fyrst og fremst påfallande kor mykje meir utfyllande jentene sine svar er enn gutane sine, og det er definitivt gutane som er ansvarlege for den største delen av «veit ikkje»-kategorien. Både jenter og gutar seier at banninga er ein vane, men dei to som er ansvarlege for «uvane»-kategorien er altså jenter. Elles kan eg òg nemne at jentene ser ut til å vere mykje meir opptekne av banninga sin funksjon når det gjeld det å uttrykkje seg, då berre éin av gutane i undersøkinga har brukt dette som grunngjeving.

Spørsmål B er egentleg todelt, der det fyrste er eit ja/nei-spørsmål og det andre eit oppfølgingsspørsmål for dei som svarar ja. Her var det ikkje naudsynt med nokon «veit ikkje»-kategori, men det var éin respondent som ikkje svara på spørsmålet, så difor trengde eg ein «anna»-kategori her òg.

Ja: familie	Ja: lærarar	Ja: diverse	Sjeldan	Aldri	Anna
13	5	4	4	5	1

Tabell 6: Kategori 1 – «Fått kjeft for banninga?»

69 prosent svarar bekreftande på at dei har fått kjeft for å banne, og hovudsakeleg er det foreldre (spesielt mor) og lærarar som står for dette: «Ja, selvfølgelig av foreldre og besteforeldre», «Helst fra min mor», «Lærer hahah».

I kategorien «Ja: diverse» finn vi dei som har ramsa opp andre instansar for kjeft enn berre familie og lærarar: «Ja, av lærere, foreldre, søsken og venner», «Familie og andres familier. Mest voksne», «ja, alle...».


12 prosent («sjeldan»-kategorien) er meir moderate, og skriv ting som «Av og til av mor og far, men ikke ellers». Men sjølv om desse svara ikkje er like bestemte som dei andre ja-svara, er dei likevel ja-svar. Totalt kan vi altså slå fast at 81 prosent av respondentane kan huske å ha fått tilsnakk for språkbruken sin ein eller anna gong. Fem respondentar svarar at dei aldri har fått kjeft for banninga. Den eine som finst i «anna»-kategorien svarar så fint «Fra mor di», og eg synest jo det er litt morosamt at nokon har svara på ei undersøking om banning med (om enn unorsk) banning.

På dette spørsmålet er det ingen skilnadar i svara med omsyn til kjønn eller alder – gruppene har fått like mykje kjeft, og dei har stort sett fått det frå familie og lærarar. Når det gjeld heimstadvariasjon så har alle elevane frå Hå og Klepp opplevd å få tilsnakk for språkbruken sin, medan dei fem som svarar at dei *aldri* har fått det kjem frå Stavanger og Time. Men her må det seiast at dette sannsynlegvis har samband med at det var langt fleire respondentar frå Stavanger og Time, og funnet gir altså ingen indikasjon på til dømes at foreldre og lærarar i dei andre kommunane er strengare.

#### 4.3.2 Kategori 2: Eg tilpassar banninga i visse situasjonar

I denne kategorien var det opphaveleg 149 respondentar (66 % av totalen), men her var det tre stykkar som valde å ikkje svare på nokre av dei opne spørsmåla og éin som berre svara på spørsmål 2, så statistikken under er basert på 146-147 svar. Spørsmåla her var:

- Hvorfor begrenser du språkbruken din i visse situasjoner?
- Blir du "flau" om du er sammen med venner som ikke begrenser seg i slike situasjoner?
- Hvorfor banner du når du er alene eller sammen med venner?




Figur 26: Kategori 1 – «Fått kjeft for banninga?» (%)

Det fyrste som slo meg når eg skulle analysere svara for denne delen var at det var mykje vanskelegare å konstruere svarkategoriar ut ifrå det respondentane hadde skrive, både fordi det var langt fleire respondentar her, men òg fordi mange svar var ufullstendige eller vanskelege å tolke. I byrjinga sorterte eg svara ut ifrå den konkrete ordbruken, slik at dei som rett fram nemner ordet «respekt» (eller variasjonar som «omsyn», «høflegheit» osv.) hamna i kategorien «respekt», men etter kvart måtte eg òg gjere ein del eigne tolkingar. Til slutt enda eg opp med fire hovudkategoriar, pluss «veit ikkje» og «anna», der sistnemnde òg måtte inkludere dei som kalla banning for «unødvendig». Det må nemnast at ikkje alt i «anna»-kategorien er mindre relevant enn dei andre svara, men eg måtte gjere eit utval, og det var rett og slett ikkje nok svar av same type til at det var verdt å lage eigne kategoriar. Av dei som hamna her blei det mellom anna sagt «Føler ikke jeg har behov for det, og jeg liker ikke når andre gjør det. Jeg har stort nok ordforråd til å klare meg uten», noko som er eit viktig utsegn, men eg måtte altså korte ned på kategoriane.

Respekt	Upassande					Unødvendig	Anna
68	33					3	9
Respekt / upassande		Førebilete	Sjølvsframstilling	Reaksjonar	Veit ikkje	Anna	
101		15	15	10	4	12	

Tabell 7: Kategori 2 – «Kvifor tilpasse banninga?»



Figur 27: Kategori 2 – «Kvifor tilpasse banninga?» (%)

Det er heile 20 respondentar som nyttar ordet «respekt», og endå fleire om ein tel med innhaldsmessig tilsvarande omgrep («omsyn», «høflegheit» osv.). Og då eg gjekk inn for å tolke innhaldet i setningane som ikkje nyttar slike ord, blei det klart at det likevel ofte er tankar om respekt som er bakgrunnen for mange av

svara, til dømes «Prøver å oppføre meg

greit når jeg er med folk jeg ikke kjenner» og «Eg vil ikke at andre som ikke liker språkbruket mitt til å føle seg ukomfortabel». Nokre nemner òg normer og reglar, ofte med rot i oppseding, som grunngeving: «Har blitt lært opp til at det eigentleg ikkje er lov/greitt å banne». Det er mange som kallar banning for *stygt*, *slemt*, *frekt* eller *forferdeleg*, og eg valde å plassere desse svara i same kategori (respekt). Døme her er «Fordi eg synest at det er slemt å banne forann folk uten at de synest det er greit» og «Fordi det høres forferdelig ut ovenfor andre mennesker».

I tillegg er det mange som skriv at det er *upassande* å banne i visse situasjonar, og i mange svar er grunngevinga for dette at dei ikkje vil støyte andre menneske. Igjen kjem det fram at normer har mykje å seie for korleis ein oppfattar kva som er passande og upassande: «Siden det er sånn, visse plasser snakker du bare ikke sånn, men du burde egnetlig aldri snakke sånn». Det er 14 stykkar som nemner *situasjonen* som upassande, medan 19 stykkar fokuserer meir på *personane* som er til stades, og då er det som regel *familie, framande, gamle folk* og *barn* som blir nemnde.

Svartypen «respekt / upassande» utgjer godt over halvparten av alle svara. I tillegg er det 10 % som seier at dei passar ekstra godt på språket sitt når dei er i nærleiken av barn, fordi dei ikkje vil vere eit dårleg førebilete: «[...] vi som ungdomer blir ofte sett opp på av barn, og hvis vi banner kan de la seg påvirke av dette og begynne å gjøre det selv». Det som kjenneteiknar begge desse kategoriane er at det er omsynet til andre som er viktigaste. Men det er òg ein god del som fokuserer på si eiga framstilling: 10 % meiner banning kan øydeleggje for korleis ein sjølv blir oppfatta av andre, til dømes at ein blir sett på som mindre smart: «Folk kan få feil inntrykk av meg og tenke eg er useriøs», «fordi, å banne er tegn på at du ikke har noe bedre å si. som er tegn på lav intelligens». 6 % svarar at dei ikkje vil banne føre visse folk fordi dei er redde for reaksjonar som kan kome, til dømes «For å ikkje få kjeft», «FOR ÆG VIL IKKJE LAGA NOMMAR» (det vil seie: respondenten vil ikkje lage noko nummer ut av banninga) eller «Far blir sure».

Omsynet til andre er heilt klart den viktigaste grunngevinga på tvers av alle kommunane, og det same gjeld det å vere eit godt førebilete. Det er litt fleire som ynskjer å unngå kjeft i kommunane Time og Klepp, og dei som er mest opptekne av si eiga framstilling finn vi i Stavanger og Time, men desse variasjonane er så minimale at eg ikkje ser på dei som spesielt relevante. Når det kjem til kjønn og klassetrinn derimot, er skiladane noko meir påfallande. Berre to av dei ti som fryktar reaksjonar eller tilsnakk frå andre er jenter. Sju av gutane forklarar at dei lar vere å banne fordi dei ikkje vil få kjeft, og éin av dei seier at dei ikkje får lov til å banne. Men med det sagt, så finst det mykje omtanke blant gutane òg, og svar som nemner respekt for andre og omsyn til barn og eldre er det mange av. I tillegg til å vere gutar, er dei fleste som skriv at dei blir mødt med reaksjonar om dei bannar ungdomsskuleelevar, og når eg les svara så får eg litt inntrykk av at dette har med modnad å gjere. Det verker som om tanken om at banning ikkje alltid passar seg er meir innlært eller akseptert hjå elevane frå vidaregåande.


På same måte som med spørsmål B i kapittel 4.3.1 var det neste spørsmålet for denne gruppa av respondentar òg eit ja/nei-spørsmål, men då utan oppfølgingsspørsmål. Likevel

viste det seg at skiljet mellom ja og nei ikkje er så klart som eg hadde forventa, då det er mange som svarar nei, men så gir dei eit meir utfyllande svar som tyder på at andre si upassande banning likevel kan plage dei. Eg måtte difor opprette ein kategori kalla «nei, men», der innhaldet tyder at dei blir brydde, men respondentane har likevel svara «nei». Døme på slike svar er «Nei, men jeg blir irritert», «Blir ikke direkte flau, men kan mene at det er upassende» og «Nei, eg blir ikkje flau men eg syns ikkje det er greit hvis han banner og det er folk på side av han».

Slike funn fekk meg til å angre litt på at eg hadde nytta ordet «flau» i spørsmålsstillinga. Det at fleire svarar «Nei, men eg blir [anna kjensle]», viser at dei blir plaga, men ikkje vil kalle det «flau». Det at ordet blei sett i hermeteikn i spørsmålsstillinga ser ikkje ut til å ha hatt særleg innverknad på korleis ordet blei oppfatta. Og «flau» er sikkert eit tabu ord i seg sjølve, medan ord som «irritert» eller «sint» kanskje er variasjonar av reaksjonar som fleire ville ha likt å identifisere seg med. Dette er spesielt eit problem når det gjeld statistikken for nei-svara. Så mange som ni stykkar har teke seg bry til utbrodere eit enkelt ja/nei-spørsmål for å seie at dei ikkje blir flau, men irriterer seg på eit eller anna vis, og då er det nærliggjande å tenkje at mange av dei som berre har svara eit kort «nei», i realiteten kan ha nokre negative kjensler knytt til temaet likevel.

Ja	Nei, men ...	Nei	Anna
85	9	52	1

Tabell 8: Kategori 2 – «Blir du "flau" over andre si banning?»



Figur 28: Kategori 2 – «Blir du "flau" over andre si banning?» (%)

Når det gjeld dei som har hamna i ja-kategorien, er det fleire av desse som berre nemner situasjonar, eller skriv «litt», «av og til» osb., til dømes «Ja litt, hvertfall hvis de har skikkelig stygg språkbruk». Men over halvparten av dei har skrive eit tydeleg ja, og fleire av dei har òg valt å utbrodere: «Ja det er veldig flaut», «Ja, viss det blir for mye banneord så kan det hende jeg sier ifra : Rolig nå»,

«Ja. Hvis jeg har venner lver og de banner forann familien blir jeg flau. Da tenker jeg over hvordan keg oppfører meg hjemme hos andre».

Same typen utdypa svar finn vi òg i nei-leiren: «nei syns det er løye viss alle ser på han», «jeg gir vell egentlig en strak faen i om kompisene mine banner eller ikke. det går

utover dem og ikke meg», «Nei, folk får si det de mener er rett, men for me faller det meg ikke inn å banne ofte blant andre som ikke banner».

Anna-kategorien måtte bli oppretta for svaret «nå», som eg ikkje veit kva veg skal tolkast.

På dette spørsmålet er det ingen forskjellar når det gjeld heimstad; ja- og nei-svara er altså ganske jamt fordelt. For aldersvariabelen er svara like blanda, men ein forskjell her er at elevane frå vidaregåande står for størstedelen av dei utfyllande og grunngeve svara. Når det kjem til kjønn, er det mange fleire jenter som har svara ja, og mange av dei skriv òg at det kjem veldig an på kva ord som blir brukte. Gutane har fleire nei-svar, og det er hjå gutane vi finn dei meir likegyldige svara, som at offentleg banning berre er morosamt og at «det går utover dem og ikke meg».

På det tredje spørsmålet for denne gruppa var det igjen veldig vanskeleg å skilje mellom grunngevingane/kategoriane, men fyrst og fremst har eg teke utgangspunkt i dei konkrete omgrepa dei bruker. Eit døme der kategoriane er spesielt uklare, er forholdet mellom *forsterking* og *affekt*. I starten trekte eg eit skilje mellom det å banne på grunn av smerte eller akutt aggresjon (affekt) og det å bruke banneord som meir kontrollerte forsterkarar (uttrykking), men fordi banning i affekt tross alt *er* ein måte å uttrykkje seg på, har desse to grunngevingane blitt plassert i same kategori. Det same gjeld det å seie at ein bannar fordi det er ein *vane* eller del av *miljøet* og det å seie at ein blir *påverka av andre personar rundt*, då det tross alt er personar som utgjer miljø.

Uansett: kategoriane går sjølvsagt inn i kvarandre, og det eine påverkar det andre. Og nokre plassar har det vore nesten umogleg å vite heilt kva respondentane meiner. Men det er interessant å sjå kva ord dei nyttar, og ein plass måtte eg setje grenser.

Forsterking	Affekt	Vane/miljø	Blir påverka		
25	34	47	10		
Uttrykkje meg		Vane / miljø		Konsekvensfridom	Veit ikkje
59		57		35	11
					Anna
					12

Tabell 9: Kategori 2 – «Kvifor banne åleine eller saman med vener?»

«Uttrykkje meg» inkluderer som sagt både dei som svarer at dei gjer det som bevisst forsterking (nemnt 25 gonger) og dei som seier at det ofte skjer i affekt (nemnt 34 gonger), og det er desse svara som utgjer den største kategorien.

«Vane/miljø» inkluderer dei som seier rett ut at det har blitt ein vane, dei som seier at det er del av det å vere i eit ungdomsmiljø, og dei som «skyldar på andre» ved å seie at dei blir påverka av

folk rundt (og til dømes ikkje har behov for å banne når dei er åleine). Sistnemnte kategori inneheld så mange som 10 svar, noko som kan tyde på at veldig mange av dei som bannar saman med vener ikkje har noko «naturleg behov» for å gjere det i einerom, men gjer det som eit resultat av å tilpasse seg miljøet.


«Konsekvensfridom» vil seie *mangel* på at folk blir støtt og såra, til dømes «For venner tåler det» eller «For jeg vet de ikke bryr seg». Fleire snakkar òg om eit slags «friare miljø» i venegjengen: «Fordi eg føle meg litt meir fri», «Meir åpent og ingen som dømmer deg».

Når det gjeld dei som har hamna i «anna»-kategorien her, går det mykje i «fordi eg kan». Eg kunne ha tolka dette i same lei som med konsekvensfridomen over, altså «eg kan, ingen seier meg imot», men eg har valt å ikkje tolke så mykje. Personleg ville eg uansett berre oppfatta dette som ei obsternasig ytring for å bli ferdig med undersøkinga, då dette har blitt ein vanleg måte å ytre seg på blant dei unge. Ein artikkel i Urban Dictionary (The Smitemeister 2008) har definert uttrykket «Because I can» slik:

An absolute and valid verbal justification of any action that is seemingly without a clear goal or purpose.

This expression is used to quickly make someone realize that the action in itself is so mindnumbingly cool and awe-inspiring that a purpose is no longer necessary.

Det er ikkje mange skilnadar knytt til klassetrinn eller heimstad på dette spørsmålet. Det einaste som eigentleg kan vere verdt å nemne er at medan Stavanger og Time har ei ganske jamn fordeling av sosial og aggressiv banning som grunngevingar, er elevane frå Hå mest opptekne av den sosiale banninga og elevane frå Klepp mest opptekne av den aggressive



Figur 29: Kategori 2 – «Kvifor banne åleine eller saman med vener?» (%)



(altså banning i affekt). Men når det kjem til kjønn, er det eit par ting som utpeiker seg. For det fyrste har gutane kortare svar, og det går meir i «vane», «veit ikkje», «er berre sånn» og «fordi eg kan». Generelt er fleire av gutane meir «vyrdlause» i måten dei svarar på, noko denne setninga er eit godt døme på: «jeg banner for å uttrykke meg sterkt og fordi det banneord ruller som en dansende engel på tungen min. god jul motherfucker». For det andre er det påfallande at fleire av jentene skriv at dei prøver å slutte med banninga, noko som gir inntrykk av at det finst ein slags skam knytt til denne språkbruken. Det er òg flest jenter som meiner at dei blir påverka av venene sine, og nokre supplerer dette med at dei til dømes ikkje bannar når dei er åleine. Men på den andre sida er det òg fleire av jentene som svarar at dei slappar meir av og kan vere meir seg sjølv saman med venene sine.

#### **4.3.3 Kategori 3: Eg bannar sjeldan eller aldri, uansett situasjon**

I denne gruppa var det opphaveleg 48 respondentar (21 % av totalen), men fire stykkar valde å ikkje svare på følgjande opne spørsmål:

- a) Hvorfor banner du ikke?
- b) Blir du irritert/reagerer du hvis du hører andre banne, eller tenker du ikke så mye over det?

For det fyrste spørsmålet klarte eg å konstruere fire hovudkategoriar, og som vanleg inkluderte eg òg kategoriar for «veit ikkje» og «anna».

Tre av hovudkategoriane, «vane», «religion» og «dårleg språk», er ganske lette å forstå seg på. Dei som har hamna i «vane»-kategorien skriv stort sett at det fell dei naturleg inn å ikkje ville banne – dei har aldri banna noko særleg, og dei kjenner heller ikkje behov for å gjere det: «Ser ikkje vitsen med det». Merk at for dette spørsmålet er det ingen som kallar det å avstå frå banning som ein *uvane*, så ein kan slå fast at det blir sett på som ein bra ting å ikkje banne. Likevel er det interessant at ein av respondentane har svara «føler ikke behov for det, kan hende jeg banner om jeg blir veldig irritert». Denne formuleringa kan vel tyde på at det likevel finst behov for det i visse situasjonar?


«Religion»-kategorien inneheld stort sett ytringar om personleg tru, og ikkje så mykje om religion i familien. Men ytringa «Eg er kristen og er lært opp til at det er stygt å banne» kan både handle om indre religiøse verdiar og respekt for andre.

«Dårleg språk» har berre blitt brukt som argument to gonger, men fordi det er eit interessant syn som eg ynskjer å kome djupare inn på i drøftingskapittelet, valde eg likevel å ha det med som ein eigen kategori. Det som konkret blei sagt her var «Har alltid tenkt at banning er tegn på dårlig ordforråd. Jeg vil ikke fremstå mindre smart med vilje» og «Det

svekker språket, og viser at du ikke kan argumentere/ ha en samtale uten å føle deg overlegen».

Stygt	Vane	Religion	Dårleg språk	Veit ikkje	Anna
16	14	4	2	5	3

Tabell 10: Kategori 3 – «Kvifor la vere å banne?»



Figur 30: Kategori 3 – «Kvifor la vere å banne?» (%)

Men den kategorien som har flest svar i seg (36 %), som eg har kalla «stygt», er kanskje litt vanskelegare å definere. For kva betyr det eigentleg når nokon seier at dei ikkje bannar «Fordi banning er stygt» eller «Det er ikkje fint»? Høyrest eller ser det stygt ut, altså at der er noko spesielt ved orda som gjer at dei skil seg ut reint *estetisk*? Eller er det stygt i den forstand at det kan såre andre (det vere foreldre,

framande eller ein gud), og at det på den måten er meir eit *etisk* problem? Berre eitt av svara her er spesielt utdjupande, nemleg «Fordi sosiale normer har bestemt at dette er forbudte ord, og kan derfor støte mange, spesielt den troende eldre generasjonen», og her er det klart ei etisk problemstilling. Nokon har òg nytta omgrepa «dårleg gjort» og «frekt», som kan peike i same retning. Men dette er likevel ei problemstilling eg vil kome tilbake til i drøftingsdelen.


I «anna»-kategorien finst svara «DET ER IKKJE KULT, OG EG FÅR IKKJE LOV», «Foreldre mine har lært meg godt» og «ER IKKE NATURLIG». Spesielt sistnemnde her, *naturlegheita* ved banning, er noko eg bit meg merke i og vil ta tak i seinare.

Det at banning er «stygt» er ei grunngeving som finst på tvers av alle kommunane. Dei fleste av dei som lar vere å banne på grunn av vane kjem frå Stavanger, og dei fleste kristne kjem frå Time. Likevel er det ikkje store skilnadar når det kjem til heimstad. Tre av fire som ikkje bannar på grunn av religion, er gutar. Det er i tillegg berre gutar som seier at dei lar vere å banne fordi banning er eit uttrykk for dårleg språk, og desse er òg elevar på vidaregåande. Jentene dominerer klart kategoriane «stygt» og «vane». 14 av dei 16 som kallar banning «stygt» er ungdomsskuleelevar, medan kategoriane «vane» og «religion» inneheld omtrent like mange svar frå kvar skuletype.

Det siste spørsmålet i undersøkinga, spørsmål B, er igjen eit ja/nei-spørsmål. Men på same måte som tidlegare, så var det ikkje heilt lett å skilje ja og nei frå kvarandre.

Nei	Ja	Anna
26	17	1

Tabell 11: Kategori 3 – «Reagerer du på andre si banning?»



Figur 31: Kategori 3 – «Reagerer du på andre si banning?» (%)

Størstedelen av respondentane svarar at dei ikkje bryr seg noko særleg om at andre bannar. Men sjølv om det er 26 stykkar som har hamna i kategorien «nei», så er det berre 15 av desse som svarar heilt utvitydig. Elleve av dei har nokre svar som verkar meir modererte, til dømes «Tenker ikkje mykje over det» og «Det har desverre blitt helt naturleg, da jeg hører banning ekstremt mange ganger i

løpet av en skoledag». Begge seier jo at dei ikkje bryr seg, men det å ikkje tenkje *så mykje* over det er vel ikkje heilt det same som å gi fullstendig blaffen, og ein bør merke seg ordet «dessverre» i den andre setninga. Dei som svarar slik er blitt plasserte i nei-kategorien, men det er samtidig viktig å nyansere desse 59 prosentane som utgjer denne kategorien.

Den same problemstillinga finn ein i ja-kategorien, der berre sju av 17 svarar klart at dei reagerer, til dømes «EG BLIR SUR» eller «Ja, jeg har sagt det til vennene mine (de som banner) at jeg syns ikkje at det er vits at de gjør det. Og når de banner sier jeg alltid "ikkje bann"». Fire av desse 17 skriv at dei reagerer «av og til», medan seks av dei nemner situasjon, person eller banningsmengd som avgjerande for om dei reagerer.

«Anna» er ein person som ikkje har svara på spørsmålet.

På spørsmål B for denne gruppa er det absolutt ingen forskjellar når det gjeld kjønn, men det er eit par ting å nemne på dei andre variablane. I Hå og Klepp har alle svara nei. I Stavanger har éin person svara klart ja, men trass i at dei fleste har svara nei, er det fleire av desse svara som er modererte. Eit døme på dette er «tenker ikke så mye over det, hvis det er veldig kvass banning eller foran barn/voksne så kan det hende jeg reagerer og synes det er unødvendig». Her skil seg Time kommune seg ut: sjølv om dei fleste har svara nei her òg, er dette den einaste kommunen i undersøkinga som har relativt mange som seier klart og tydeleg at dei reagerer. Begge døma frå ja-kategorien over er svar frå Time kommune. Til slutt er det ein vesentleg forskjell i alder. Medan ungdomsskulen har ei ganske jamn fordeling av folk som reagerer på andre si banning og ikkje, er det *ingen* av elevane frå vidaregåande skule som svarar beint fram ja på dette spørsmålet.

## 5.0 DRØFTING

Dette kapittelet er todelt. Det fyrste eg skal ta føre meg, er feilkjelder og tolkingsfeil. Her vil eg vurdere om funna mine er pålitelege og om generalisering er mogleg. Deretter skal eg forsøke å samle trådane frå funn-kapittelet. Dette inneber fyrst og fremst å finne eit slags svar på problemstillinga og hypotesane mine, men eg vil òg drøfte nokre av dei tilleggsfunna som eg tidlegare i avhandlinga har lova at eg skulle kome tilbake til.

### 5.1 Kritisk drøfting av data og moglege tolkingsfeil

Som vi hugsar frå metodekapittelet, så nytta eg Jacobsen (2005) sine undersøkingsprosess-fasar for å passe på at funna frå undersøkinga mi skulle bli så gyldige som mogleg. Og når eg nå er i ferd med å kome til ein slags konklusjon og avslutning av prosjektet, er det viktig å ha eit kritisk blikk på dei dataa eg har samla inn, og eg vender difor tilbake til dei to siste av Jacobsen sine fasar: «kritisk drøfting av data» og «talking og tolkingsfeil». Her er det spørsmål som «kan eg stole på resultatata mine?», «har eg målt det eg ynskte å måle?» og «kan eg generalisere?» som er aktuelle. Forskarar kan lett gå i den fella at dei vel ut data som passar med det dei venta å finne, eller data som er interessante fordi dei er dramatiske og spanande, men det betyr ikkje at det er desse funna som stemmer med røynda. Difor vil eg i det følgjande fyrst seie litt generelt om dei tankane eg har gjort meg kring moglege feilkjelder, og deretter gå meir systematisk inn på relevante tolkingsutfordringar i kvar del av undersøkinga.

Det fyrste ein bør vere kritisk til i slutfasen av eit prosjekt, er den *interne* gyldigheita. Intern gyldigheit betyr at dei resultatata ein har kome fram til er riktige. For å sjekke dette nemner Jacobsen (2005: 214-215) at ein til dømes kan spørje deltakarane om dei kjenner seg igjen i resultatet, eller ein kan sjekke same problemstilling med ulike metodar. For min del var ingen av desse aktuelle, men det eg likevel kunne gjere var å kontrollere eigne funn opp mot anna empiri, altså det som nå utgjer teorikapittelet mitt. Det er riktig nok ikkje skriven så mykje om temaet banning, men *noko* finst det, og kjeldene mine har vore uavhengige. I tillegg har eg vore veldig nøgd med utvalet mitt av respondentar, då kombinasjonen nærleik til fenomenet og (sannsynlegvis) få motiv for å ikkje gi sann informasjon, er lovande for gyldigheita. Vidare meiner eg at eg har vore grundig i analysefasen. Eg har til dømes endra på kategoriane for å sjekke om resultatata endra seg, og eg har nytta ulike uttrykk for å vise fram desse endringane. Ein bør som regel vurdere fleire ulike funn og konklusjonar før ein seier

kva som er mest truverdig, og det er nettopp det eg skal prøve å gjere i løpet av dette drøftingskapittelet.

Sidan eg nytta meg av faste svaralternativ i delar av undersøkinga mi, har det vore viktig for meg å stille spørsmål ved det som er kalla for den *omgrepsmessige* gyldigheita. Måler spørsmåla mine verkeleg det eg er interessert i? Det fyrste eg gjorde for å sjekke dette, var rett og slett å spørje medstudentar om dei meinte undersøkinga mi var forståeleg. Vidare gav eg respondentane moglegheit til å kommentere spørsmåla mine undervegs i undersøkinga, slik at dei kunne rette opp i eventuelle misforståingar.<sup>6</sup> Eg nytta òg blanda metode, noko som viste seg å gi meir arbeid til meg, men som samtidig gjorde at eg kunne få meir innsikt i kva respondentane faktisk meiner. Det einaste eg har sakna når det gjeld spørsmåla, er *fleire* spørsmål. Eg skulla gjerne ha likt å kunne stille oppfølgingsspørsmål, og som vi skal sjå i delkapitla under, så er det nokre av respondentane som har sakna enkelte kraftuttrykk i undersøkinga. I tillegg angrar eg som nemnt på at eg nytta ordet «flau» i det eine spørsmålet.

Den siste typen gyldigheit eg vil seie noko om, er *ekstern* gyldigheit, og her finst det to typar: generalisering av eit fenomen og generalisering til ein populasjon (Jacobsen 2005: 222). Fyrstnemnde er ofte mest relevant for kvalitative funn, og målet er å kunne lage ein teori ut ifrå den empirien ein har funne. Men hovudmålet mitt er ikkje å lage nokon ny «universell» teori. Det eg derimot må kunne gjere, er type to, nemleg det å generalisere frå utval til populasjon, altså fastslå at funna mine kan overførast til røynda, og det viktigaste kriteriet for å kunne gjere dette er at funna er *representative*. Mitt største problem her, er at eg ikkje fekk tak i så mange respondentar. Likevel hevdar Jacobsen (2005: 300) at det ikkje er *talet* på folk som faller frå som er hovudproblemet, men *kven* som faller frå. Det er med andre ord systematisk skeivt fråfall, ikkje totalt fråfall, som gjer resultata usikre. I mitt tilfelle er det fyrst og fremst totalt fråfall (heile klassar) eg har mista, ikkje bestemte deler av klassane (til dømes jentene). Når det gjeld fordelinga mellom kjønn og alder, er denne veldig jamn, og funna for desse kriteria bør vere ganske representative. Diverre førte totalfråfallet av klassar til at eg mista respondentar frå visse kommunar, og heimstadfordelinga er difor veldig skeiv. Dette er trist, fordi eg har nokre veldig interessante funn for heimstadvariabelen, men dei er altså ikkje til å stole på. I tillegg må det nemnast at det låge talet på elevar totalt sett òg fører til at det er mindre sannsynleg at utvalet liknar populasjonen. Men på den andre sida: viss eit funn utmerker seg med høg prosentdel, er det likevel sannsynleg at funnet kan vere relevant.

---

<sup>6</sup> Eg kjem tilbake til desse kommentarane i kapittel 5.1.1 og 5.1.2.

Sjølvs om dette har vore eit forsøk på ei objektiv og deskriptiv undersøking, er det umogleg å leggje fram hundre prosent riktige og absolutte svar. Funna er eit resultat av *tolking*, og feil og manglar her kan vere skulda både misforståingar hjå meg og misforståingar hjå respondentane. Eg kan ha trykt feil då eg skulle kode og leggje inn data i ulike program, til tross for at eg har kontrollert så godt eg kan. Vidare kan eg ha feiltolka samvariasjon som samanheng, sjølvs om denne samanhengen ikkje finst i røynda. Eg har ikkje nok variablar til å sjekke dette – til dømes har eg inga måling av identitet eller gruppetilhøyrse, og eg har heller inga moglegheit til å kontrollere funna over tid. Det at banning blant ungdom på Jæren ikkje har blitt forska på før, gjer i tillegg at eg ikkje har noko godt samanlikningsgrunnlag. Likevel ynskte eg å kunne seie noko om *kvifor* funna er som dei er, og konsekvensane av dei, og eg har difor passa på å ikkje berre lene meg på ein bestemt teoretikar, men har i staden prøvd å samle inn så mykje informasjon om norsk banning som mogleg. Når det gjeld feilkjelder hjå respondentane, kan ein fyrst og fremst tenkje seg at enkelte av dei kan ha svara «strategisk». Kanskje dei ynskte å framstille seg sjølvs på ein spesiell måte? Når metoden inneber sjølvrapportering er det alltid ein viss fare for løgn – medviten eller umedviten. I tillegg kan ein tenkje seg at interessa for å delta ikkje var på topp hjå alle, og nokre kan ha trykt tilfeldig nedover lista berre for å bli ferdig. Enkelte kan ha oppfatta spørsmål feil, eller dei kan ha blitt distraherert av svarkonteksten.

I det følgjande vil eg gå gjennom kvar del av undersøkinga for seg, greie ut om moglege feilkjelder og sjå på relevante tilleggskommentarar frå respondentane.

### **5.1.1 Utfordringar i del 1 av undersøkinga**

Det fyrste som kan vere problematisk når det gjeld det å kome fram til truverdige resultat i denne delen av undersøkinga, er noko så enkelt som at orda og setningane er utan kontekst. Respondentane blei bedne om å rangere uttrykka, men i det verkelege liv vil nok grada av grovleik variere etter kor ein er og kven ein er i lag med. Dette er noko som ikkje er mogleg å gjere så mykje med i eit kvantitativt spørjeskjema, men då er det desto viktigare å vere klar over det i ein analysesamanheng.

Ei anna utfordring er at dei gjennomsnittstala eg har kome fram til ikkje seier noko om variasjonane eller ytterkantane i svara, men dette var likevel noko eg prøvde å ta høgde for ved å sjå på kor mange prosent som valde det grovaste alternativet, pluss kva alternativ som blei valt hyppigast. Mellom anna var denne teknikken med på å stadfeste at gutane ser på ordet *fritte* som ganske mykje mildare enn kva jentene gjer, og eg meiner difor at eg har minimert dette problemet så godt som mogleg.

Ein tredje ting som kunne blitt eit problem, er at eg valde å berre ha med utvalde ord då eg skulle kontrollere rangeringa opp mot heimstad, kjønn og klassetrinn. Orda eg tok med var fyrst og fremst dei mest interessante, og altså ofte dei med størst differanse, noko som kan gjere at det ser ut til å være meir klare forskjellar enn det er i røynda. Dette er det viktig at lesaren er merksam på.

I analysen min fann eg at alle orda i undersøkinga har fått minst éin femmar (grovaste skår) på ungdomsskulenivå, men eg skreiv samtidig i ein parentes at dette kan skuldast at ein respondent har trykt tilfeldig på femmarane nedover rekkja. Dette er ei vanleg feilkjelde for kvantitative spørjeskjema, men ho er diverre vanskeleg å kontrollere.

I samband med kjønnsforskjellane nemnde eg at ein mogleg grunn til at jentene hadde vurdert setninga «Han er dritkjekk» som mildare enn gutane kunne vere noko så enkelt som val av pronomen. Dette er i så fall ei feilkjelde. Men noko eg ikkje hadde tenkt på, men som eg blei gjort merksam på i kommentarane frå respondentane, er at det var problem med fleire av setningane. Det er fire elevar som har skrive noko i retning av at dei ikkje likte alle setningane, at nokre av setningane ikkje var så veldig realistiske eller at banneorda ikkje passa inn. Saken er jo at setningane *er* konstruerte, men at dette er noko som skin gjennom er likevel negativt, då opplevinga av at noko ikkje er reelt kan føre til at svara blir mindre reelle.

Til slutt vil eg ta føre meg den feilkjelda som er den absolutt største. I kapittel 4.1.2 fann eg ut at elevane frå Hå hadde vurdert banneorda som grovare enn kva elevane frå alle dei andre kommunane hadde gjort, med unntak av *fitte*, og eg stilte spørsmål ved kvifor det er slik. Men stemmer det at dei frå Hå vurderer fleire av orda som veldig stygge, eller finst det ei feilkjelde her? Kan det til dømes vere slik at respondentane frå dei andre kommunane har sett på femmarane som «dramatiske», og difor har vore meir motvillige til å bruke dei? Eller har dei kanskje vurdert orda meir opp mot kvarandre enn i seg sjølve, slik at dei har satt standarden med *fitte* som femmar, og så må dei resterande orda bli plassert under der? Alle desse er rimelege tankar, men eg trur at svaret her rett og slett finst i talet på respondentar. Når det gjeld fordelinga mellom kjønn og skuletype, er denne upåklageleg. Det er nøyaktig like mange jenter og gutar som har delteke i undersøkinga (114 av begge), og omtrent like mange frå ungdomsskulen som frå vidaregåande (104 mot 124). Men når det gjeld fordelinga mellom kommunane, er saka ei heilt anna. Det er heile 113 elevar frå Time kommune, 53 frå Stavanger kommune, men berre 18 frå Klepp og 12 frå Hå. Og når det i tillegg er på dei to sistnemnde at utslaga er størst, er det diverre slik at funna mine for heimstadsforskjellar i realiteten må bli sett på som mangelfulle og konklusjonslause.

### 5.1.2 *Utfordringar i del 2 av undersøkinga*

Òg for denne delen er respondentfordelinga mellom kommunar eit problem som gjer at det ikkje går an å overføre funna mine til populasjonen på nokon truverdig måte. I del 2 i undersøkinga fann eg til dømes at elevar frå Hå bannar mindre enn elevar frå dei andre kommunane, og at dei frå Klepp bannar mest av alle, men uavhengig av kor artig og interessant dette funnet er, så kan eg ikkje seie at det er påliteleg.

Eit anna problem i denne delen av undersøkinga, er at sjølvrapportering av eigen språkbruk er risikabelt. Det finst ingen garanti for at den hyppigheita av banning som respondentane melder inn er reell. Dette er noko eg har vore nøydt til å ha i bakhovudet heile vegen, men ikkje noko som er mogleg å kontrollere når innsamlingsmetoden er spørjeskjema.

I starten av analyseringa opp mot heimstad valde eg å halde meg til ordet *faen*, fordi eg meinte dette ville vere representativt nok for bruken av dei andre orda, og den opphavelige planen var å gjere det same med kjønn og klassetrinn. Men her viste det seg at dette ikkje var godt nok, og eg måtte i tillegg bruke *fitte* for å få fram nyansane. Det som likevel er viktig å merke seg, er at det berre var det eine ordet som skilde seg ut. Bruken av *faen* og dei resterande orda gav ingen utslag for kjønn, så funnet indikerer eigentleg ikkje at gutar bannar meir enn jenter, berre at dei nyttar ordet *fitte* meir.

Respondentkommentarane til denne delen av undersøkinga handla om orda som var med. Ein elev skriv «Hvorfor er ikkje herregud med?», og ein anna skriv «Eg bruker andre ord som for eksempel ‘fader’». Det desse har rett i, er at det finst mange mildare ord enn *faen*, *fitte*, *fuck*, *helvete*, *jævlig* og *satan* som kunne ha vore med i undersøkinga, og resultatet ville då truleg ha vore at fleire kunne krysse av for at dei nytta orda saman med foreldre og besteforeldre. Men som eg nemnde i slutten av kapittel 4.2.1, så er det ikkje sikkert at det var naudsynt å ha med konkrete ord i det heile. Eg kunne ha spurt «Kor ofte bannar du i desse situasjonane?» og så lista situasjonsalternativa under, og resultatet ville truleg ha vore det same. Og det er poenget: i denne delen var eg ikkje ute etter variasjonar i bruken av ulike ord, men i staden kva situasjonar som blir oppfatta som passende eller upassande for bruk av banning og tabuord.

### 5.1.3 *Utfordringar i del 3 av undersøkinga*

Del 3 har heile tida skilt seg ut ved at han har vore meir på den kvalitative sida. Ein stor fordel med at respondentane her skulle svare med eigne ord, var at informasjonen eg fekk inn kunne vere meir fri, open og røyndomsnær. Men opne svaralternativ har òg sine ulemper. For det fyrste er kategoriane som statistikken min er basert på definitivt meir uklare, og mange svar



har vore vanskelege å definere. Det var opp til meg sjølv å systematisere elevane sine kommentarar inn i faste, konstruerte kategoriar, noko som naturlegvis fører med seg mykje meir tolkingsarbeid enn i dei førre delane. Og tolking inneber alltid ein viss feilmargin. Nokre svar passar betre inn i kategoriane sine enn andre, noko som blir spesielt tydeleg om ein ser på kategoriar som «anna» og «veit ikkje». Kommentarar som er «anna» er ikkje alltid mindre relevante – dei kan vere utruleg verdifulle – men dei blir likevel sette i ein slik «kjedeleg» bås fordi dei er uvanlege. På spørsmålet om kvifor respondentane bannar, var det heile 22 % som svara «veit ikkje», og spesielt var dette eit vanleg svar blant gutane. Dette er problematisk av to årsaker: det er for det fyrste eit svar som det er umogleg å spekulere i, og det at fleire gutar enn jenter vel å svare dette gir for det andre systematisk skeivt fråfall.

Dette med opne svar leder meg til eit anna problem, nemleg spørsmålsformuleringane. Sjølv om eg jobba lenge med desse for å passe på at dei blei så solide som mogleg, hadde eg aldri nokon garanti for at dei ville fungere i praksis. Eit godt døme på dette er spørsmålet «Blir du "flau" om du er sammen med venner som ikke begrenser seg i slike situasjoner?», der eg på førehand visste at det var risikabelt å nytte ordet «flau», men eg slo meg til ro med at det var tilstrekkeleg å setje ordet i hermeteikn. Diverre var ikkje dette tilfellet, då det verker som om mange av elevane ikkje ynskte å identifisere seg med nett skjemsle, noko som truleg har gitt urealistisk statistikk. Litt av det same finn vi igjen for andre ja-/nei-spørsmål. Det er nemleg ikkje alltid lett å skilje ja og nei frå kvarandre så lenge svaret blir gitt med eigne ord og ikkje enkel avkryssing, og moglegheita til å stille oppfølgingsspørsmål hadde vore gull.

Til slutt for denne delen må eg igjen nemne det same problemet som for del 1 og 2, og det er talet på respondentar. For dei som hamna i kategorien «Eg tilpassar banninga i visse situasjonar» er ikkje dette noka direkte krise. Her var det 146 elevar totalt, og fordelinga mellom ulike kommunar, kjønn og klassetrinn var ganske jamn. Men i dei andre kategoriane var talet 44 for dei som aldri bannar, og 27 for dei som bannar uansett situasjon. Og sjølv om fleire av funna her var veldig interessante, så går det diverre ikkje an å slå fast at dei er så mykje meir enn tilfeldigheter.

## **5.2 Drøfting av funn**

Når eg nå har gjort eit forsøk på å eliminert avvika mine så grundig som mogleg, er det endeleg på tide å rette blikket mot dei funna som eg faktisk *kan* seie noko om. Formålet med resten av dette kapittelet er altså å forsøke å leggje fram eit slags svar på problemstillinga mi og hypotesane mine. I tillegg vil eg ta opp igjen nokre av dei tillegsspørsmåla som har dukka opp undervegs i analysen, og svare på dei etter beste evne.

### 5.2.1 «Kjære folk» og andre kraftuttrykk

Det fyrste delspørsmålet i problemstillinga mi var følgjande:

*Ein gamal myte skal ha det til at det sterkaste uttrykket ein jærbu kan ty til er «Kjære folk». Er dette uttrykket rekna som banning blant ungdom i dag?*

Hypotesen min kring dette var at eg venta å avfeie myten, og eg var overtydd om at folk frå Jæren, spesielt dei unge, bannar grovare enn dette. Og allereie i starten av funn-kapittelet, der eg såg på rangering av ord og setningar, kunne eg slå fast at uttrykket «Kjære folk» ikkje blei rekna som særleg sterkt uansett kva kommune eg såg på. Då eg sette funna mine opp i eit diagram, blei dette spesielt tydeleg, og eg mistenkte at ungdomane kanskje ikkje hadde høyrte uttrykket i det heile. Uansett viste funna tydeleg at dette var blant dei mildaste uttrykka i heile undersøkinga.

Boka til Magnus Ljung, som eg fyrst henta myten frå, er frå 1987. Dette er i dag 30 år sidan, og i og med at Tor Erik Jenstad var skeptisk til påstanden allereie då, så må vi rekne med at myten i seg sjølv må vere ganske mykje eldre. Eg kan ikkje uttale meg om den opphavslege sanninga – det kan godt vere at jærbuane såg annleis på denne typen språkbruk tidlegare – men overført til dei unge i dag verker påstanden iallfall veldig fjern. Kanskje er Jæren rett og slett mindre eksotisk enn folk har trudd. Nå har ikkje eg samanlikna dette området med andre plassar i landet, og det kan godt vere at det finst enkelte forskjellar mellom landsdelane. Men eg kan i det minste slå fast at jærungdomen av 2017 bruker heilt vanlege, standard banneord. Og orda som er verkeleg sterke, er dei som inneheld tabuord, medan «Kjære folk» knapt har status som nestenbanneord. Som vi hugsar frå teorikapittelet så finst det to typar nestenbanning – dei som har formmessig likskap med ekte banneord, og dei som blir brukte i same situasjon. For «Kjære folk» sin del ser det ut til at ingen av desse er aktuelle. Så:

*Viss myten om «Kjære folk» viser seg å vere falsk, kva andre ord eller uttrykk blir sett på som sterke av jærungdomen? Kor ofte bruker ungdomane utvalde ord og uttrykk, og i kva sosiale situasjonar er banning akseptert?*

Her var hypotesen min at dei mest nytta banneorda kom til å vere klassikarane *faen*, *helvete*, *satan* og *jævlig*, og at dei grovaste og minst brukte uttrykka ikkje ville vere dei religiøse, men dei som er knytt til kropp og sex. Samtidig var eg ganske sikker på at det ikkje ville vere dei konkrete banneorda som avgjer kor grov ei ytring blir oppfatta som, men i staden heile setninga og konteksten ho blir ytra i. Og i samband med kontekst, trudde eg at ungdomane ville banne mest blant vener eller åleine, og minst saman med vaksne og eldre.

Undersøkinga viste fyrst og fremst at det ikkje treng vere nokon automatikk i at grove ord er mindre brukt, slik eg tenkte om dei seksuelle orda. Eg hadde rett i at *faen*, *helvete*, *jævlig* og *satan* er ganske mykje brukte, men desse er òg rekna som dei grovaste orda etter *fitte*. Og etter *faen*, som var det mest brukte ordet, så kom *fuck* på andre plass. Dette var eit overraskande funn. Eg hadde rekna med at *fitte* kom til å skåre høgt på grovleiksskalaen fordi det generelt er sett på som ganske vulgært, men at dei religiøse banneorda framleis skulle ha status som såpass grove, hadde eg ikkje venta. Det var i tillegg spesielt å sjå at *fuck* er meir brukt enn til dømes *helvete*. Kan det hende at *fuck* blir sett på som litt meir uskuldig fordi det er engelsk? Eller er det blitt «populært» fordi det er mykje nytta i film og dataspel? Dette er spekulasjonar som eg ikkje har høve til å svare på i denne oppgåva, men ein ting som er viktig å få fram, er at banninga kanskje er mindre statisk enn mange trur og at impulsar frå andre språk ser ut til å sakte men sikkert få innpass i den norske banninga. Når det gjeld *fitte*, ordet som blei rangert som grovast, så er dette mindre brukt enn dei andre, så her er det eit visst samsvar mellom grovleik og bruk. Men det blir brukt! Så det sterkaste uttrykket ein jærbu kan ty til er såleis ikkje «*Kjære folk*», men *fitte* – sjølv om bruken som regel skjer med eit visst omsyn.<sup>7</sup>

I kommentarane frå respondentane blei det eksplisitt etterlyst ord som *fader* og *herregud*, og eg trur at nettopp slike milde banneord eller nestenbanneord er veldig populære. Det kom tydeleg fram i undersøkinga mi at ein ikkje bør banne så mykje offentleg, spesielt føre barn, og eg trur at det er nettopp her desse milde kraftuttrykka kjem inn. «*Kjære folk*» er nok litt avleggs, men ord som til dømes *fader*, *herregud*, *himla* eller *salan*, er ord som fyller litt av den same funksjonen som dei «ekte» banneorda, samtidig som personen som ytrar dei ikkje treng å bli oppfatta som smaklaus eller omsynslaus. Bruken av eufemismar treng ikkje vere noko «kristen-signal», men kan kanskje i staden sende eit signal som seier «hei, eg er ung, og banneord er ein del av språket mitt, men eg er samtidig lært opp til å ikkje vere ufordrageleg og omsynslaus kring folk eg ikkje kjenner, så eg vel å nytte desse milde kraftuttrykka framfor dei grovaste eg har i ordforrådet mitt». Samtidig tenkjer eg tilbake på historia eg nemnte i innleiinga, om han som fekk kjeft for å seie *jøsses*, og eg kan ikkje forstå noko anna enn at dette, på same måte som med «*Kjære folk*», må vere noko spesielt gammalt og avleggs. Eg tviler på at særleg mange unge i dag er klare over at *jøsses* er ei omskriving av Jesus, og ordet skåra iallfall kjempelågt på grovleiksskalaen i denne undersøkinga.

---

<sup>7</sup> Her er det i tillegg andre element som verker inn, spesielt kva kjønn talaren er, noko eg kjem tilbake til i underkapittelet om sosiolektisk variasjon (5.2.2).

Det kan sjå ut til at alle typar kraftuttrykk – frå klassiske banneord til mjuke eufemismar – kan bli brukte. Og sjølv om eg er skeptisk til akkurat «*Kjære folk*», veit eg at eg må vere forsiktig med å påstå at visse ord er levande og visse er daude. For er det noko denne undersøkinga har vist, så er det at det finst mange kringliggjande element som avgjer kva uttrykk som er aktuelle og ikkje.

### 5.2.2 Geografisk og sosiolektisk variasjon

Dei neste delspørsmåla i problemstillinga mi er knytt til geografisk og sosiolektisk variasjon. Eg skal ta føre meg det spørsmålet som handlar om heimstad fyrst:

*I kva grad verker geografisk opphav inn på bruken av og haldningane til banning?  
Har det eventuelt noko å seie kor på Jæren ungdomane kjem frå?*

Ein relevant tanke som slo meg i starten av dette prosjektet, var at det kanskje kunne vere forskjellar på om folk kjem frå «landet» eller frå «byen», men etter kvart som eg byrja å setje meg inn i stoffet blei denne ideen meir og meir fjern. Hypotesen eg landa på var at det ikkje kom til å vere forskjellar mellom kor folk kjem frå. Om eg hadde sett på heile landet, til dømes forskjellar mellom nord og sør, ville det sikkert ha vore annleis (og eg håpar at nokon tek på seg å gjennomføre ei slik kartlegging). Men internt på Jæren trudde eg ikkje at funna ville vere spesielt oppsiktsvekkjande, og det er berre dette området eg kan uttale meg om i denne avhandlinga.

Kva ord som gjennomsnittleg blei rekna som styggare enn andre fordelte seg nokså likt i alle kommunane. Men viss ein ser på dei mest «klassiske» banneorda – *faen*, *helvete*, *satan* – så er det ein klar tendens til at respondentane frå Hå kommune er dei som rangerer ord som grovast, medan dei frå Klepp ser ut til å ta lettast på banninga. Dette viste seg både når eg såg på gjennomsnitt og når eg såg på talet på femmarar, altså grovaste vurdering. Elevane frå Hå hadde vore rause med femmarane på fleire av orda. Ein annan ting som var spesielt med Hå, var at dette var den einaste kommunen der *fitte* blei vurdert som eit mildare ord enn *faen*, *helvete* og *satan*. Kan dette tyde på at dei er meir religiøse i Hå? Eller kan det vere at respondentane frå denne kommunen har sett på *fitte* som eit mogleg nøytralt ord for vagina då dei kryssa av i undersøkinga? Det at setninga «Pizza er fittegodt» (der ordet heilt klart er nytta som ein forsterkar og ikkje om vagina) blei rangert som grovast i Hå kommune, heller kanskje mest i retning av sistnemnde forklaring. Uansett er det ein klar tendens i funna til at dei frå Hå rangerer ord og setningar som grovare enn elevane frå dei tre andre kommunane, og det same gjekk igjen i del 2, som handla om bruk av banneord og kraftuttrykk i ulike situasjonar. Her

konkluderte eg med at dei frå Hå bannar mindre enn dei frå dei andre kommunane, og at dei frå Klepp bannar mest av alle.

Men då eg byrja å analysere funna for del 3, der respondentane hadde svara med eigne ord, blei biletet med eitt meir nyansert. På den eine sida fann eg at *alle* elevane frå Hå kommune hadde opplevd å få kjeft for å banne, noko som passa fint inn i mønsteret. Men ut over dette var det ikkje mykje som skulle støtte opp om at det finst særleg markante forskjellar mellom folk frå ulike plassar. På tvers av alle kommunane var det heilt klart omsynet til andre som var den viktigaste grunngjevinga for å ikkje banne, og på andre plass kom det å vere eit godt førebilete. Viss eg *måtte* ha peika på ein kommune som såg ut til å vere mindre «bannevenleg» enn dei andre i denne delen av undersøkinga, måtte det faktisk ha blitt Time. Det var berre i Time kommune at banning blei kalla ein «uvane» (ikkje berre «vane»), det var i Time kommune at eg fann dei fleste kristne, og Time var den einaste kommunen i undersøkinga der relativt mange sa ifrå klart og tydeleg at dei reagerer når andre folk bannar (til dømes «EG BLIR SUR»).

Så korleis kan vi tolke desse observasjonane? Om vi berre fokuserer på tala for rangering og bruk, er dette heilt klart interessante funn, og dei blir kanskje spesielt markerte når vi ser på dei i diagrammar slik som i funn-kapittelet. Men som vi hugsar frå tidlegare, så har eg diverre ikkje klart å skaffe nok respondentar til at tala kring heimstad kan vere truverdige. Og eg meiner at dei kvalitative funna frå del 3 i undersøkinga – saman med det faktum at statistikken ikkje er representativ – er med på å annullere det biletet som denne undersøkinga mellom anna har gitt av Hå kommune. Eg trur ikkje folk frå Hå bannar mindre enn andre på Jæren, eg trur at funna er tilfeldige. Det hadde sjølvsagt vore gøy om dei stemte, men det har ikkje eg grunnlag for å slå fast her. Og sjølv om det moglegvis stemmer at folk frå Hå rangerer banneord som grovare enn folk frå andre deler av Jæren, så betyr ikkje det at dei *bruker* dei mindre. For alt eg veit, så kan det vere at folk frå Hå meiner banneord er kjempestygge, men likevel elsker å bruke dei. Det einaste eg kan seie sikkert om funna frå denne undersøkinga, er at jærungdomen bannar, og dei bannar gjerne grovt. Det betyr ikkje at konklusjonen min er at geografisk opphav ikkje spelar inn på banninga – det kan det godt hende at det gjer – men eg kan heller ikkje slå fast at det finst variasjon mellom dei kommunane eg har undersøkt. Når det kjem til variasjon, trur eg det er meir fruktbart å sjå på andre faktorar. Og dette leder oss til neste del av problemstillinga:

*I kva grad verker andre faktorar – kjønn, alder og personleg identitet – inn på bruken av og haldningane til banning?*

Her hadde eg hovudsakleg to hypotesar frå starten: for det fyrste venta eg å finne at gutane bannar meir enn jentene, og for det andre at ungdomsskuleelevane bannar litt meir enn elevane frå vidaregåande. Desse tankane var delvis grunna i tidlegare forskning, delvis i egne erfaringar og førestillingar, og måten eg testa dei på var ved å sortere svara eg fekk inn etter variablane kjønn og klassetrinn. Det at eg venta å finne forskjellar her, men ikkje på heimstadvariabelen, var eit teikn på at eg trudde det sosiolektiske kom til å vere viktigare enn det geografiske. Men under hypotesane mine skreiv eg òg om eit tredje element, nemleg det som går på personleg identitet, og eg var overtydd om at dette skulle vise seg å vere det mest avgjerande for korleis og kor mykje ein person bannar. Sidan dette underkapittelet er kalla for «geografisk og sosiolektisk variasjon», så skal eg likevel la identiteten liggje for nå. I det følgjande vil eg gå gjennom funna for kjønnsvariasjon og aldersvariasjon, og så kjem eg heller tilbake til det som har med identitet og gruppetilhøyrse å gjere i neste delkapittel.

Som vi hugsar frå teorikapittelet, så er sosiolektisk variasjon noko som eksisterer innanfor, eller kanskje på tvers av, den geografiske dimensjonen, og det inneber talespråkleg variasjon mellom ulike sosiale grupper og einskildpersonar. Måten eg relaterte dette til mi oppgåve på, var ved å kytte mogleg variasjon til forskjellar mellom jenter og gutar og mellom ulike aldersgrupper. I teorikapittelet om kjønn såg vi at det eksisterer ein del fordommar kring spesielt det kvinnelege språket, mellom anna at kvinner har ein sterkare tendens til å bøye seg for det offisielt godtekne, at dei er meir høflege og omsynsfulle og at dei har større respekt for autoritetar og normer. Motsett kan ein lese dette som at menn då må vere meir vyrdlause, og at dei kjenner mindre på presset mot å vere omsynsfulle og veltilpassa. Korleis stemmer dette med funna frå denne undersøkinga?

Når det gjeld vurderinga av ord, var det ein klar tendens til at jentene vurderte kraftuttrykka som grovare enn kva gutane gjorde. Det einaste av dei klassiske banneorda som blei vurdert likt av begge grupper, var *faen*. For dei «milde» orda var ikkje differansen spesielt nemneverdig, men med ord som *fuck*, *helvete*, *jævlig* og *satan*, var jentene tydeleg strengare. Denne tendensen toppa seg med ordet *fitte*. Til tross for at begge kjønn var einige om at *fitte* var det grovaste ordet i undersøkinga, så var forskjellen mellom kjønna enorm. På ein grovleiksskala frå 1 til 5, låg jentene si vurdering heile 1,03 poeng høgare. Rekna om til prosent vil det seie at jentene vurderte ordet som 20 % grovare enn kva gutane gjorde. Og medan 5 var det hyppigaste svaralternativet for *fitte* blant jentene, altså vurdert som eit veldig grovt ord, hadde gutane flest svar på 3, det vil seie eit ganske middels grovt ord. 61,4 % av alle jentene som deltok meinte at *fitte* var verdt høgaste skår på skalaen, men berre 19,3 % av gutane meinte det same. Då eg undersøkte funna for rangering av setningar, var tendensen den

same: jentene meinte at det å seie «Pizza er fittegodt!» er verre enn å seie «Fort deg litt, for helvete!», og hjå gutane var det heilt motsett.

I del 3 av undersøkinga var det fyrst og fremst påfallande kor mykje meir utfyllande jentene sine svar var enn gutane sine. Ikkje berre var det gutane som var ansvarlege for den største delen av «veit ikkje»-svar, men ofte var dei òg veldig korte og inneheldt lite informasjon. Men eg tenkjer at mangel på informasjon òg kan vere ei form for informasjon, og det at nokon har kome med svar som «vane», «veit ikkje», «er berre sånn» og «fordi eg kan», er med på å bekrefte eit bilete av gutane som mindre brydd av ideen om at bruken av banning er noko ein bør tenkje over. Det var i tillegg fleire jenter enn gutar som svara bekriftande på at dei blir «flaue» om andre folk bannar omsynslaust kring dei, og det var hjå gutane at vi fann dei meir likegyldige svara, som at offentleg banning berre er morosamt og at «det går utover dem og ikke meg». Men det mest påfallande funnet i dei opne svara, var etter mi meining det at fleire av jentene har skrive at dei prøver å slutte med banninga. Om ein ser dette i kombinasjon med at fleire jenter har svara at dei bannar saman med venene sine fordi dei føler dei kan slappe meir av og vere seg sjølv då, så kan ein jo byrje å lure. Dei har lyst til å banne – og dei føler at dei er seg sjølv når dei gjer det – men kjenner samtidig på ein slags skam knytt til denne typen språkbruk, spesielt offentleg. Funnet om at jentene bannar *litt* meir enn gutane når dei er åleine eller saman med vener, kan støtte opp om dette.

Eg kan altså slå fast at kjønnsdimensjonen er ekstremt viktig når det gjeld sosiolektisk variasjon i bruk av og haldningar til banning, og analysen min har vist at gutane jamt over er meir opne for bannskap enn kva jentene er. Viss ein ser på banning som noko offisielt fordømt og uhøfleg, finst det i tillegg grunnlag for å seie at påstandane om kvinnespråk frå teorikapittelet har noko for seg. Men er menn mindre omsynsfulle? Til ei viss grad kan det nok sjå slik ut, men her kjenner eg at eg må nyansere biletet litt. Begge kjønn var til dømes einige om kva bruk av banning som høver seg i ulike situasjonar, og sjølv om *fitte* var eit meir populært ord hjå gutane, var dei einige med jentene i at det er verre å seie *fitte* offentleg enn å seie *faen* til primærfamilien. I tillegg var det mykje omsyn å oppdrive blant gutane òg, og svar som handla om respekt for andre og omsynet til barn og eldre var det mange av. Einaste grunnen til at eg ikkje har trekt dette meir fram, er at omsynstanken hjå jentene er så mykje tydelegare.

Til slutt i dette delkapittelet skal vi gå gjennom dei funna som har med aldersvariasjon å gjere, der eg har valt å setje eit lite skilje mellom ungdomsskulen og vidaregåande skule. Analysen viste at det ikkje var nokon særlig differanse mellom skuletypene når det kom til rangering av ord, og orda var i tillegg rangert i same rekkefølge på begge trinn.

Ungdomsskuleelevane var litt rausare med femmarane for ord som *faen*, *fuck*, *jævlig* og *satan*, og det var i det heile svært få ord som nådde opp til ein femmar blant elevane på vidaregåande, men ut over dette var altså forskjellane små. Det einaste unntaket av relevans var *fitte*, som blei vurdert som ein del grovare på vidaregåande, både isolert sett og i setningsrangeringa. For bruken av ord i ulike situasjonar var det heller ingen nemneverdig differanse mellom dei to skuletypene, og i del 3 kom det fram at begge gruppene hadde fått omtrent like mykje kjeft for banninga. Ein forskjell i denne delen var likevel at elevane frå vidaregåande sto for størstedelen av dei utfyllande og grunngeve svara. I tillegg var det fleire av ungdomsskuleelevane som hadde svara at dei unngår å banne i heimen eller offentleg fordi dei ikkje får lov til å banne, medan dei frå vidaregåande brukte andre grunngevingar, og tanken om at banning ikkje alltid høver seg er kanskje noko som blir meir innlært og integrert med åra. Likevel var det ingen av elevane frå vidaregåande som svara beint fram at dei blir plaga av andre si banning, noko som saman med den relativt låge rangeringa av ord gjorde at eg kunne kome med følgjande konklusjon: det er ingen klar tendens i funna mine til at den little aldersforskjellen mellom ungdomsskulen og vidaregåande skole gir utslag i bruken av banneord.

Med andre ord så var hypotesen min feil. Eg venta å finne at ungdomsskuleelevane bannar mest, men slik er det altså ikkje. Ei fyrste forklaring på dette kan vere, som nemnt i teorikapittelet, at utvikling ikkje beint fram heng saman med kronologisk tid. Spesielt i grupper der spreinga i alder er såpass låg, vil individuell modning lett føre at kjenneteikn frå ulike trinn glir over i kvarandre. Ei anna forklaring kan vere at ein eventuell overgang til mindre grad av banning skjer på eit seinare tidspunkt. Som vi hugsar frå teoridelen om ungdomsspråk, så blei det stilt spørsmål ved om banning blant ungdom er uttrykk for generasjonsendingar som ungdomane tek med seg vidare, eller om det berre er eit fenomen som dei adopterer i eit visst tidsrom. Og viss sistnemnde er rett, skulle ein kanskje forvente at elevar frå vidaregåande burde banne mindre, noko som ikkje stemmer med funna frå denne undersøkinga. Eg trur likevel ikkje at ungdomsspråket er noko teikn på ei generasjonsending. Dei vaksne har alltid kritisert språket til dei unge, og elevar på vidaregåande er definitivt framleis rekna som unge. Eg trur som nemnt heller at skiftet skjer på eit seinare stadium. Eit funn i denne undersøkinga som støtter opp om dette, er forskjellen mellom gruppene i grunngevingane for kvifor dei tilpassar språket sitt i visse situasjonar. Medan fleire av dei yngste nemner at dei lar vere å banne fordi foreldra eller lærarane deira har sagt at dei ikkje får lov til det, så er dei eldre langt meir opptekne av hugnaden hjå folk kring seg, altså at dei ikkje skal såre eller støyte vekk andre. Etter mitt syn er det ein indikasjon på at utviklinga



sakte men sikkert beveger seg i retning av meir integrerte sosiale normer, som med tida kanskje vil leggje ein liten dempar på banninga.

Som vi har sett i denne undersøkinga, så kan det vere vanskeleg å avdekkje skilnadar mellom aldersgrupper som ligg så nær kvarandre. Men det svekkjer ikkje alderen sin rolle som ein avgjerande dimensjon av den grunn! Eit veldig populært svar hjå respondentane mine var at dei ikkje ville bruke grove banneord i nærleiken av barn og eldre, og i del 2 av undersøkinga blei det klart at samvær med besteforeldre var den minst tenkelege situasjonen ein kan banne i. Det er med andre ord tydeleg at alder – kanskje spesielt tilhøyrarane sin alder – spelar inn på både haldningane til og bruken av banning.

### ***5.2.3 Idiolektisk variasjon og personleg identitet***

Hasund (2006: 87) konkluderte si gransking av UNO-materialet med at banning er ein del av språket der det finst enorme individuelle variasjonar; nokon bannar mykje, andre bannar ikkje i det heile. I tillegg fann ho at banninga var eitt av dei mest situasjonsbestemte språktrekkja i heile undersøkinga. Og desse to tinga – individuell variasjon og situasjonsbestemt variasjon – meiner eg at det er viktig å ikkje ignorere i ei oppgåve som denne. Som eg skreiv i forbindelse med gruppespråk tidlegare, så utgjør tross alt kjønn og alder berre ein beskjeden del av identiteten (eller identitetane) som eit menneske har. Difor skal eg i det følgjande ta føre meg dei delane av problemstillinga som er knytt til idiolektisk variasjon og personleg identitet:

*Kor ofte bruker ungdomane utvalde ord og uttrykk, og i kva sosiale situasjonar er banning akseptert?*

*I kva grad verker [...] personleg identitet [...] inn på bruken av og haldningane til banning?*

Hypotesane mine for desse spørsmåla var at jærungdomen bannar mest blant vener eller heilt åleine, og minst når dei er saman med eldre folk – spesielt besteforeldre – eller framande vaksne. Eg venta å finne at det ikkje er dei konkrete banneorda som bestemmer kor grov ei ytring blir oppfatta som, men i staden heile setninga og konteksten ho blir ytra i. I tillegg var eg overtydd om at identitet og gruppetilhøyrse er det mest avgjerande i forhold til korleis og kva tid ungdomane bannar. Desse hypotesane byggja både på egne førestillingar og på forskning som har vist at banningsfrekvensen gjerne er høgast der ein føler samhald med folk rundt (jf. Ljung 1987: 16).

I teorikapittelet var eg inne på at språket alltid vil variere i høve til den sosiale konteksten, og at det er vanleg at språkbrukarar tilpassar måten dei snakkar på etter grada av

formalitet i kommunikasjonssituasjonen. At dette skjer, er ein indikasjon på at språkbrukarar flest er i stand til å reflektere over eigne språklege handlingar, altså at dei innehar ein viss metaspråkleg bevisstheit og kompetanse. Ein person som pyntar på språket sitt i samvær med andre, kan ha eit skjult føremål om å framstille seg sjølv på ein bestemt måte – ofte fordi ein har ein idé om at tilhøyrarane vil sjå ned på det språket ein «eigentleg» bruker. I samband med dialekt er det gjerne slike førestillingar som gjer at ein person knotar, men teorien kan like fint vere aktuell for bruken av banning og tabuord. Måten eg valde å undersøkje denne forma for idiolektisk variasjon på, var ganske enkelt ved å spørje respondentane kor ofte dei nytta utvalde banneord i ulike situasjonar (del 2), pluss at eg rekna med at del 3 ville gi svar på det same. Men korleis skulle eg kunne uttale meg om noko så svevande som personleg identitet?

Identitet er sjølv sagt ikkje noko som går an å teste kvantitativt på same måte som eg kunne gjere med variablane kjønn og klassetrinn. Likevel var tanken at svara eg fekk inn i del 3 av undersøkinga skulle kunne kaste lys over denne dimensjonen. Dessutan ser eg eit viktig kryssingspunkt mellom språkvitskapen sin idiolektteori og det meir psykologiske fenomenet identitet, nemleg det sosiale, og identitet treng kanskje ikkje vere fullt så svevande likevel.

Hovudsakleg er det to premiss som må liggje til grunn for at analysen min av det personlege elementet skal kunne fungere. For det fyrste må vi vere einige om at det finst to ulike (men gjensidig påverkande) typar av identitet: personleg identitet og sosial identitet. Sistnemnde er viktig for å forklare korleis dei vala ein person tek – åtferdsmessig så vel som språkleg – spelar inn på korleis personen blir vurdert av og passar inn i det sosiale miljøet. Den sosiale identiteten vil deretter påverke den personlege, og motsett. For det andre må vi godta at identitet er dels eit produkt, dels ein prosess, og at individet difor kan vere med på å forme kven han eller ho ynskjer å vere ved hjelp av dei vala han eller ho tek undervegs. Desse vala kan endre identiteten permanent, eller dei kan vere del av ei midlertidig tilpassing til ein spesifikk situasjon. Og det er nettopp her at vi finn brytninga mellom idiolektisk variasjon og identitet: vi varierer talemålet avhengig av kven vi snakkar med. Av og til konvergerer vi, altså legg språket nært opp til samtalepartnaren sitt språk, noko som markerer sosial identifikasjon med det andre individet. Andre gonger divergerer vi, altså prøver å auke den lingvistiske avstanden til samtalepartnaren, og dette kan i sin tur føre til sosial distanse. Kva strategi vi vel, er sterkt knytt til kva slags type person vi sjølv ynskjer å vere. Og på same måte som ein hårsveis eller ei t-skjorte kan signalisere at ein person er punkar, og eit kors kring halsen kan signalisere at ein person er kristen, meiner eg at språket er ein minst like viktig ressurs i framstillinga av eigen identitet. Det betyr ikkje at eg kan slå fast at dei

respondentane i undersøkinga mi som bannar mykje er punkarar, medan dei som ikkje bannar må vere kristne, for slike slutningar har eg ikkje grunnlag for å kunne uttale meg om. Men spørsmålet i problemstillinga var «I kva grad verker [...] personleg identitet [...] inn på bruken av og haldningane til banning?», og eg er ganske sikker på at eg har skaffa tilstrekkeleg med meiningsfylt materiale til at eg skal klare å vurdere om det personlege aspektet spelar noka rolle eller ei.

Fyrst og fremst viste funna mine at det *sosiale* – kven ein er omgitt av – spelar ei heilt avgjerande rolle for kor mykje ein person bannar. Då er «regelen» så enkel som at du ikkje bør bruke dei grovaste orda i nærleiken av gamle folk eller barn (her kan du heller bruke eufemismar om du treng kraftuttrykk), og så kan du i staden vere meir fri i ordbruken når du er i lag med venene dine. Mange av respondentane svara at dei ikkje bannar i visse situasjonar fordi dei ikkje ville bli oppfatta som frekke eller uoppdregne, noko som passar perfekt med teorien om at folk gjerne trur at visse deler av språket dei bruker blir sett ned på av andre. Men det var òg mange som fokuserte på at dei ikkje ville vere eit dårleg førebilete for barn, og då kan det jo verke som om dei sjølv meiner at banning ikkje er ein vakker del av språket. Begge desse funna er uansett uttrykk for to ting: for det fyrste er banning framleis ein uglesett del av språket i 2017, og for det andre er det tydeleg at ungdom flest har ein god metaspråkleg bevisstheit. Men den store variasjonen i bruk mellom ulike sosiale situasjonar er òg indikasjon på ein tredje ting, nemleg at banneord er ein perfekt reiskap for å skape anten nærleik eller distanse mellom forskjellige individ og grupper. I del 3 i undersøkinga var det fleire respondentar som peika på at dei bannar mest i lag med vener nettopp fordi dette er ein vanleg og etablert samtalenorm dei imellom, og det er tydeleg at dette språket har ein samlande funksjon. Høgt forbruk av grove ord og slangord kan kanskje verke framand for eventuelle vaksne som overhøyrer desse samtalanene, men slik skal det sikkert òg vere.

Eit anna poeng som kom fram i undersøkinga mi, er at aksepten for grove ord og uttrykk heng saman med kva *type* banning det er snakk om – sosial eller aggressiv – der sistnemnde heilt klart er meir alvorleg enn den fyrste. Det er difor ikkje berre kontekst som spelar inn på bruken, men òg *styrke*. Om du bruker banneord i lystige, positive setningar, så er det mykje meir akseptert enn om du bannar aggressivt. Faktisk er det rekna som betre å banne i ei positiv setning enn å snakke stygt til nokon utan å bruke tabuord i det heile. Mange banneord blir sett på som grove isolert sett, men til sjuande og sist er det ikkje kva ord du bruker, men *korleis* du bruker dei, som avgjer kor stygg ytringa er. Ein kan jo tenkje seg at det finst ei grense her òg, altså at det finst eit slags ytterpunkt for kor mange banneord du kan

nytte etter kvarandre før det blir for drygt, sjølv i positiv meining. Men som grunnleggjande rettesnor er det iallfall betre å vere snill og grei med banneord enn slem utan.<sup>8</sup>

Ein tredje tendens i funna mine når det kjem til bruken av banneord, er at sjølv om dei fleste vel å tilpasse mengda av banneord i høve til situasjonen, er det samtidig nokon som bannar heile tida, og andre som aldri bannar (iallfall ikkje grovt). Og her kjem det *personlege* aspektet inn. Uansett kva situasjon du er i, vil identiteten din vere med å avgjere kva ord du meiner er passande og ikkje. Det treng ikkje bety at om du ikkje bannar så er du religiøs, for banneorda stikk djupare enn som så. Dei er kulturelle, og mykje ser ut til å handle om sosialisering og rein folkeskikk. Er du til dømes ein omsynsfull person, så tek du truleg meir omsyn med språket ditt òg, mellom anna fordi du har lært at andre kan bli støytte. Eg kan som nemnt ikkje slå fast nøyaktig kva personlegdomar som gøymer seg bak dei respondentane som deltok i denne undersøkinga. Men etter å ha lese kor individuelle og grunnleggjande ulike mange av svara til ungdomane var, meiner eg likevel at eg kan argumentere for at identiteten – både den personlege og den sosiale – har ein avgjerande innverknad på bruken av og haldningane til banning.

#### **5.2.4 Tilleggsfunn**

I dette siste delkapittelet vil eg drøfte nokre av dei tilleggsfunna som fell litt utanfor problemstillinga, men som eg tidlegare i avhandlinga har lova at eg skulle kome tilbake til.

##### *5.2.4.1 Banning er «stygt»*

Det var mange av respondentane i undersøkinga som kalla det å banne for «stygt». For den gruppa som svara at dei bannar sjeldan eller aldri, uansett situasjon, var det heile 36 % som hadde grunngjeve det å avstå frå denne typen språkbruk med svar som «Fordi banning er stygt» eller «Det er ikkje fint». I samband med dette stilte eg spørsmål ved kva «stygt» eigentleg tyder. Er det noko spesielt ved banneorda som gjer at dei skil seg ut *estetisk*, samanlikna med andre ord? Eller er det eit *etisk* problem, i den forstand at det er stygt gjort å såre andre?

Banneorda er såpass mangfaldige og forskjellige seg imellom at det ikkje kan vere noko med forma, ljoden eller utsjåande deira som gjer at dei blir oppfatta som «stygge». Eg

---

<sup>8</sup> Det finst eitt ord som denne tankegangen ikkje ser ut til å halde for, nemleg *fitte*, og eg skal kome tilbake til denne nulltoleransen i eit eget avsnitt mot slutten av kapittelet.

tenkjer at det stygge har med normer og vanar å gjere, og at det såleis ikkje er eit estetisk problem, men heller grunnleggjande etisk. Når eg skriv at det kan vere knytt til vane, så meiner eg at «stygt» rett og slett er eit gjengs ord å nytte om banneord – eg har jo nytta det sjølv i denne oppgåva. Banneord er stygge ord, det er ein skitten måte å snakke på, noko som mellom anna kjem fram i den klassiske oppsedartrugslen «Eg skal vaske munnen din med såpe!».

For dei kristne finst det heilt klart eit skilje mellom gode og vonde gjerningar, der det å banne har blitt plassert i sistnemnde kategori. Bannskap er ei vond gjerning fordi det går imot eitt av dei ti bodorda – det er stygt gjort mot Gud. Men for den resterande delen av befolkninga er det nok heller sosiale normer som spelar inn, og banning er då stygt fordi det kan såre eller fornærme andre. Bare eitt av svara frå undersøkinga klarte å famne begge desse sidene ved banninga i éi og same setning: «Fordi sosiale normer har bestemt at dette er forbudte ord, og kan derfor støte mange, spesielt den troende eldre generasjonen».

Eit enkelt søk i *Nynorskordboka* gir følgjande synonym til ordet «stygt»: farleg, skremmande, hard, uroleg, fæl, lei, faretruande, illevarslande, dumdristig, uvyrden, ljot, motbydeleg, ufager, keiveleg, klumpete, uflidd, ufyseleg, uhyggeleg, lei, uskikkeleg, vond, låk, usømeleg, lur og utkroppen. Og når eit ord kan dekkje så mange forskjellige (men relevante) tydingar, så er ordet kanskje perfekt for å beskrive nettopp fenomenet banning. Religiøst er det farleg, illevarslande og dumdristig å banne, fordi du risikerer å hamne i helevete. Sosialt kan du bli sett på som uflidd, uhyggeleg og usømeleg, og du risikerer å bli utstøytt av fellesskapet.

Til slutt bør det nemnast at eg ikkje tek noka standpunkt når det kjem til sjølve innhaldet i påstanden om at banning er stygt, då eg meiner dette får vere opp til den enkelte å vere for eller imot. Det eg har diskutert her er ordvalet, og viss premissen er at banning *er* stygt, så synest eg at ordet fungerer bra.

For dei neste tre underkapitla derimot, er det nettopp innhaldet eg skal ta tak i.

#### 5.2.4.2 Banning er eit teikn på dårleg ordtilfang

Både i den gruppa som tilpassar språket sitt i visse situasjonar og i den som aldri bannar uansett situasjon, kom det fram tankar om at banning er eit teikn på dårleg språk og dårleg ordtilfang: «Det svekker språket, og viser at du ikke kan argumentere/ ha en samtale uten å føle deg overlegen», «Har alltid tenkt at banning er tegn på dårlig ordforråd. Jeg vil ikke fremstå mindre smart med vilje», «[...] Jeg har stort nok ordforråd til å klare meg uten». Det å bruke banneord fører altså med seg ei rekkje negative konsekvensar, som at språket blir

svekkja og du verker mindre smart, og i tillegg vil dei som høyrer på meine at du er overlegen og har dårleg ordtilfang.

Kva «overlegen» skal tyde i denne samanhengen, er ikkje godt å seie. Men er det verkeleg nokon automatikk i at *meir* banning gir *mindre* ordtilfang? Viss nokon til dømes hadde gjennomført ei undersøking i nord, og det viste seg at nordlendingar faktisk bannar meir enn andre i landet, ville det då bety at dei har *dårlegare* ordtilfang enn oss andre? Den nordnorske banninga blir jo gjerne sett på som poetisk og imponerande innfløkt, og ordtilfanget bør vel i så fall bli vurdert som *betre*, ikkje dårlegare. Til påstanden om at banning svekkjer språket, vil eg difor heller seie at det tvert imot kan gjere språket meir nyansert, kraftfullt eller morosamt, alt etter situasjon og bruk. I tillegg viser funna frå denne undersøkinga at dei fleste har stort nok ordtilfang til å klare seg utan banning, men spørsmålet er berre om dette gjeld i absolutt alle situasjonar.

I den gruppa som svara at dei bannar uansett situasjon, så var det heile 33 % av respondentane som grunn gav dette med at banning er ein måte å uttrykkje seg på, og meiningane her er altså heilt stikk i strid med dei ovanfor. Døme er svar som «Fordi eg føler eg uttrykker meg betre då», «Uttrykker følelsene sterkere» og «Fordi det er lettere og beskrive ting me bruk av banneord». Eit par av dei som hamna i denne kategorien peika òg på at banneord gjer språket enklare, i tydinga mindre intellektuelt, og dette er altså ikkje meint i nokon negativ forstand: «for å legge mer vekt på ord og uttrykk jeg bruker uten å måtte legge ned så mye vekt i å virke intelligent», «For det er ord jeg er trygge på og passer bra inn i ordforrådet mitt da ikke alle av vennene mine forstår mer intellektuelle ord».

Dei fyrste her meiner dei uttrykker seg *betre*, og dei ser ikkje ut til å meine at språket deira blir svekkja på noko vis. Av og til er det berre banneord som strekk til for å beskrive dei kjenslene ein har inni seg! Og så er det andre som meiner banninga gjer språket enklare og mindre intellektuelt. Dette er eit interessant skilje. Er det slik at om du bruker sterke ord for å uttrykke sterke kjensler, så er dette språkleg tynt? Eg vil jo heller seie at språket i så fall er *presist*, og dermed fruktbart.

Når det er sagt, så er nok mykje avhengig av frekvens. Overdriven bruk, rein slendrian i mangel på andre, varierte ord, er kanskje ikkje så «intellektuelt». Men banning i seg sjølv er ikkje eit teikn på dårleg ordtilfang. Eg tviler sterkt på at folk som lærer seg mange banneord automatisk mister evna til å lære seg andre ord. I staden trur eg det er eit teikn på språkleg undertrykking å rakke ned på ein bestemt del av språket på denne måten. Eg synest heller vi skal sjå verdien i å ha desse orda tilgjengeleg når dei trengst. Å uttrykkje seg er heile poenget med språk, og eg meiner vi bør vere glade for alle dei orda vi har for å kunne gjere nett det.

### 5.2.4.3 Banning er unaturleg

Mange av respondentane som svara at dei ikkje bannar i det heile, grunngav det å avstå frå banning med at det ikkje er naturleg for dei å banne – dei har aldri banna noko særleg, og dei kjenner heller ikkje behov for å gjere det. Eitt av svara frå undersøkinga var så direkte som «ER IKKE NATURLIG». Fleire respondentar frå den gruppa som bannar av og til, skulda på andre ved å seie at dei berre bannar når dei er saman med vener, fordi dei då blir påverka av dei. Desse kjenner altså ikkje nokon trong til å banne i einerom, men gjer det som eit resultat av å tilpasse seg miljøet. Men det mest interessante svaret var likevel eit frå den gruppa som aldri bannar: «føler ikke behov for det, kan hende jeg banner om jeg blir veldig irritert». Respondenten har altså ikkje noko behov for å banne – bortsett frå når det oppstår eit behov.

Ut av dette finn eg to hovudstandpunkt som kan koplast til det «naturlege» eller «unaturlege» ved banning: 1. dei som meiner at dei ikkje har noko behov for å banne, og 2. dei som meiner at dei ikkje har noko behov for å banne, samtidig som dei innrømmer at dei likevel har det i visse situasjonar (når dei er med vener eller blir irriterte). Og som eg har nemnt tidlegare i avhandlinga, så er ikkje alltid sjølvrapportering til å stole på, noko desse svara eigentleg er gode døme på. Eg skal ikkje seie at alle frå det fyrste standpunktet lyg, for det finst nok nokon der ute som *aldri* kjenner trongen til å banne. Men med tanke på kor mange som sikkert eigentleg høyrer heime i punkt 2, så kan det likevel sjå ut til at det finst ein eller annan trong hjå dei fleste – gitt den rette situasjonen.

Som vi hugsar frå slutten av teorikapittelet, så er det mykje som kan tyde på at banning oppstår heilt instinktivt, som at apekattar har laga sine egne banneord ved hjelp av teiknspråk eller at banning kan hjelpe til med å lindre smerte, og eg trur at det er slik for dei aller fleste. Men kvifor er det då så mange som vel å sjå på banninga som nettopp unaturleg? For ord som *fitta* skulda Tobias Skretting (1998: 46-48) på språkleg maktbruk – overklassen og prestane si undertrykking av det ekte. Det same kan vi kanskje seie om sensuren av banneord på TV, der det ser ut til å vere dei religiøse kreftane som skrik høgast, og det er jo typisk organisasjonar med mykje makt og streng gudstru å gjere alt dei meiner er feil til noko «unaturleg». Men på den andre sida har denne undertrykkinga òg ein annan funksjon, nemleg å få det sosiale til å gli. Det blir framleis feil å kalle banninga for unaturleg, for dei sosiale normene kring dette er nok tillærte. Men på same måte som at det er hundre prosent naturleg å gå på do, finst det likevel reglar for kor og korleis ein skal gjere det om ein ynskjer å bli oppfatta som «normal».

#### 5.2.4.4 La oss snakke om *fitta*

Sjølv om eg frå starten av ikkje hadde lagt noko meir vekt på *fitta* enn dei andre orda, så var det likevel dette eine ordet som skulle vise seg å vere kjelde til eit av dei største funna i heile avhandlinga. I etterkant er eg difor veldig glad for at eg valde å inkludere ordet, og eg er overtydd om at denne oppgåva hadde sett veldig annleis ut utan.

Ut ifrå det materialet som eg har samla inn, meiner eg at det går an å utleie følgjande konklusjonar: Det sterkaste uttrykket ein jærbu kan ty til er ikkje «*Kjære folk!*», men «*Fitte!*». Likevel er det ganske brei einigheit blant ungdomane om at sjølv om ein *kan* bruke ordet *fitte*, så betyr ikkje det at ein *bør* gjere det, iallfall ikkje om ein er jente. Det har heller ikkje noko å seie *korleis* ein bruker det, for sjølv i lystige, positive setningar er det nulltoleranse for ordet.

Men kvifor akkurat *fitte*? Om det hadde vist seg at all banning og bruk av tabuord generelt hadde blitt undertrykt på denne måten, ville eg klart å forstå det. Men slik resultatata frå denne undersøkinga viser, så er det berre dette eine ordet som utpeiker seg i så markant negativ retning. Og det får meg til å lure: viss eg hadde inkludert *pikk* eller *kuk* i same undersøking, ville vi sett same typen utfall for desse? Eg trur ikkje det. I 2011 skreiv Gøril Brataas ei masteroppgåve i nordiskdidaktikk om ungdomar sin bruk av tabuutfordrande ord og uttrykk i eit identitetsperspektiv. Ho fann at *fitte* er spesielt eigna som banneord fordi det er eit kort f-ord, på same måte som *faen* og *fuck*, og at *fitte* truleg har gjennomgått ein grammatikaliseringsprosess som har tømte ordet for sitt opphavslege semantiske innhald (Brataas 2011: 79). Medan *pikk* og *kuk* framleis tyder «kjønnsorgan», kan *fitte* altså vere uttrykk for ei rekkje andre ting i tillegg. Men gjer dette oss eigentleg klokare? *Satan* kan jo både tyde djevelen og vere eit kort og enkelt kraftuttrykk, men det blir tydelegvis ikkje like grovt som *fitte* av den grunn.

Eg kjenner at oppfølgingsspørsmål til respondentane mine hadde vore veldig nyttig i denne samanheng, for eg sit igjen med fleire spørsmål nå enn eg hadde då prosjektet starta. Kva har gjort dette ordet så tabu? Blir det mest brukt som banneord eller skjellsord, eller kan ein òg bruke det nøytralt om vagina? Kvifor er det jentene som går hardast ut mot det, og kvifor er det då «greitt» at gutane bruker det? Hadde eg fått svar på nokre av desse, er eg sikker på at eg kunne ha skrive ei heil masteroppgåve om berre *fitta*. Men foreløpig, i dette korte delkapittelet, kan eg ikkje gjere så mykje anna enn å spekulere og søkje etter moglege svar andre plassar.

Ifølgje Brataas (2011: 115) så finst det undersøkingar som viser at sjølv om kvinner kan banne like mykje som menn, så ligg dei likevel langt etter når det kjem til bruken av ord som har med kjønnsorgan å gjere. Og viss vi skal følge Tobias Skretting (1998: 46-48) sin



tankegang, så kan kanskje dette kome av at gutane har eit meir avslappa forhold til kroppsfunksjonar og seksualitet enn kva jentene har. Men det kan òg vere slik at jentene rett og slett bruker ordet på ein heilt annan måte enn kva gutane gjer. Brataas (2011: 78-79) sine kvinnelege informantar var opne om at dei nytta *fitte* som banneord, sjølv om dei meinte det var det styggaste tabuordet, men dei nytta det ikkje som skjellsord. Ein av gutane frå intervjuet skal ha uttrykt at «Det er litt slemt mot seg selv da» viss ei jente seier *fitte*, og Brataas meinte nettopp dette – at jentene veit at ordet rammer dei sjølv – kunne vere opphavet til jentene sitt ambivalente forhold til ordet.

Då eg byrja å gå gjennom funna mine frå undersøkinga, var eg sjølv inne på ein liknande tanke. Eg lurte på om det kanskje berre var jentene som hadde oppfatta at det var kraftuttrykk eg var ute etter, medan gutane kanskje hadde tenkt at eg lurte på kva dei meinte om *fitte* brukt nøytralt. For i så fall hadde det vore logisk at det ikkje blei rangert så stygt hjå gutane. Men eg trur ikkje det ligg nokon feilkjelde her. Eg er ganske sikker på at begge gruppene har skjønt at undersøkinga handlar om banning, og at resultatata difor er truverdige. Som banneord og skjellsord er det berre gutane som meiner at *fitte* er greitt. Ordet er det grovaste av alle orda i undersøkinga, det meiner gutane òg, men dei ser ikkje ut til å bry seg. Etter kva eg kan lese ut av funna mine, er *fitta* ein verre plass enn helvete, og det er verre å vere ei *fitte* enn ein satan. Jo meir ein tenkjer på det, desto rarare blir det. Kanskje jentene bør sjå til det homofile miljøet, som til ei viss grad har klart å ta ordet *homo* tilbake. *Homo* er riktig nok framleis eit av dei mest nytta skjellsorda i norske skulegardar (Husebø-Evensen 2017), men det er samtidig lov å nytte det nøytralt om ein homofil person utan å bli skulda for grov ordbruk. Viss det er slik at jenter føler at dei blir ramma negativt når *fitta* blir brukt som skjellsord, trur eg oppfordringa må bli at dei må gå aktivt inn for å endre denne situasjonen: bruk ordet sjølv, heilt til det ikkje lenger er det styggaste, grovaste, eklaste, mest støytande ordet vi har, og ta *fitta* tilbake.

## 6.0 AVSLUTNING

Når eg nå er i ferd med å avslutte denne oppgåva, vil eg endeleg vende tilbake til det som var den overordna problemstillinga mi, og prøve å samanfatte funna mine for å svare på denne:

*Kvifor, kva tid og korleis bannar ungdomen på Jæren, og kvifor og kva tid bannar dei ikkje?*

Funna mine har vist at dei ungdomane som bannar, hovudsakeleg gjer det fordi dei føler banneord hjelper dei til å uttrykkje seg sterkare, betre og enklare, og for mange av dei er det rett og slett berre blitt ein vane. Den litle gruppa som ikkje ynskjer å nytte denne typen ord, lar stort sett vere fordi dei meiner at banning er stygt. Som regel er dette valet sterkt knytt til respekt for andre, spesielt barn og eldre.

Men uansett om ein er ein person som liker å banne, så finst det grenser for kva tid ein bør nytte denne typen ord. I ei gruppe av vener kan banninga fungere som eit sosialt lim, og er såleis for det meste sett på som noko positivt. Det er òg greitt å banne om ein er åleine, men her er funksjonen ein litt annan. Då er banninga som regel eit utløp for smerte eller sinne, til dømes viss ein slår seg eller taper i eit dataspel. Offentleg derimot, er ikkje banning alltid så bra, og ungdomane er jamt over svært opptekne av at ein skal ta omsyn til folk kring seg. Når foreldra er til stades er det òg eit anna element som verker inn på språket, nemleg det at desse har mandat til å kjefta, og banninga blir då ytterlegare redusert. Den plassen kor ungdomane bannar aller minst, er i nærleiken av besteforeldra. Det ser ut til å vere ei vanleg oppfatning blant dei unge at gamle folk ikkje likar banning, og i tillegg viser ungdomane stor grad av respekt for at dei eldre kan ha ei sterkare religiøs tru enn kva dei sjølv nødvendigvis har.

På tvers av dei funna eg har nemnt til nå, finst det òg andre element som verker inn på korleis og kva tid ungdomane frå Jæren bannar. Analysen min viste eigentleg at det kan vere forskjellar i grada av banning avhengig av kva jærkommune ein kjem frå, men diverre var eg nøydt til å avvise desse resultatane som ikkje-representative, då dei kommunane som hadde størst utslag var dei med færrest respondentar. Til dømes kan eg heilt tilfeldig ha treft på ein liten gjeng med kristne frå Hå, og eg kan ikkje seie på bakgrunn av det at alle frå Hå kommune mislikar banning. Kor ein kjem frå spelar nok inn på grada av banning, men det trengs andre undersøkingar for å finne det ut.

Det som *blei* tydeleg i denne undersøkinga, var at kjønn er ein kjempeviktig faktor for ungdomane si banning. Jentene er litt meir dømmande overfor enkelte av banneorda, og spesielt *fitte* er eit ord dei helst verken vil høyre eller bruke. Gutane har på si side eit meir avslappa forhold til dette ordet, og generelt verker dei å vere friare i ordbruken enn jentene.

Dei bryr seg mindre om kven som høyrer på, og dei bruker kraftigare ord. Likevel må det bli sagt at begge kjønn viser omsyn til andre menneske.

På tvers av kjønna kontrollerte eg òg forskjellar mellom ungdomsskuleelevar og elevar i vidaregåande, men her var det ikkje store utslag å finne i denne undersøkinga. Det eg likevel merka, var at normene kring kva som høver seg og ikkje når det kjem til språk verker meir internaliserte hjå dei eldre elevane. Begge gruppene bannar heilt klart, men elevane frå vidaregåande er hakket meir opptekne av at ein ikkje bør banne kring barn og eldre. Om dette er ein trend som fortsetter jo eldre ungdomane blir, slik at dei gir ytterlegare slipp på banninga etter kvart som dei veks opp, kan eg likevel ikkje svare på. Men det som uansett er gjennomgåande hjå jærungdomen, er at dei er medvetne om sitt eget språk. Dei forstår i høg grad at andre menneske ikkje alltid er komfortable med banninga deira, og dei fleste ser ut til å respektere dette.

Og nettopp i merknaden om «dei fleste» ligg det neste elementet, nemleg at det som er mest avgjerande for kvifor, kva tid og korleis jærungdomen bannar, må seiast å vere ungdomane sin eigen personlege identitet og veremåte. Dette har eg riktig nok ikkje undersøkt direkte, og ei slik undersøking er kanskje heller ikkje mogleg, men eg meiner ein kan lese mykje ut av korleis respondentane har svara på dei ulike spørsmåla. Ofte peiker innhaldet i det elevane skriv i retning av personlege trekk og meiningar, til dømes om dei er religiøse, kjem frå strenge familiar, om dei er omsynsfulle kring andre menneske eller om dei rett og slett «gir faen» og synest at banning og kjefting er morosamt. I samband med dette er òg registervariasjon viktig. Det at ein person bannar, treng ikkje bety at han eller ho vil gjere det i alle situasjonar. Dei fleste av ungdomane ser ut til å tilpasse språket sitt i høve til kor dei er og kven som høyrer på. Dei sonderer stemninga, og oppfører seg deretter, og det verker som om dei har fleire språklege identitetar som dei kan skru av eller på ettersom kor det høver seg.

Trass i alle desse formene for variasjon, finst det likevel nokre gjennomgåande tendensar som dei fleste av ungdomane på Jæren kan vere einige om. For det fyrste er *fitte* det absolutt sterkaste kraftuttrykket ein jærbu kan ty til, og myten om at dette skulle vere «*Kjære folk*» er definitivt avvist. Elles er òg dei klassiske religiøse banneorda *faen*, *satan* og *helvete* blant dei sterkaste, medan eufemismar og mildare former som *herregud* er sett på som svakare. Det betyr ikkje at den eine eller andre typen er meir brukt, men dei har heilt klart ulike bruksområde, der ord som *herregud* stort sett har eit breiare nedslagsfelt enn til dømes *fitte*.

## LITTERATUR

Akselberg, Gunnstein. 2008. «Talevariasjon, register og medvit». I: Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland & Helge Sandøy. *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistikk*, s. 127-147. Oslo: Cappelen akademisk forlag.

Amdahl, Pernille, Tonje Bergmo & Marit Hverven. 2010. «- Din pip, pip, pip!». *NRK.no*. Henta 3. mars 2017. <https://www.nrk.no/kultur/banneord-byttes-ut-med-pipelyder-1.7047006>.

Andersson, Lars-Gunnar & Peter Trudgill. 1992. *Bad Language*. London: Penguin Books.

Bell, Allan. 2014. *The Guidebook to Sociolinguistics*. Chichester: Wiley Blackwell.

Brataas, Gøril. 2011. «Jeg føler ikke at jeg egentlig er et sånt menneske som banner»: *En studie av ungdommers bruk av tabuutfordrende ord og uttrykk i et identitetsperspektiv*. Masteroppgåve i nordiskdidaktikk, Universitetet i Oslo.

Eriksen, Pål Kristian. 2016. «To jævla rare ord». *Språknerderiet*. Henta 3. mai 2017. <https://spraknerderiet.com/2016/10/17/to-jaevla-rare-ord/>.

Fjeld, Ruth Vatvedt. 2001. «Banning og andre kraftuttrykk». I: Elin Anita Frysjøenden (red.). *Språkvett: Skriveregler, grammatikk og språklige råd fra a til å*, s. 64-66. Oslo: Kunnskapsforlaget.

Fjeld, Ruth Vatvedt. 2002. «Om banning og sverting». *Maal og Minne* 2 (2002): 152-166.

Fjeld, Ruth Vatvedt. 2004. «Banning – makt eller avmakt?». *Språknytt* 3-4 (2004): 30-33.

Graven, Andreas R. 2009. «Auuu! Faen!». *Forskning.no*. Henta 3. mars 2017. <http://forskning.no/hjernen-psykologi/2009/07/auuu-faen>.

Halse, John Aasted. 2006. «Fuck dig!»: *om børns og unges sprog overfor hinanden og de voksne*. Århus: Dansk pædagogisk forum.

Hasund, Ingrid Kristine. 2005. *Fy farao! Om nestenbanning og andre kraftuttrykk*. Oslo: J.W. Cappelens Forlag.

Hasund, Ingrid Kristine. 2006. *Ungdomsspråk*. Bergen: Fagbokforlaget.

Hasund, Ingrid Kristine. 2016. «Banning». *Store norske leksikon*. Henta 20. februar 2017. <https://snl.no/banning>.

Husebø-Evensen, Marius. 2017. «– Har blitt kult å være en "jævla homo"». *TV2.no*. Henta 11. mai 2017. <http://www.tv2.no/a/8983300/>.

Jacobsen, Dag Ingvar. 2005. *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. 2. utg. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Jenstad, Tor Erik. 1987. «Norsk». I: Magnus Ljung. *Banning i norsk, svensk og 18 andre språk*, s. 40-44. Oslo: Universitetsforlaget.

Jenstad, Tor Erik. 1992. *Den store norske skjellsordboka*. Gimse: Marcus Forlag.

Johansen, Glenn Slydal. 2009. «2300 underskrifter mot banning». *NRK.no*. Henta 3. mars 2017. <https://www.nrk.no/informasjon/2300-underskrifter-mot-banning-1.6749673>.

Langhelle, Svein Ivar. 2013. «Haugiansk vekkelse mellom tradisjon og modernitet». *Kirke og Kultur* 2 (2013): 215-229.

Ljung, Magnus. 1987. *Banning i norsk, svensk og 18 andre språk*. Oslo: Universitetsforlaget.

Mæhlum, Brit. 2008. «Språk og identitet». I: Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland & Helge Sandøy. *Språkmøte: Innføring i sociolingvistikk*, s. 105-126. Oslo: Cappelen akademisk forlag.

Nilssen, Dyveke. 2009. «Banning hever smertegrensen». *Bergens Tidende*. Henta 3. mars 2017. <http://www.bt.no/nyheter/utenriks/Banning-hever-smertegrensen-191086b.html>.

Olstad, Lisa. 2003. «Griseprat i tusen år». *Forskning.no*. Henta 3. mars 2017.  
<http://forskning.no/sex-historie-sprak-seksualitet-sosialantropologi-sosiologi-stub/2008/02/griseprat-i-tusen-ar>.

Skretting, Tobias. 1998. *Jæren syng i merg og minne: mitt eige morsmål slik eg har høyr det og brukt det*. Bryne: Jærbladet.

Språkrådet. u.d. «Fukk!». *Språkrådet*. Henta 4. mai 2017.  
<http://www.sprakradet.no/svardatabase/sporsmal-og-svar/fukk/>.

The Smitemeister. 2008. «Because I can». *Urban Dictionary*. Henta 2. februar 2017.  
<http://www.urbandictionary.com/define.php?term=Because%20I%20can>.

Uri, Helene. 2011a. «Avføring». I: Jostein Sand Nilsen, Bente Ailin Svendsen, Helene Uri og Andreas Østby. *Fakta faen*, s. 8. Oslo: Cappelen Damm.

Uri, Helene. 2011b. «Faen». I: Jostein Sand Nilsen, Bente Ailin Svendsen, Helene Uri og Andreas Østby. *Fakta faen*, s. 26. Oslo: Cappelen Damm.

Uri, Helene. 2011c. «Fuck». I: Jostein Sand Nilsen, Bente Ailin Svendsen, Helene Uri og Andreas Østby. *Fakta faen*, s. 30. Oslo: Cappelen Damm.

Uri, Helene. 2011d. «Fy». I: Jostein Sand Nilsen, Bente Ailin Svendsen, Helene Uri og Andreas Østby. *Fakta faen*, s. 32. Oslo: Cappelen Damm.

Uri, Helene. 2011e. «Grævlig». I: Jostein Sand Nilsen, Bente Ailin Svendsen, Helene Uri og Andreas Østby. *Fakta faen*, s. 39-40. Oslo: Cappelen Damm.

Venås, Kjell. 1991. *Mål og miljø: Innføring i sosiolingvistikk eller språksosiologi*. Oslo: Novus forlag.

Vingerhagen, Randi. 2000. «Den skjulte banningen». *Stavanger Aftenblad*. Henta 27. april 2017. <http://www.aftenbladet.no/kultur/Den-skjulte-banningen-102432b.html>.

Østby, Andreas. 2011a. «Esperanto». I: Jostein Sand Nilsen, Bente Ailin Svendsen, Helene Uri og Andreas Østby. *Fakta faen*, s. 23. Oslo: Cappelen Damm.

Østby, Andreas. 2011b. «Fitte». I: Jostein Sand Nilsen, Bente Ailin Svendsen, Helene Uri og Andreas Østby. *Fakta faen*, s. 27. Oslo: Cappelen Damm.

Østby, Andreas. 2011c. «Tegnspråk». I: Jostein Sand Nilsen, Bente Ailin Svendsen, Helene Uri og Andreas Østby. *Fakta faen*, s. 72-73. Oslo: Cappelen Damm.

# VEDLEGG

## Vedlegg 1: Spørjeundersøkinga

Denne undersøkelsen handler om banning, tabuord og kraftuttrykk.

Vær så ærlig som mulig, da materialet skal brukes i en masteroppgave på universitetet.

Ingen svar er feil – det jeg er ute etter er din personlige mening.

Du skal ikke oppgi navnet ditt noe sted.

Deltakelsen er frivillig, og du kan når som helst velge å trekke deg.

Beregnet tidsbruk for å svare på undersøkelsen er 10 minutter.

### I hvilken kommune ligger skolen din?

- (1)  Stavanger
- (2)  Hå
- (3)  Time
- (4)  Klepp

### Hvilken kommune ser du på som "hjemme"? (Stedsidentitet)

- (1)  Stavanger
- (2)  Hå
- (3)  Time
- (4)  Klepp
- (5)  Annet: \_\_\_\_\_

### Klassetrinn?

- (1)  8. klasse
- (2)  9. klasse
- (3)  10. klasse
- (4)  VG1
- (5)  VG2
- (6)  VG3



## Kjønn?

- (1)  Kvinne  
(2)  Mann

### DEL 1:

Her skal du svare på alle spørsmålene.

**a) Kryss av for hvor stygge eller støtende du mener disse ordene er (1 er milde ord, 5 er veldig stygge eller støtende ord):**

	1(mildt)	2	3	4	5(stygt)
Djevelen	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Drit	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Dritt	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Faen	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Fanken	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Fasiken	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Fitte	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Fuck	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Fytti	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Grevla/grevlig	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Hekkan	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Helsike/helsiken	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Helvete	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Herregud	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Jaggu/neigu	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Jævlig	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>

	1(mildt)	2	3	4	5(stygt)
Jøss/jøsses	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Kjære folk!	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Piss	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Pokker	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Salan	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Satan	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Shit	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Søren	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>

**b) Kryss av for hvor stygge eller støtende du mener disse setningene er (1 er milde setninger, 5 er veldig stygge eller støtende setninger):**

	1(mildt)	2	3	4	5(stygt)
Det er faen så digg med ferie!	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Det var ei pokkers god kake.	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Du er det styggeste jeg har møtt.	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Fort deg litt, for helvete!	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Han er dritkjekk.	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Jeg er jævlig glad i deg.	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Jeg kan ikke fordra det kvalme trynet ditt!	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Kneet mitt er fucka, så jeg kan ikke løpe.	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Pizza er fittegodt!	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>

	<b>1(mildt)</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5(stygt)</b>
Shit, jeg stryker garantert på den drittprøven.	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>

**Eventuelle kommentarer til del 1 av undersøkelsen:**

---



---



---



---



---



---

**DEL 2:**

Her skal du svare på alle spørsmålene.

**a) Hvilke av disse ordene bruker du når du er helt alene (hvis du f.eks. slår tåa i bordkanten eller opplever annen frustrasjon)?**

	<b>Ofte</b>	<b>Av og til</b>	<b>Sjelden</b>	<b>Aldri</b>
Faen	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Fitte	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Fuck	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Helvete	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Jævlig	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Satan	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>

**b) Hvilke av disse ordene bruker du når du er sammen med nære venner?**

	Ofte	Av og til	Sjelden	Aldri
Faen	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Fitte	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Fuck	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Helvete	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Jævlig	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Satan	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>

**c) Hvilke av disse ordene bruker du når du er sammen med familien i hjemmet (foreldre/søsken)?**

	Ofte	Av og til	Sjelden	Aldri
Faen	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Fitte	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Fuck	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Helvete	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Jævlig	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Satan	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>

**d) Hvilke av disse ordene bruker du når du er sammen med andre voksne/eldre i familien (f.eks. besteforeldre eller tanter/onkler)?**

	Ofte	Av og til	Sjelden	Aldri
Faen	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Fitte	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Fuck	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Helvete	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>

	Ofte	Av og til	Sjelden	Aldri
Jævlig	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Satan	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>

e) Hvilke av disse ordene bruker du på offentlige steder, der du gjerne er omgitt av barn, eldre mennesker og andre fremmede (f.eks. på bussen eller i butikken)?

	Ofte	Av og til	Sjelden	Aldri
Faen	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Fitte	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Fuck	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Helvete	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Jævlig	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Satan	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>

Eventuelle kommentarer til del 2 av undersøkelsen:

---



---



---



---



---



---

### DEL 3:

I denne delen vil du falle inn under én av tre kategorier, avhengig av hva som passer best til din språkbruk.

Avgi svarene med egne ord. Du trenger ikke skrive så mye, stikkord er nok, men prøv å forklare så godt du kan.

**Hvilken av disse kategoriene mener du at beskriver din språkbruk best?**

- (1)  Jeg banner en god del uansett situasjon.
- (2)  Jeg banner når jeg er alene eller sammen med venner, men jeg begrenser språkbruken i visse situasjoner (på offentlige steder, sammen med eldre mennesker, barn osv.).
- (3)  Jeg banner sjelden eller aldri, selv om jeg er alene eller sammen med venner.

**Du har svart at du banner en god del uansett situasjon.**

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

a) Hvorfor banner du? \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

b) Har du opplevd å få "kjeft" for språkbruken din? I så fall, fra hvem? \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

**Du har svart at du begrenser språkbruken din i visse situasjoner.**

\_\_\_\_\_

a) Hvorfor begrenser du språkbruken din i visse situasjoner? \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

b) Blir du "flau" om du er  
sammen med venner som ikke  
begrenser seg i slike  
situasjoner?

---

---

---

---

---

---

---

c) Hvorfor banner du når du er  
alene eller sammen med  
venner?

---

---

---

---

---

**Du har svart at du banner sjelden eller aldri, uansett situasjon.**

a) Hvorfor banner du ikke?

---

---

---

---

---

---

---

b) Blir du irritert/reagerer du hvis  
du hører andre banne, eller  
tenker du ikke så mye over det?

---

---

---

---

---

**Takk for din deltakelse! :)**

## Vedlegg 2: Førespurnad om gjennomføring av spørjeundersøking (e-post)

Hei!

Jeg er lektorstudent med nordisk som hovedfag ved Universitetet i Stavanger, og etter planen skal jeg fullføre en mastergrad i lesevitenskap nå til våren. I denne forbindelse ber jeg om hjelp fra dere.

Prosjektet mitt handler om bruk av og holdninger til banning og kraftuttrykk blant ungdommer i Stavanger og på Sør-Jæren. Dette krever at jeg gjør mine egne undersøkelser, og jeg har innsett at den beste måten å komme i kontakt med målgruppa mi på er via skolene. Derfor går denne mailen ut til flere ungdomsskoler og videregående skoler i området, med spørsmål om dere kunne tenke dere å la meg gjennomføre en spørreundersøkelse i noen av deres klasser.

Undersøkelsen foregår elektronisk, og den tar ca. 10 minutter å gjennomføre. Spørsmålene besvares i hovedsak ved avkryssing, med unntak av et par spørsmål på slutten hvor deltakerne skal svare med egne ord (korte setninger eller stikkord). Elevene skal være anonyme, og prosjektet er meldt til Personvernombudet for forskning, NSD (Norsk senter for forskningsdata), slik at innsamlingen er godkjent etter personvernloven. Dersom det er ønskelig at foresatte skal godkjenne elevenes deltakelse på forhånd, har jeg også utarbeidet et infoskriv/samtykkeskjema for dette (mest relevant for elever under 15 år).

Det jeg spør etter i undersøkelsen er:

- Bakgrunnsdata (kommune, klassetrinn og kjønn)
- Rangering av ord og setningers «styggheit»
- Deltakernes bruk av banneord i ulike situasjoner (alene, med venner, rundt barn osv.)
- Hvorfor deltakerne banner/ikke banner (besvares med egne ord)

Oppgaven skal leveres i midten av mai, så jeg håper å kunne være ferdig med innsamlingen før jul.

Hvis dere har spørsmål, ønsker mer informasjon om prosjektet eller vil at jeg skal ta en tur innom skolen for et møte, er det bare å gi beskjed. Jeg kan nås på [anettebakken@gmail.com](mailto:anettebakken@gmail.com) eller telefon 91136377. Min veileder, Roger Lockertsen, kan nås på [roger.lockertsen@uis.no](mailto:roger.lockertsen@uis.no).

Håper på snarlig, positivt svar!

Vennlig hilsen Anette Bakken